

Interimsstyret for Høgskulen på Vestlandet

Møtedato: 24.11.2016

Sakshandsamar: Audun Kjørstad

Arkiv:

024/16 Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling til styremøte 03/2016

Vi syner til vedteken møteplan for interimsstyret ved Høgskulen på Vestlandet, og kallar med dette inn til styremøte.

Styremøtet finn stad **torsdag 24. november** i møterom **UND140**, like bak hovudinngangen i **Undervisingsbygget**, Campus Stord, Rommetveit. Møtet er satt opp frå **10.00 til 15.00**.

Dersom du ikkje har høve til å møte ber vi om at du gjev melding til styresekretariatet v/ Audun Kjørstad på telefon 55 58 76 82 eller e-post audun.kjorstad@hib.no.

Med helsing

Arvid Hallén
styreleiar

Tage Båtsvik
sekretær for interimsstyret

Saksliste til styremøte 03/2016

024/16	Godkjenning av innkalling og saksliste
025/16	Orienteringssaker
026/16	Tilsetting av rektor (u.off.)
027/16	Etablering av klagenemnd
028/16	Etablering av skikkavurderingsnemnd
029/16	Etablering av sentralt arbeidsmiljøutval
030/16	Mellombels organisering 2017
031/16	Mellombels leiging av grunnskulelærerutdanninga (GLU)
032/16	Innplassering av leiarar (munnleg)
033/16	Statusoppdatering: fusjonsprogrammet (munnleg)
034/16	Status for infrastruktur og areal, Høgskulen på Vestlandet
035/16	Revidert møteplan, våren 2017

Forslag til vedtak:

Styret godkjenner forslag til innkalling og saksliste.

Interimsstyret for Høgskulen på Vestlandet

Møtedato: 24.11.2016

Sakshandsamar: Audun Kjørstad

Arkiv:

025/16 Orienteringar

1. Protokoll frå styremøte 02/16
2. Seminar om utviklingsavtalar, Kunnskapsdepartementet
3. Sak om kjøp av aksjar i selskapet Better Player, HiSF
4. Budsjett 2018, innspel til Kunnskapsdepartementet
5. Referat frå ID-møte 22.11 (vert ettersendt)
6. Akademisk kalender 2017–2018

Forslag til vedtak:

Styret tek sakene til orientering.

Interimsstyret for Høgskulen på Vestlandet

Møtedato: 21.10.2016

Sakshandsamar: Audun Kjørstad

Arkiv:

Protokoll frå styremøte 02/2016

Møtetid: Fredag 21. oktober 2016, 10.15 til 15.30

Møtestad: Klasserom «Stad», Høgskulebygget, Campus Fosshaugane, Sogndal

Til stades: Arvid Hallén, Ingrid M. Albrigtsen, Aina Berg, Gunnar Birkeland, Sissel J. Brenna, Cecilie Fredheim, Kari Kjenndalen, Åse Neraas (observatør), Sondre Riisøen, Tom Skauge, Karin Stormo (observatør), Marit Ubbe, Trond Ueland, Gunnar Yttri, Christine Øye

Forfall: Ingen

Sekretær: Tage Båtsvik

Referent: Audun Kjørstad

Møtet vart leia av styreleiar Arvid Hallén. Tage Båtsvik var direktør med innstillande mynde, og difor styret sin sekretær. Innkallinga vart sendt ut torsdag 13.10.2016, og sakliste og møtedokument vart publisert på nett same dag. Ettersendingar vart sendt ut og publisert på nett torsdag 20.10.2016.

Sak 015/16 Godkjenning av innkalling og saksliste

Styreleiar ynskje velkomen, og gjorde greie for innkalling, saksliste og etterspurde saker til eventuelt. Det vart påpeika manglande forslag til vedtak i sak 019/16. Det vart påpeika at merknadar frå Skauge i førre styremøte var ivaretatt i sak 022/16, og at det i framtida bør kome tydeleg fram når merknadar frå styremedlemar vert adresserte i eit saksframlegg.

Sak 015/16	Godkjenning av innkalling og saksliste
Sak 016/16	Orienteringssaker
Sak 017/16	Visuell kommunikasjonsplattform for Høgskulen på Vestlandet
Sak 018/16	Engelsk namn på Høgskulen på Vestlandet
Sak 019/16	Hovudmålform for Høgskulen på Vestlandet
Sak 020/16	Studentombod ved Høgskulen på Vestlandet
Sak 021/16	Budsjett 2017 – statsbudsjett, førebelse rammer, føringar
Sak 022/16	Budsjett 2018 – innspel til Kunnskapsdepartementet
Sak 023/16	Statusoppdatering: fusjonsprogrammet

Forslag til vedtak:

Styret godkjenner forslag til innkalling og saksliste.

Samrøystes vedteke.

Sak 016/16 Orienteringar

Styreleiar innleia og styret sin sekretær presenterte sakene.

Sak 016/16-1	Protokoll frå styremøte 01/2016 <i>Ingen merknadar</i>
Sak 016/16-2	Notat om årsrapport 2016–2017 <i>Ingen merknadar</i>
Sak 016/16-3	Utviklingsavtalar, Kunnskapsdepartementet <i>Styret gav si støtte til forslaget, og bad administrasjonen diskutere saka med departementet</i>
Sak 016/16-4	Brev om samskipnadsfusjon, Kunnskapsdepartementet <i>Ueland bad styret vere merksame på at dette er ei viktig og mykje omtala sak for HiSF.</i>
Sak 016/16-5	Referat frå ID-møte 18.10.16 <i>Ingen merknadar</i>
Sak 016/16-6	Omstillingsavtalen <i>Ingen merknadar</i>

Forslag til vedtak:

Styret tek sakene til orientering.

Samrøystes vedteke.

Sak 017/16 Visuell kommunikasjonsplattform for Høgskulen på Vestlandet

Styret sin sekretær innleia og presenterte saka. Styret meinte det var gjort eit godt arbeid med plattformar. Styret peikte mellom anna på at fargevalet er viktig. Vi må ikkje ende opp med fargar som kan gjere det visuelle for likt tilsvarende uttrykk knytt til politiske parti eller andre institusjonar.

Forslag til vedtak:

Interimsstyret tek konseptet «Kontrast» som retning for visuell kommunikasjonsplattform for Høgskulen på Vestlandet, til orientering.

Samrøystes vedteke.

Sak 018/16 Engelsk namn på Høgskulen på Vestlandet

Styreleiar innleia og styret sin sekretær presenterte saka. Styret diskuterte saka. Merknadar på i kva grad namneforslaget dekkar den samla profilen til høgskulen. At andre høgskular har vedteke tilsvarende namn vart tillagt vekt.

Forslag til vedtak:

Interimsstyret går inn for at den engelske nemninga på Høgskulen på Vestlandet blir Western Norway University of Applied Sciences.

Samrøystes vedteke.

Sak 019/16 Hovudmålforma for Høgskulen på Vestlandet

Styreleiar innleia og styret sin sekretær presenterte saka. Styret var nøgd med at det er utarbeidd praktiske retningsliner for målbruk. Det vart peikt på at bruken av slike retningsliner må vere pragmatisk, og at høgskulen skal rette seg etter Språkrådet sine tilrådingar.

Forslag til vedtak:

Styret tek saka til orientering.

Samrøystes vedteke.

Sak 020/16 Studentombod ved Høgskulen på Vestlandet

Styreleiar innleia og styret sin sekretær presenterte saka. Styret diskuterte saka. Styret bad administrasjonen presisere kva som ligg i «juridisk kompetanse», vurdere skildre ynskjelege personlege eigenskapar, og tydeleggjere den grad av reiseverksemd som følgjer med stillinga.

Forslag til vedtak:

Styret godkjenner framlegget til utlysingstekst og mandat for stilling som studentombod ved Høgskulen på Vestlandet.

Endeleg vedtak:

Styret gjev fullmakt til vidare arbeid med framlegg til utlysingstekst og mandat i samsvar med dei endringar som kom fram i møtet.

Samrøystes vedteke.

Sak 021/16 Budsjett 2017 – statsbudsjett, førebelse rammer, føringar

Styreleiar innleia og styret sin sekretær presenterte saka. Styret diskuterte saka.

Forslag til vedtak:

- 1. Styret godkjenner hovudprinsipp for budsjettfordeling for budsjettåret 2017.*
- 2. Styret godkjenner foreløpige budsjettammer til dei fire budsjettområda i 2017 – dagens tre institusjonar og eit felles HVL-budsjett med dei føresetnadene som står i saksframlegget.*
- 3. Innstillingsrådet blir gitt fullmakt til å gjere kurante og tekniske endringar i foreløpig fordeling i det vidare budsjettarbeidet.*
- 4. Driftsstyra ved dagens institusjonar blir delegert å handsame budsjettet for eigen institusjon/innstille overfor interimsstyre. Budsjettet skal også ta omsyn til eksternfinansiert verksemd. Føresetnader er gjeve i saksframlegget.*
- 5. Interimsstyret vil vedta eit samla budsjett for 2017 i desember 2016.*

Samrøystes vedteke.

Sak 022/16 Budsjett 2018 – innspel til Kunnskapsdepartementet

Styreleiar innleia og styret sin sekretær presenterte saka. Styret diskuterte saka. Administrasjonen tek med seg innspela frå diskusjonen.

Protokollmerknad frå Skauge:

1. Universitetsambisjonen

HVL vil i åra framover trenge ein god balansert vekst i spiss - kunnskapsprofilering og ph.d. og i bredde – løfte alle fagmiljø med sikte på økt kompetanse for FOU-basert undervising og forskning.

2. Prosjekt for betre argumentasjon for HVL sin rolle på Vestlandet

HVL må jobbe vidare med en fag-politisk argumentasjon for økt statleg støtte til HVL. Vår høgskule har særleg god kompetanse til å bygge eit berekraftig Vestland.

Forslag til vedtak:

På bakgrunn av saksframlegget og drøftingane i styret godkjenner styreleiar brev til Kunnskapsdepartementet om innspel til budsjett 2018.

Samrøystes vedteke.

Styret tok lunsjpause frå 12.30 til 13.05.

Kjenndalen forlét møtet.

Sak 023/16 Statusoppdatering: fusjonsprogrammet

Knut Steinar Engelsen presenterte prosjekt fagleg profil. Bjørg Kristin Selvik og Wiggo Hustad presenterte prosjekt fagleg-administrativ organisering. Terje Bjelle presenterte prosjekt administrative tenester. Asle Holthe presenterte prosjekt lærarutdanning. Monica W. Nortvedt presenterte prosjekt digitalisering. Prosjektleiarane svara på spørsmål frå styret.

Forslag til vedtak:

Styret tek saksframstillinga til vitende med dei merknadar som kom fram i møtet.

Samrøystes vedteke.

Møtet vart heva ca. 15.30.



DET KONGELIGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Ifølge liste

Deres ref	Vår ref	Dato
	16/2267-	11.11.2016

Invitasjon til seminar om utviklingsavtaler 18. januar 2017

Vi viser til tidligere dialog om utviklingsavtaler og omtalen i Prop. 1 S (2016-2017).

Kunnskapsdepartementet inviterer fem nye institusjoner til å delta i prøveordningen med utviklingsavtaler: Nord universitet, Universitet i Tromsø – Norges arktiske universitet, Høgskulen på Vestlandet, Universitet i Bergen og Høgskolen i Innlandet.

Departementet vil anmode institusjonene om å levere et første utkast til utviklingsavtale innen 15. mars 2017.

Nedenfor følger hva som sto i tildelingsbrevene for 2016 til de fem første institusjonene i prøveordningen. "Departementet vil starte en prosess med utvikling av flerårige utviklingsavtaler mellom departementet og den enkelte institusjonen, jf. Prop. 1 S (2015-2016). Innholdet i avtalen skal i hovedsak utarbeides etter initiativ fra institusjonen, men departementet kan også ta initiativ til at enkelte forhold drøftes. Intensjonen er at avtalen skal inneholde mål departementet og institusjonen er enige om på prioriterte utviklingsområder. Departementet ønsker at utviklingsavtalene skal bidra til tydeligere profil på institusjonene og bedre arbeidsdeling i sektoren. Det vil i første omgang ikke bli knyttet midler til avtalene. Departementet har besluttet å starte prosessen i 2016 med Universitetet i Oslo, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Universitetet i Stavanger, Høgskolen i Sørøst-Norge og Høgskolen i Østfold, med sikte på at utviklingsavtalene for disse institusjonene kan inngå i tildelingsbrevene for 2017. Det tas sikte på å ha en tilsvarende prosess med resten av institusjonene i 2017/2018 etter en vurdering av prosessen i 2016. Departementet tar sikte på at avtalene skal ha en varighet på 3-4 år og at

vurderingen av resultatene vil skje gjennom måleparametre eller på annen måte, som institusjonen og departementet er blitt enige om som del av avtalen".

Departementet vil med dette invitere styreleder og rektor/direktør ved de utvalgte institusjonene til et seminar om utviklingsavtaler **18. januar 2017 kl. 08.30-12.30** i Kunnskapsdepartementets lokaler i Kirkegaten 18. Hver institusjon har også anledning til å ha med en saksbehandler.

På seminaret vil departementet orientere nærmere om formål, rammer og prosess, og gi rom for spørsmål fra og dialog med institusjonene. Statssekretær Bjørn Haugstad vil delta på seminaret. Rektor ved NTNU, Gunnar Bovim, vil fortelle om deres erfaringer med prosessen med utviklingsavtaler i 2016. Seminaret avsluttes med felles lunsj.

Vi oppfordrer institusjonene til å bringe inn spørsmål og dele temaer som kan være aktuelle som mål for deres institusjon. Vi ser frem til dialogen på seminaret og ber om snarlig tilbakemelding på deltakelse.

Vedlagt er foreløpig program. Påmelding kan sendes til christoffer.wiig@kd.dep.no .

Med hilsen

Toril Johansson (e.f.)
ekspedisjonssjef

Christoffer Wiig
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer.

Adresseliste

Høgskulen på Vestlandet	Postboks 7030	5020	BERGEN
Høgskolen i Innlandet			
Høgskolen i Hedmark	Postboks 400	2418	ELVERUM
Høgskolen i Lillehammer	Postboks 952	2604	LILLEHAMMER
Nord universitet	Postboks 1490	8049	BODØ
Tage Båtsvik			
Universitetet i Bergen			
Universitetet i Tromsø –			
Norges arktiske universitet			

**Tentativt program for halvdags seminar om utviklingsavtaler
for fem nye pilotinstitusjoner 18. januar 2017**

Møteleder Toril Johansson

0830 Frokost og mingling

0900 Møtestart

Statssekretær Bjørn Haugstad ønsker velkommen og forteller om sine forventninger til dialogen i 2017 med de fem nye pilotinstitusjonene:

- formålet og intensjonen med prøveordningen
- oppdraget til institusjonene

Mulighet for spørsmål og kommentarer

1000 Pause

1015 NTNU forteller om deres erfaringer med arbeidet med utviklingsavtaler i 2016 ved rektor Gunnar Bovim

1035 Spørsmål/kommentarer/tanker fra pilotinstitusjonene

1115 KD orienterer om planlagt prosess for 2017

1135 Oppsummering ved Bjørn Haugstad

1200 Lunsj

Sakshandsamar
Torhild Seim

Saksgang:

Saksnr.	Saksgang	Møtedato
65/16	Høgskulestyret	10.11.2016

KJØP AV AKSJAR I BETTER PLAYER AS

Framlegg til vedtak:

1. Styret godkjenner kjøp av 4.500 aksjar a NOK 1,- i selskapet Better Player AS slik det går fram av premissane i aksjonæravtalen. Styret stadfester gjennom dette at selskapet er av fagleg interesse for Høgskulen i Sogn og Fjordane.
2. Styret gjev rektor mynde til å kjøpe inntil 43.500 aksjar a NOK 3,2292 til ein samla verdi av NOK 140.470,- i ein retta emisjon i selskapet Better Player AS i tråd med premissane i aksjonæravtalen.
3. Styret vedtek forslaget til mellombelse retningslinjer for erverv og forvaltning av aksjar ved HiSF

Saksvedlegg:

Vedlegg nr. 1: Aksjonæravtalen for Better Player

Vedlegg nr. 2: Stiftelsesprotokollen for Better Player

Vedlegg nr. 3: Forslag til mellombelse retningslinjer for erverv og forvaltning av aksjar ved HiSF

Saksframstilling/Vurdering

Denne saka vert lagt fram for høgskulestyret for at styret skal ta stilling til om Høgskulen i Sogn og Fjordane skal kunne eige aksjar i aksjeselskap, og vidare korleis ein slik aksjepost skal forvaltast. Saka har bakgrunn i at fleire tilsette og ein masterstudent ved HiSF har vore medverkande i utviklinga av produktet «Better Player», og at HiSF slik stod som prosjektansvarleg institusjon for søknaden til masterstudenten Mikkel Frodahl til Noregs Forskingsråd (NFR) om midlar gjennom FORNY Student-programmet våren 2016. Søknaden fekk positivt tilslag på 1 million kroner sommaren 2016, og tilslaget inneberer at det skal skipast ein selskap som skal ta ha ansvaret for å inngå kontrakt med NFR, og der studenten skal vere majoritetseigar. Gjennom samtalar med dei andre partane som har vore ansvarlege for utviklinga av Better Player har ein kome fram til at HiSF sin medverknad i utviklinga kan gje opning for at HiSF er med på eigarsida under skiping av selskapet.

Det har vore svært ynksjeleg frå dei andre partane i selskapet med ei rask avklaring på HiSF sitt eigarskap i selskapet for å få selskapet etablert, og slik i stand til å oppfylle kontrakta med NFR. Rektor har difor

gjort dei nødvendige førebuingane for at selskapet skal kunne skipast med HiSF som ein av eigarane, og har signert stiftingsprotokollen og aksjonæravtalen for selskapet den 3. oktober 2016 under føresetnad av høgskulestyret si godkjenning. Av omsyn til å få aktivert kontrakta med NFR vil desse dokumenta bli sendt inn før styremøtet i HiSF den 10. november, men rektor har samrådd seg med styreleiar før dokumenta vart ekspederte. Det vil – dersom sakshandsaminga i styremøtet den 10. november konkluderer med at HiSF ikkje skal ha eigarskap i aksjeselskap – vere mogleg å trekke seg ut av selskapet utan vidare forpliktingar for HiSF.

Interimsstyret, ved sekretær (direktør med innstillingsmynde), for Høgskulen på Vestlandet er orientert om saka sidan den og har relevans for den nye høgskulen si samla verksemd. Både Høgskolen i Bergen og Høgskolen Stord/Hagesund har for tida eigarskap i aksjeselskap.

Bakgrunn

«Better Player, eit verktøy for analyse av blant anna ein idrettsutøvars yting under trening og konkurranse».

«Better player» spring ut av samspelet rundt fotballen på Fosshaugane Campus. Starten på dette skjedde i 2012 då Sogndal Fotball AS (org. nr. 936 941 001) og Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) etablerte forprosjektet «Individualisering av lagidrett». Dette skulle greia ut om samarbeidsformer, teknologiar og fagfelt ein ønskja å satsa i lag på å utvikla. I 2013 etablerte Sogndal Fotball AS og HiSF eit Strategisk program for Fosshaugane Campus. Dette er ei femårig satsing som handlar om prestasjonsutvikling i klubb, kunnskapsutvikling i høgskulen og næringsutvikling på Campus innan fotball. Som del av det strategiske programmet, designa HiSF KICK-studien som er namnet på fotballforskninga til HiSF. KICK står for «kunnskapsintegrasjon i ei klynge», og er eit forskings- og utviklingsprosjekt som handlar om samspelet mellom erfarings- og forskingsbaserte kunnskapar i fotball ved Fosshaugane Campus.

Utviklinga av «Better player» kan sjåast i lys av bakteppet ovanfor. Fordi ein hadde behov for ein kanal som skulle styrka kommunikasjonen mellom spelarar og trenarar, og etter kvart også mellom teknologar og forskarar, vart Rocketfarm AS (org. nr. 993 352 632) involvert i den felles kunnskapsutviklinga innan fotball på Campus. Denne involveringa var det dagleg leiar i Sogndal Fotball AS, Egil Mundal, som stod bak. Rocketfarm AS utvikla i løpet av 2015 ei programvareløysing/ein applikasjon som skulle bidra til å letta kommunikasjonen mellom spelarar og trenarar med fleire. I år har dette arbeidet skote ytterlegare fart og programvareløysinga fekk etter kvart namnet «Better player».

I vår gjorde også student Mikkel Frodahl ferdig masterarbeidet sitt på fysiske treningsdata knytt til Sogndal Fotball AS og som ein del av KICK-studien (med hovudrettleiar frå ALI). Her brukte han trackingsystemet ZXY og han vart gjennom dette arbeidet fortruleg med programvareløysinga «Better player». Saman med fagmiljøet på Campus såg han i vår moglegheita til å søkja NFR sitt program «Forny Student 2016» om midlar til å utvikla produktet «Better player» vidare og forsøka å kommersialisera produktet. Han/søkjargruppa fekk tilslag på søknaden og har fått 1 million kroner for å oppretta sitt eige selskap saman med Rocketfarm AS, Sogndal Fotball AS og HiSF som eigarar og arbeida vidare med dette produktet det neste året (sjå avsnitt 2.1, Better Player AS).

Det har også vore sendt fleire søknader på vegne av prosjektgruppa og HiSF fekk saman med Sogndal Fotball AS i 2015 0,5 millionar kroner av INU-midlane¹ for å utvikla programvareløysinga vidare.

I Sogndal Fotball AS har ein testa «Better Player» der ein har prøvd å få spelarane til å ta eigarskap til si eiga utvikling slik at dei kan ta dei rette vala gjennom trening og kamp. Ein håpar dette vil resultere i mindre skada spelarar og spelarar som presterer betre. Sogndal Fotball AS vil også vera testklubb i den vidare utviklinga av produktet «Better Player». Målet til «Better Player» er å få profesjonelle fotballag til å bruke dataprogrammet dagleg til å følgje opp spelarane sine. Og på lang sikt ønskjer ein at programmet

¹ Den interkommunale næringsretta utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Flora og Sogndal. <https://www.nho.no/Om-NHO/Regionforeninger/NHO-Sogn-og-Fjordane/INU-FSF/>

skal kunne brukast av individuelle idrettsutøvarar som kanskje ikkje har eit stort støtteapparat rundt seg, men som har lyst til å planlegge treningskvardagen sin betre.

Samarbeidet mellom HiSF, Sogndal Fotball AS, Rocketfarm AS og Mikkel Frodahl har heile vegen vore godt understøtta av Kunnskapsparken, Vestlandsforskning, Fotballkretsen, med fleire.

Selskapsetablering av Better Player AS

Aksjonæravtalen for Better Player stiftar selskapet som eit sjølvstendig aksjeselskap «Better Player AS» der eigarane er Rocketfarm AS, Sogndal Fotball AS, Høgskulen i Sogn og Fjordane, og Mikkel Frodahl. Aksjonæravtalen ligg som **vedlegg nr. 1** til saka. Også vedlagt er selskapet sin stiftelsesprotokoll (bilag til avtalen) som **vedlegg nr. 2**.

Dagleg leiar i Better Player AS er Mikkel Frodahl.

På stiftingstidspunktet er det totalt 30.000 aksjar i Better Player AS. Med pålydande a` NOK 1,- gir dette ein aksjekapital på NOK 30.000,-.

Aksjane er fordelt som følgjer:

Aksjonær	Antal aksjar	Teikningskurs NOK	Teikna beløp NOK
Mikkel Frodahl	16 000	1	16 000
Sogndal Fotball AS	4 750	1	4 750
Rocketfarm AS	4 750	1	4 750
Høgskulen i Sogn og Fjordane	4 500	1	4 500
Sum	30 000	1	30 000

Tabell 1


I følgje Aksjonæravtalen vil HISF få tilbod om å teikne 43.500 aksjar til ein teikningskurs på NOK 3,2292, totalt NOK 140.470,- når dei immaterielle rettane (dvs. rettane til forretningsideen og applikasjonen på etableringstidspunktet) vert overført til Better Player AS frå Sogndal Fotball AS og Rocketfarm AS.

Ny aksjekapital vil bli NOK 320.000,- og aksjane vert fordelt som følgjer:

Aksjonær	Antal aksjar
Mikkel Frodahl	16 000
Sogndal Fotball AS	128 000
Rocketfarm AS	128 000
Høgskulen i Sogn og Fjordane	48 000
Sum	320 000

Tabell 2

Eigardelane vert fordelt slik:



Tabell 3

Vi viser til Aksjonæravtalen for nærmare detaljar rundt den framtidige emisjonen.

Den retta emisjonen mot Sogndal Fotball AS og Rocketfarm AS og mot HiSF vil bli gjennomført på ei ekstraordinær generalforsamling i perioden 2016 – 2018.

I følgje Aksjonæravtalen skal styret bestå av minst 2 medlemmar og maksimalt 5 medlemmar. Aksjonærar med eigardel på 15 % eller meir har rett til å utnemne eitt styremedlem. HiSF har såleis rett til å utnemne eit styremedlem, og høgskulen sin styrerepresentant er foreslått som førsteamanuensis Vegard Fusche Moe ved institutt for Idrett. Vegard Fusche Moe har delteke i forprosjektet til «Individualisering av lagidrett», det strategiske programmet og er prosjektleiar for KICK-studien (jf. avsnitt 1).

Vurdering

Rektor vurderer det slik at eit eigarskap i Better Player AS vil vera i tråd med HiSF sin strategiplan for 2014-2018, og møte ambisjonen om at forskning saman med arbeids- og næringsliv i regionen vår skal bidra til endring og utvikling. Eit eigarskap vil og ha forankring i ambisjonane om at HiSF skal arbeide for å få næringsmessige ringverknader av fou-aktiviteten, bidra til innovasjon og verdiskaping i privat og offentleg sektor, og særleg bidra til å styrke innovasjonsarbeidet ved Fosshaugane Campus. Ein vonar slik at denne saka kan stimulere til fleire innovasjonar som følgje av fagleg aktivitet. Det vil samtidig vere styret sitt ansvar å sjå til at etablering nye selskap eller kjøp av aksjar er i tråd med høgskulen sin faglege interesse i kvart enkelt tilfelle.

Gjennom partnerskapet i «Strategisk Program Fosshaugane Campus» (jf. avsnitt 1) har HiSF bidrege i utviklinga der Better Player har blitt ein del av den totale satsinga i programmet. Med bakgrunn i dette har det vore naturleg at HiSF har fått høve til å bli med på eigarsida av selskapet Better Player AS. Det vil i framhald av dette utarbeidast ein eigen avtale mellom Better Player AS og høgskulen der HiSF vil ha rett til å bruke produktet «Better Player» i undervisning og fou-arbeid.

Reglement og retningslinjer

HiSF har fram til no ikkje hatt retningslinjer for erverv og forvaltning av aksjar. I samband med saka er det utarbeida eit forslag til mellombelse retningslinjer for erverv og forvaltning av aksjar for HiSF. Forslaget er basert på Høgskulen i Bergen sine retningslinjer for erverv og forvaltning av aksjar. Forslaget ligg som **vedlegg nr. 3** til saka. Det vert arbeida med felles retningslinjer for erverv og forvaltning av aksjar for Høgskulen på vestlandet (HVL) som skal vere på plass i løpet av 2017, men fram til dette vil dei mellombelse retningslinjene vera gjeldande. Dei mellombelse retningslinjene er dei same som HiB sine².

Retningslinjene for erverv og forvaltning av aksjar tek utgangspunkt i gitte krav i ulike reglement/retningslinjer frå KD og andre departement:

- F-07-13, *Reglement om statlige universiteter og høyskolars forpliktende samarbeid og erverv av aksjer*,
https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/rundskriv/2013/f_07_13_vedlegg_1_reglement_om_statlige_universiteter_og_hoeyskolars_forpliktende_samarbeid_og_erverv_av_aksjer.pdf
- *Veileder til reglement om statlige universiteter og høyskolars forpliktende samarbeid og erverv av aksjer*
https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/rundskriv/2013/f_07_13_vedlegg_2_veileder_til_reglement_om_statlige_universiteter_og_hoeyskolars_forpliktende_samarbeid_og_erverv_av_aksjer.pdf
- *Retningslinjer for forvaltning av statens eierinteresser i aksjeselskap (fastsatt av KD frå 1.1.2008)*,
https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/rundskriv/2013/f_07_13_vedlegg_3.pdf
- Reglement for økonomistyring i staten
https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/FIN/Vedlegg/okstyring/Reglement_for_ekonomistyring_i_staten.pdf
- Lov om aksjeselskap
- Årleg tildelingsbrev frå Kunnskapsdepartementet

Hovudføremålet med desse retningslinjene er å fastsetja delegering frå styret i HiSF i høve til dei krava som er stilt til forvaltning av staten sine eigarinteresser generelt.

I reglement og bestemmelsar for økonomistyring frå staten § 10 står det at ein skal fastsetja retningslinjer for det enkelte aksjeselskap når det gjeld styring, oppfølging og kontroll. Dette skal tilpassast staten sin eigardel, selskapet sin eigarart og risiko og vesentlegheit. Desse retningslinjene vil derfor vera utgangspunkt for tilpassa retningslinjer for det enkelte selskap vi har eigarinteresse i.

Det er HiSF sitt styre som har ansvar for oppretting av eigarskap i aksjeselskap, jf. F-07-13 (Veileder til reglement), punkt 4.4.

Vidare er HiSF sitt styre (fram til ny organisasjonsstruktur i HVL er klar) som er ansvarleg for at utøving av eigarskap skjer i tråd med departementet sine særskilte retningslinjer for forvaltning av statens eigarinteresser i aksjeselskap. Styre skal i tillegg fastsetje institusjonsspesifikke retningslinjer for korleis statens aksjar skal forvaltast. Styre er også ansvarleg for institusjonen sin rapportering på området, jf. pkt. 3.7 i retningslinjene. Høgskulestyre skal vidare fastsetje resultatmål for eigarskapet.

HiSF sitt eigarskap i aksjar og forvaltninga av dette krev særskilt fullmakt, jf. F-07-13 (Veileder til reglement), avsnitt 4. Dette vert gitt i årleg tildelingsbrev frå KD i vedlegget for fullmakter³ under føresetnad av at selskapet er av fagleg interesse for institusjonen. Rektor vurderer dette som å vere oppfylt i denne saka.

² det er gjort korrigeringar i retningslinjene for å tilpassa dei HiSF sin organisasjonsstruktur, samt avsnittet «reglement og retningslinjer» er tillagt eit kulepunkt, F-07-13 – *veileder til reglement om statlige universiteter og høyskolars forpliktende samarbeid og erverv av aksjer*

³ Regjeringen.no med lenke: <http://bit.ly/2dPQvhU>

Det er ikkje høve til å nytta tingsinnskot (eigedelar) for statlege verksemder. Kapitalinnskotet skal difor dekkjast av institusjonen sin verksemdskapital, jf. F-07-13 (Veileder til reglement), punkt 4.4.

Tilråding

Med bakgrunn i ovannemnte tilrår rektor at styret godkjenner kjøp av 4.500 aksjar a NOK 1,- *ved stiftinga* i selskapet Better Player AS slik det går fram av premissane i aksjonæravtalen. Styret stadfester gjennom dette at selskapet er av fagleg interesse for Høgskulen i Sogn og Fjordane. Vidare ber rektor om fullmakt til å kjøpe inntil 43.500 aksjar a NOK 3,2292 til ein samla verdi av NOK 140.470,- *i ein framtidig retta emisjon* i selskapet Better Player AS i tråd med premissane i aksjonæravtalen. Rektor vil særskilt vurdere om selskapet har potensiale for ei tilfredsstillande faglege og økonomiske utvikling i samband med eit slikt kjøp. Det totale kapitalinnskotet på NOK 144.970,- skal dekkjast av høgskulen sin verksemdskapital. Rektor ber vidare styret om å vedta mellombelse retningsliner for erverv og forvaltning av aksjar som vil ligge til grunn for forvaltninga av eigarskapet i selskapet fram til nye retningsliner for Høgskulen på Vestlandet er vedtekne.

-

AKSJONÆRAVTALE

BETTER PLAYER AS



AKSJONÆRAVTALE

Denne aksjonæravtalen ("Avtalen") mellom aksjonærene i **BETTER PLAYER AS**, under stiftelse, ("Selskapet") er inngått 3. oktober 2016 mellom:

- (1) **Rocketfarm AS, org. nr. 993 352 632, heretter benevnt som RF**
- (2) **Sogndal Fotball AS, org. nr. 936 941 001, heretter benevnt som SF**
- (3) **Høgskulen i Sogn og Fjordane, org.nr. 974 246 724, heretter benevnt som HISF**
- (4) **Mikkel Frodahl, f. nr. 090789 34732, heretter benevnt som MF**

Partene (1) - (4) er samlet benevnt som «Aksjonærene» eller «Partene» og en enkeltaksjonær som «Aksjonær» eller «Part».

1 BAKGRUNN

Partene har i 2015 og 2016 arbeidet med utvikling av programvareløsningen «Better Player». Better Player er et verktøy for analyse av blant annet en idrettsutøvers ytelse under trening og konkurranse. Innhenting av datagrunnlag er basert på datafangst fra tredjepartsløsninger.

Konseptet har mottatt tilsagn om støtte fra Norges Forskningsråd.

Denne Avtalen er utarbeidet i forbindelse med etableringen av Better Player som et selvstendig aksjeselskap, og signeres samtidig som Selskapets stiftelsesprotokoll.

Partene har som målsetting i fellesskap å realisere kommersielt den kompetanse og teknologi som er utviklet i prosjektfasen, og gjennom dette oppnå økonomisk avkastning. Partene er enige om aktivt og lojalt å arbeide for at Selskapet skal få best mulige forhold for å kunne utnytte forretningsideen på det norske og internasjonale markedet.

Avtalen fastsetter de nærmere regler for Partenes forpliktelser og rettigheter i forhold til Selskapet og i forhold til de øvrige enkeltaksjonærene og aksjonærfellesskapet, herunder Aksjonærenes forvaltning av sine eierinteresser i Selskapet og stemmegivning i Selskapets styre og generalforsamling.

HISF har gjennom partnerskapet i «Strategisk Program Fosshaugane Campus» bidratt i utviklingen der Better Player har blitt en del av den totale satsingen i programmet. Med denne bakgrunnen, og med forventet behov og bidrag i den videre forretningsutviklingen, er HISF medstifter av Selskapet. Det skal utarbeides en egen avtale mellom Selskapet og HISF hvor HISF får adgang til å bruke Better Player i undervisning og forskning.

SF skal være testklubb også i den videre utviklingen av produktet Better Player. Dette skal defineres nærmere i en egen avtale mellom Selskapet og SF.

2 FORMÅL

Selskapets formål er å utvikle og selge programvare for analyse av idrettsutøvers ytelse, samt selge tilhørende varer og tjenester og å delta i andre selskaper med beslektet virksomhet.

3 VEDTEKTER OG LOVGIVNING - AVTALENS FORRANG

Ved uoverensstemmelse mellom Avtalen og vedtektene eller Avtalen og fravikelige bestemmelser i Aksjeloven, går Avtalen foran. Avtalen har også forrang fremfor samtlige andre avtaler mellom en eller flere av Aksjonærene i alle forhold som angår Selskapet.

Aksjonærene plikter aktivt og lojalt å yte den medvirkning som er eller måtte bli nødvendig for gjennomføring av Avtalen. Herunder er Aksjonærene og Selskapets styre forpliktet til å møte og å stemme (evt. ved fullmakt til styrets leder) for enhver beslutning og enhver endring i Selskapets vedtekter som er nødvendig for en effektiv gjennomføring av denne Avtalens bestemmelser.

4 AKSJETEGNING I STIFTELSESPROTOKOLLEN OG RETTET EMISJON MOT SF OG RF

4.1 Aksjetegning i stiftelsesprotokollen

Selskaps aksjekapital skal ved stiftelsen tegnes av følgende tegnere (aksjonærer) direkte i stiftelsesprotokollen:

<u>Aksjonær:</u>	<u>Antall aksjer som tegnes ved stiftelse og tegningskurs</u>	<u>Tegnet beløp</u>
Mikkel Frodahl	16.000 aksjer pålydende NOK 1,- til tegningskurs NOK 1,-	NOK 16.000,-
Sogndal Fotball AS	4.750 aksjer pålydende NOK 1,- til tegningskurs NOK 1,-	NOK 4.750,-
Rocketfarm AS	4.750 aksjer pålydende NOK 1,- til tegningskurs NOK 1,-	NOK 4.750,-
Høgskulen i Sogn og Fjordane	4.500 aksjer pålydende NOK 1,- til tegningskurs NOK 1,-	NOK 4.500,-
Sum:	30.000 aksjer pålydende NOK 1,- til tegningskurs NOK 1,-	NOK 30.000,-

Eierfordelingen vil være slik på Selskapets stiftelsestidspunkt:

<u>Aksjonær:</u>	<u>Antall aksjer</u>	<u>Eierandel</u>
Mikkel Frodahl	16.000 aksjer	53,33 %
Sogndal Fotball AS	4.750 aksjer	15,83 %
Rocketfarm AS	4.750 aksjer	15,83 %
Høgskulen i Sogn og Fjordane	4.500 aksjer	15,00 %
Sum:	30.000 aksjer	100 %

4.2 Rettet emisjon mot SF, RF og HISF

Rettighetene til forretningsideen og applikasjonen på etableringstidspunktet eies, og er regnskapsført som immateriell eiendel i regnskapene til SF og RF. Partene er enige om at rettighetene i sin helhet skal overdras til Selskapet. Rettighetene vil overføres ved at SF og RF mottar aksjer i Selskapet som oppgjør for overførte rettigheter (immaterielle eiendeler) i henhold til Aksjelovens § 10-2. Partene er enige om å kalle inn til ekstraordinær generalforsamling for å gjennomføre rettet kapitalforhøyelse mot SF og RF i løpet av perioden fra 2016 - 2018. Kapitalforhøyelsen skal gjennomføres før det rettes emisjoner mot nye eksterne aksjonærer med mindre Partene blir enige om noe annet.

Pr. 31.08.2016 er rettighetene som skal overføres til Selskapet regnskapsført til en verdi på NOK 796.000,- fordelt med NOK 398.000,- på SF og NOK 398.000,- på RF. Partene er enige om at disse verdiene skal legges til grunn for verdsettelsen av de immaterielle verdiene som overføres som vederlag for nye aksjer i Selskapet, og det skal i den forbindelse utarbeides en redegjørelse til den ekstraordinære generalforsamlingen i.h.t. Aksjelovens § 2-6 vedr. verdien på de immaterielle eiendelene. Partene er videre enige om at tegningskursen for aksjene i den rettede kapitalforhøyelsen fastsettes til NOK 3,2292, med mindre Partene blir enige om noe annet.

Kapitalforhøyelsen gjennomføres ved tegning i protokollen fra den ekstraordinære generalforsamlingen:

<u>Aksjonær:</u>	<u>Ant. aksjer som tegnes ved tingsinnskudd og tegningskurs</u>	<u>Tegnet beløp</u>
Sogndal Fotball AS	123.250 aksjer pålydende NOK 1,- til tegningskurs NOK 3,2292	NOK 398.000,-
Rocketfarm AS	123.250 aksjer pålydende NOK 1,- til tegningskurs NOK 3,2292	NOK 398.000,-
Sum:	246.500 aksjer pålydende NOK 1,- til tegningskurs NOK 3,2292	NOK 796.000,-

Under forutsetning av at det gjennomføres kapitalforhøyelse ved tingsinnskudd av immaterielle rettigheter som nevnt over, er Partene forpliktet til å tilby HISF at det gjennomføres en rettet kapitalforhøyelse mot HISF ved kontantinnskudd som medfører at HISF opprettholder eierandelen på 15%. Kapitalforhøyelsen mot HISF skal gjennomføres ved tegning direkte i protokollen i samme ekstraordinære generalforsamling som nevnt over og tegningskursen skal være den samme som legges til grunn for tingsinnskuddet. HISF skal da tilbys å tegne 43.500 aksjer til tegningskurs NOK 3,2292, totalt NOK 140.471,-.

Forutsatt at HISF benytter retten til å opprettholde eierandelen vil eierfordelingen i Selskapet være slik etter at de immaterielle rettighetene er overført:

<u>Aksjonær:</u>	<u>Antall aksjer</u>	<u>Eierandel</u>
Mikkel Frodahl	16.000 aksjer	5,00 %
Sogndal Fotball AS	128.000 aksjer	40,00 %
Rocketfarm AS	128.000 aksjer	40,00 %
Høgskulen i Sogn og Fjordane	48.000 aksjer	15,00 %
<u>Sum:</u>	<u>320.000 aksjer</u>	<u>100 %</u>

Dersom rettet emisjon med tingsinnskudd som omtalt i dette punkt 4.2 ikke lar seg gjennomføre er Partene forpliktet til å gjennomføre en rettet kontantemisjon mot SF, RF og HISF med det samme antall aksjer til tegningskurs NOK 1,-, slik at eierfordelingen i tabellen over blir realisert, eller alternativt gjennomføre de beskrevne kapitalforhøyelsene som planlagt med lavere verdifastsettelse på de immaterielle verdiene og med tilsvarende lavere tegningskurs for alle Parter (fortsatt slik at eierfordelingen i tabellen over blir realisert).

HISF er forpliktet til å stemme for kapitalforhøyelse mot SF og RF i henhold til dette punkt 4.2 uavhengig om HISF velger å tegne eller ikke tegne aksjer for å opprettholde egen eierandel.

5 FREMTIDIGE AKSJEUTSTEDELSER

Partene har rett til å delta i alle fremtidige aksjeutstedelser, utstedelser av tegningsrettigheter utover tegningsretter nevnt i punkt 4 over, utstedelser av konvertible instrumenter, utstedelse av egne aksjer og andre instrumenter som gir rett til aksjer i Selskapet.

Partene er innforstått med at det kan bli behov for ytterligere egenkapital for å videreutvikle Selskapet. Dersom en eller flere av Partene ikke ønsker å følge opp sine eierandeler i fremtidige emisjoner, forplikter de seg til å stemme for frafall av fortrinnsretten i Selskapets besluttsende organer, til fordel for andre eksisterende eller nye eksterne aksjonærer.

6 STYRET

6.1 Styrets sammensetning

Styret skal bestå av minst 2 medlemmer og maksimalt 5 medlemmer. Partene forutsetter at styret settes sammen av medlemmer med kompletterende kompetanse og engasjement for å sikre at Selskapet kan realisere Partenes kommersielle målsetninger med selskapsetableringen.

SF, RF og HISF har hver rett til å utnevne ett styremedlem under forutsetning av eierandelen i Selskapet er 15 % eller høyere.

6.2 Styrets beslutninger

Styret er vedtaksført når mer enn halvparten av medlemmene er til stede eller deltar i styrebehandlingen, dog slik at styret ikke kan fatte vedtak i følgende saker uten at styremedlemmene utpekt av SF og RF er til stede og gir sin tilslutning:

- (i) Forslag om eller bruk av styrefullmakt til kapitalutvidelser og utstedelse av tegningsretter eller opsjoner, eller andre egenkapitalinstrumenter, herunder opptak av konvertible lån.
- (ii) Salg, pantsettelse eller andre disposisjoner over vesentlige driftsmidler.
- (iii) Salg eller andre avtaler vedrørende Selskapets immaterielle rettigheter.
- (iv) Forslag om fusjon/fisjon, oppløsning og likvidering av Selskapet.
- (v) Forslag om endring av Selskapets vedtekter.

Dersom noen av de ovennevnte forhold etter aksjeloven krever beslutning av generalforsamlingen, er det en betingelse at styremedlemmene fra SF og RF i styresammenheng stemmer for en innkalling til slik generalforsamling og at SF og RF videre stemmer for selve beslutningen i den relevante generalforsamling.

7 LOCK-UP OG SALGSPLIKT FOR NØKKELPERSON

For MF som daglig leder og nøkkelperson gjelder følgende bestemmelser for aksjeinnehavet:

- MF kan ikke selge aksjene i Selskapet før tidligst 24 måneder etter stiftelsen, med mindre SF og RF skriftlig gir sin aksept til salget.
- Dersom MF etter eget ønske fratrer som ansatt i Selskapet innen 24 måneder etter stiftelsen er MF forpliktet til å selge aksjene i Selskapet tilbake til Selskapet for pålydende verdi NOK 1,- pr. aksje, med mindre SF og RF skriftlig gir sin aksept til andre løsninger. Dersom Selskapet ikke ønsker å kjøpe aksjene tilbake er MF forpliktet til å tilby aksjene til samme kurs til Selskapets øvrige aksjonærer.

8 MEDSALGSRETT

8.1 Generelt

Dersom en Aksjonær ("Selgende Aksjonær") avhender aksjer i Selskapet, har de øvrige Aksjonærer rett til å delta i aksjesalget ("Medsalgsrett") i samme forhold som de har aksjer i Selskapet. Deltakelsen skal skje på de vilkår og betingelser som den Selgende Aksjonær har avtalt.

8.2 Forhåndsavklaring av om Medsalgsrett vil bli benyttet

Dersom en Selgende Aksjonær vil gjennomføre avhendelse som utløser Medsalgsrett, kan den Selgende Aksjonæren på forhånd avklare med de øvrige Aksjonærene om de vil benytte sin Medsalgsrett. Den Selgende Aksjonæren må i så fall meddele sitt ønske om å avhende aksjer, og i varselet navngi den eller de potensielle erververe, angi antallet aksjer som ønskes avhendet, innenfor hvilket prisintervall vederlaget for aksjene vil ligge, og eventuelle andre betingelser og vilkår som vil gjelde i forhold til den eller de potensielle erververe.

De øvrige Aksjonærene skal innen to uker etter å ha mottatt meddelelse etter første ledd sende meddelelse til den Selgende Aksjonæren der det med bindende virkning opplyses om Medsalgsretten blir benyttet. Denne meddelelsen kan inneholde betingelser knyttet til innholdet av den salgsavtalen den Selgende Aksjonæren inngår, for eksempel at et visst vederlag oppnås eller hvem erververen blir. Dersom Medsalgsretten benyttes, skal den Selgende Aksjonæren gjennomføres salget i samråd med de som har utøvet Medsalgsrett, og slik at de som har utøvet Medsalgsrett, får selge samme forholdsmessige andel av sine aksjer som den Selgende Aksjonæren selger av sine.

Dersom den Selgende Aksjonæren inngår bindende avtale om avhendelse innen to måneder etter datoen for meddelelsen etter første ledd, og avtalen blir inngått med noen som var navngitt i meddelelsen, og avhendelsen skjer til en pris og på øvrige betingelser og vilkår som ikke er mer gunstige for den Selgende Aksjonæren enn det som fremgår av meddelelsen, har de Aksjonærene som ikke benyttet sin Medsalgsrett ved meddelelse i henhold til forrige ledd, ikke Medsalgsrett.

8.3 Varsel om salg som utløser Medsalgsrett

Den Selgende Aksjonæren skal, når det er inngått avtale eller gitt løfte om overføring av aksjer, straks gi varsel om dette til de øvrige Aksjonærene. Varselet skal angi erververen, antallet aksjer som avhendes, vederlaget, det avtalte forfallstidspunktet, og betingelser og vilkår for øvrig. Dersom vederlaget som skal ytes for aksjene er i annet enn penger, skal varselet også inneholde all informasjon overdrager har, som er relevant for verdsettelse av vederlaget.

8.4 Utøvelse av Medsalgsrett

Medsalgsretten utøves med meddelelse til den Selgende Aksjonæren innen to uker etter at den berettigede mottok varsel etter pkt. 8.3. Ved utøvelse av Medsalgsrett frafaller vedkommende Aksjonær sin forkjøpsrett til de aksjer som avhendes av Selgende Aksjonær i henhold til det aktuelle salgsvarsel, og til de aksjer som selges av annen Aksjonær som også har utøvet Medsalgsrett.

8.5 Gjennomføring av salget

Dersom den Selgende Aksjonæren har inngått salgsavtale når meddelelse om utøvelse av Medsalgsrett mottas, skal den Selgende Aksjonæren forespørre kjøperen om vedkommende er villig til å øke sitt erverv av aksjer i volum slik at ervervet i tillegg omfatter de aksjene som Medsalgsrett gjøres gjeldende for. Ønsker kjøperen ikke å øke sitt erverv, skal den Selgende Aksjonæren enten kjøpe aksjer fra de som utøver Medsalgsrett slik at disse får redusert sin beholdning av aksjer i Selskapet med samme

forholdsmessige andel som den Selgende Aksjonæren, eller, dersom dette aksepteres av kjøperen, redusere sitt salg av aksjer forholdsmessig slik at de som utøver Medsalgsrett får selge til kjøperen, redusere sitt salg av aksjer forholdsmessig slik at de som utøver Medsalgsrett får selge til kjøperen de samme forholdsmessige andeler av sine aksjer som den Selgende Aksjonæren.

9 FORKJØPSRETT

Følgende bestemmelser gjelder for Aksjonærenes forkjøpsrett ved omsetning av aksjer i Selskapet:

- Ved overdragelse av aksjer har de øvrige aksjeeiere forkjøpsrett. Forkjøpsretten utløses av enhver form for eierskifte, når ikke annet er bestemt ved lov. Retten kan gjøres gjeldende overfor enhver erverver, unntatt
 - erverver som er den tidligere eiers personlig nærstående eller slektning i rett oppstigende eller nedstigende linje
 - erverver som mottar aksjer som følge av at en personlig eier (enkeltperson) overfører sine aksjer til et aksjeselskap hvor enkeltpersonen eier 100% av aksjene
 - erverver som mottar aksjer som følge av at en Part oppløses og avvikles i henhold til Aksjelovens § 16
- Forkjøpsrett kan ikke utøves for et mindre antall aksjer enn det antall retten kan gjøres gjeldende for. Ved sammenhengende avhending av flere aksjeposter fra samme eier eller flere eiere må retten gjøres gjeldende i forhold til antall aksjer under ett.
- Når selskapet mottar melding om at aksjer er avhendet eller ønskes avhendet, skal det straks varsle de øvrige aksjeeierne.
- Alle aksjeeiere har samme prioritet i forhold til retten til å overta aksjen eller aksjene. Når forkjøpsretten utøves av flere aksjeeiere i selskapet, fordeles aksjene i forhold til det antall aksjer i selskapet disse aksjeeierne har fra før. Aksjer som ikke kan fordeles likelig etter reglene i første og annet ledd, skal fordeles mellom rettighetshaverne ved loddtrekning.
- Forkjøpsretten gjøres gjeldende ved melding til selskapet. Meldingen må være kommet frem til selskapet senest to måneder etter at selskapet fikk melding om eierskiftet. Forkjøpsretten gjelder på ellers like vilkår. Dersom det er gitt meddelelse om at det foreligger gave eller gavesalg, eller det bestrides at den oppgitte kjøpesum er reell, skal innløsningssummen fastsettes etter aksjens virkelige verdi på det tidspunktet kravet er fremsatt. Oppnås ikke enighet om innløsningssummen innen den samme frist som er fastsatt for å gjøre forkjøpsretten gjeldende, avgjøres dette ved skjønn. Dersom Partene ikke blir enige om valg av skjønnsmann, velger Partene hver sin skjønnsmann som igjen velger en tredje skjønnsmann. Utgifter til skjønnsfastsettelse deles av Partene.
- Løsningssummen skal betales innen en måned etter at kravet om forkjøpsrett ble fremsatt eller i tilfelle innen to uker etter at tvist om innløsningssummen er bindende avgjort.
- SF har uavhengig av denne bestemmelsen rett til å selge eller utdele aksjene i Selskapet til aksjonæren(e) i SF. RF har uavhengig av denne bestemmelsen rett til å selge eller utdele aksjene i Selskapet til aksjonærene i RF.

10 MEDSALGSPLIKT

Dersom SF og RF sammen, eller Aksjonærer som representerer mer enn 2/3 av Selskapets totale aksjekapital, mottar og aksepterer et markedsmessig prisert tilbud på sine aksjer, kan vedkommende aksepterende Aksjonærer («Selgende Aksjonærer») kreve at samtlige Aksjonærers aksjer i Selskapet selges på samme vilkår og betingelser.

Dersom Selgende Aksjonærer ønsker å utøve sin rett i henhold til denne bestemmelse, skal Selgende Aksjonærer sende skriftlig varsel om dette ("Salgsvarsel") til Selskapet og de øvrige Aksjonærer. Salgsvarselet skal angi identiteten på kjøperen, om tilbudet gjelder aksjer eller eiendeler, det vederlag som tilbys og andre vesentlige betingelser og vilkår i tilbudet. I en slik situasjon kommer Avtalens bestemmelser om Forkjøpsrett (pkt. 9) og Styresamtykke ved salg av aksjer (pkt. 11) ikke til anvendelse.

Når de øvrige Aksjonærene mottar Salgsvarselet skal de innen 7 dager:

- (i) Selge sine aksjer til Kjøperen på de samme betingelser som de som gjelder for de Selgende Aksjonærer.

- (ii) Aktivt og lojalt yte enhver nødvendig medvirkning til gjennomføring av salget, herunder stemme for transaksjonen i Selskapets styre og generalforsamling dersom dette er påkrevd for gjennomføringen.

Dersom salget som er omhandlet i Salgsvarselet ikke er gjennomført innen 180 dager etter at dette ble sendt Aksjonærene, skal Aksjonærene ikke lenger være forpliktet i henhold til dette Salgsvarselet.

11 STYRESAMTYKKE VED OMSETNING AV AKSJER

Følgende bestemmelser gjelder for styresamtykke ved omsetning av aksjer i Selskapet:

- Aksjene i Selskapet kan overdras. Enhver overdragelse av aksjer krever forhåndssamtykke fra Selskapets styre. Styret kan ikke nekte overdragelse uten saklig grunn. Som saklig grunn skal alltid regnes tilfeller der bestemmelser om overføring av aksjer ifølge aksjonæravtale og vedtekter ikke er fulgt, eller der ny aksjonær ikke har tiltrådt eller inngått aksjonæravtale som han plikter å tiltre eller inngå i henhold til aksjonæravtale inngått av overdragende aksjonær.
- Samtykke kan ikke nektes ved eierskifter hvor
 - erverver er den tidligere eiers personlig nærstående eller slektning i rett oppstigende eller nedstigende linje
 - erverver mottar aksjer som følge av at en personlig eier (enkeltperson) overfører sine aksjer til et aksjeselskap hvor enkeltpersonen eier 100% av aksjene
 - erverver mottar aksjer som følge av at en Part oppløses og avvikles i henhold til Aksjelovens § 16

Ved slike eierskifter vil Erververen være bundet til aksjonæravtalens bestemmelser og være forpliktet til å tiltre denne.

- Styrets medlemmer er forpliktet til å nekte overføring av aksjer dersom tiltredelseserklæring ikke foreligger i signert stand.
- Overdrageren er forpliktet til å få Kjøperens signatur på tiltredelseserklæringen før aksjer overdras.
- Dersom det har funnet sted overdragelse av aksjer uten at det foreligger forhåndssamtykke fra Selskapets styre, er Overdrageren forpliktet til umiddelbart å kjøpe disse aksjene tilbake fra den eller de som har kjøpt aksjene.

12 TAUSHETSPLIKT

Partene har taushetsplikt om alle forhold som gjelder Selskapets og dets virksomhet, samt innholdet i Avtalen, med unntak av forhold som er offentlig kjent eller tilgjengelig, eller som åpenbart ikke er av konfidensiell natur.

13 MISLIGHOLD AV AVTALEN

Dersom en Aksjonær vesentlig misligholder sine forpliktelser i henhold til denne Avtalen, kan en eller flere av de øvrige Aksjonærer kreve å få overdratt den misligholdende Aksjonærens aksjer mot et vederlag tilsvarende 1/3 av Aksjenes markedsverdi.

En Aksjonær som misligholder Avtalen slik at andre av Aksjonærer eller Selskapet blir påført et økonomisk tap, er erstatningsansvarlig for det tap som den eller de øvrige Aksjonærene eller Selskapet blir påført.

For øvrig kommer de til enhver tid gjeldende lovfestede og ulovfestede regler om mislighold og misligholdssanksjoner til anvendelse.

14 KONKURRANSEFORBUD

Så lenge Partene direkte eller indirekte er aksjeeier i Selskapet har Partene ikke adgang til å drive, delta i eller bistå virksomhet som konkurrerer med den virksomhet Selskapet til enhver tid driver.

15 IMMATERIELLE RETTIGHETER

Aksjonærene og styret i Selskapet skal bidra til utvikling og beskyttelse av Selskapets teknologi, kompetanse og immaterielle rettigheter. Samtlige ansatte i Selskapet til enhver tid skal ha inngått ansettelseskontrakter som sikrer at alle eksisterende og fremtidige immaterielle rettigheter knyttet til Selskapets virksomhetsområde skal tilhøre Selskapet.

16 AVTALER OG TRANSAKSJONER MED NÆRSTÅENDE

Alle avtaler og transaksjoner mellom aksjonærene og Selskapet, mellom ansatte i Aksjonærene og Selskapet og mellom styremedlemmer og Selskapet skal være på forretningsmessige vilkår og i samsvar med bestemmelsene i aksjeloven og andre relevante lovbestemmelser. Tilsvarende gjelder for nærstående til aksjonærene, ansatte og styremedlemmene.

17 AVTALENS VIRKNING FOR NYE AKSJEIERE

Enhver overdragelse av Aksjer forutsetter at erververen skriftlig aksepterer å tre inn i de rettigheter og plikter som fremkommer i denne Avtalen. Slik skriftlig aksept skal gis på eget skjema.

Ved emisjoner mot personer eller selskaper som ikke er Part i denne Avtalen er det forutsetning for tildeling og utstedelse av aksjer at denne Avtalen tiltres.

18 ENDRING OG TERMINERING AV AVTALEN

Endring av Avtalen skal skje skriftlig og er betinget av at 80,0 % av aksjekapitalen i Selskapet slutter seg til endringen, samt at SF og RF gir tilslutning. Tilsvarende gjelder ved enkeltstående fravikelser og ved utarbeidelse av addendum til Avtalen.

19 VARIGHET

Denne avtale trer i kraft når den er undertegnet av Selskapets stiftere, og skal være i kraft til det tidligste av følgende tidspunkt (i) salg av samtlige Aksjer til én kjøper eller en gruppe kjøpere er gjennomført, eller (ii) det bestemmes av Selskapets aksjonærer i henhold til punkt 17.

20 LOVVALG OG TVISTER

Avtalen er undergitt norsk lov. Dersom tvister tilknyttet Avtalen ikke kan løses ved forhandlinger, skal tvisten bringes inn for Sogn tingrett.

21 BILAG

Bilag 1: Selskapets stiftelsesprotokoll.

* * *

Avtalen er utstedt i 4 eksemplarer, ett til hver av Partene.

* * *

Sogndal, 3. oktober 2016



Sogndal Fotball AS



Rocketfarm AS



Mikkel Frodahl



Høgskulen i Sogn og Fjordane

Mellombelse retningslinjer for erverv og forvaltning av aksjar ved Høgskulen i Sogn og Fjordane

Innleiing

Retningslinjene byggjer på F-07-13 «Reglement om statlige universiteter og høyskolars forpliktende samarbeid og erverv av aksjer».

Reglement og retningslinjer

Høgskulen i Sogn og Fjordane sine lokale retningslinjer for erverv og forvaltning av aksjar er basert på følgjande reglement og retningslinjer:

- F-07-13, *Reglement om statlige universiteter og høyskolars forpliktende samarbeid og erverv av aksjer*
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/rundskriv-f-07-13-reglement-om-statlige-id734714/> og
- *Veileder til reglement om statlige universiteter og høyskolars forpliktende samarbeid og erverv av aksjer*
https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/rundskriv/2013/f_07_13_veilegg_2_veileder_til_reglement_om_statlige_universiteter_og_hoeyskolars_forpliktende_samarbeid_og_erverv_av_aksjer.pdf
- *Retningslinjer for forvaltning av statens eierinteresser i aksjeselskaper (fastsatt av Kunnskapsdepartementet fra 01.01.2008)*
https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/rundskriv/2013/f_07_13_veilegg_3.pdf
- Lov om aksjeselskap
- Reglement for økonomistyring i staten
- Årleg tildelingsbrev frå Kunnskapsdepartementet (KD)

Verkeområde

Retningslinjene regulerer

- organisering av bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet som randsoneverksemd
- annan randsoneverksemd, erverv og forvaltning av aksjar

Styret sitt ansvar

Styret har ansvar for

- oppretting av selskap eller kjøp av aksjar skal vedtakast av styret sjølv
- at forvaltninga av aksjar skjer i tråd med gjeldande regelverk, jf. Bl.a. retningslinjer for Kunnskapsdepartementet og underliggjande verksemda si forvaltning av statens eigarinteresser i aksjeselskap 1. Januar 2008, universitets- og høgskulelova og hovudinstruksen punkt 7.3.

1. Organisering av bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet som randsoneaktivitet

Ved organisering av bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet som randsoneaktivitet, skal følgjande leggjast til grunn, uavhengig av om institusjonen sjølv har aksjar i den sjølvstendige verksemda eller ikkje:

- a) Institusjonen sitt styre, eller annan instans etter delegasjon frå styret, skal fatte vedtak om organisering av oppdrags- og bidragsfinansiert aktivitet ved sjølvstendige verksemdar. Dersom organisering medfører oppretting eller eigarskap i aksjeselskap, skal styret sjølv fatte vedtak. Som del av avgjerdsgrunnlaget skal det føreligge faglege vurderingar som skildrar føremålet med den eksterne organiseringa. Avgjerdsgrunnlaget skal skildre på kva måte slik organisering oppfyller dei faglege kriteria i regelverket.
- b) Fleire institusjonar kan inngå samarbeid om aktivitet i eitt eller fleire aksjeselskap.
- c) Verksemda skal vera i tråd med dei etiske standardar som gjeld for institusjonar innan høgare utdanning.
- d) Institusjonen sine tilsette kan delta i styret til samarbeidande verksemd. Eventuell styredeltaking skal gå fram av avtalen. Institusjonen sin øvste leiar kan ikkje inneha slikt verv, med mindre det er eit selskap som fullt ut vert eigd av staten, jf. forvaltningslova § 6 første ledd punkt e. Rektor er institusjonens øvste daglege leiar den faglege og administrative verksemda.

2. Annan randsoneaktivitet

Andre selskap som institusjonen har aksjar i, skal ha eit føremål som er av særleg fagleg interesse. Dersom institusjonen ønskjer å opprette eller delta i selskap som har til føremålet å eige eigedom eller infrastruktur, og på denne måten vurderast å ha særleg fagleg interesse, må institusjonen søkje departementet om dette. Det legg til grunn at institusjonen sine forpliktingar ovanfor eit slikt selskap kan dekkast innanfor institusjonen sine økonomiske ressursar. Finansielle plasseringar i eigedom, aksjeselskap eller annan verksemd med det føremålet å sikre institusjonen si økonomisk fortjeneste, blir ikkje rekna som fagleg interesse.

3. Erverv og forvaltning av aksjar

3.1 Erverv av aksjar

Institusjonen sitt eigarskap i aksjar legg til grunn at Kunnskapsdepartementet gjennom særskilt fullmakt gjev den enkelte institusjon mynde til å organisere verksemd som eigne rettssubjekt, og skaffe seg eigarposisjon i andre selskap. Det er styret sjølv som skal fatte vedtak om eventuell oppretting eller eigarskap i aksjeselskap, jf. innleiinga punkt B.

3.2 Utøving av eigarskap

Institusjonen sitt styre er ansvarleg for at utøving av eigarskap skjer i samsvar med departementet sine særskilte retningslinjer for forvaltning av statens eigarinteresser i aksjeselskap. Styre skal i tillegg fastsette institusjonsspesifikke retningslinjer for korleis statens aksjar skal forvaltast. Styre er også ansvarleg for institusjonen sin rapportering på området, jf. pkt. 3.7 under. Institusjonen sitt styre skal fastsetje resultatmål for sitt eigarskap. Resultat internt ved institusjonen, som følgjer av eigarskapet, bør vurderast regelmessig som del av institusjonen sin mål- og resultatstyring.

3.3 Organisasjonsformer

Når institusjonen organiserer aktivitet i eigne rettssubjekt, skal institusjonane bruke aksjeselskap som organisasjonsform, jf. lov 13. juni 1997 nr. 44 om aksjeselskap.

3.4 Kapitalinnskott

Kapitalinnskott skal som regel dekkjast av institusjonen sin verksemdskapital. Institusjonen kan unntaksvis søkje departementet om tilskott for å dekke kapitalinnskottet. Det er ikkje høve til å nytte tingsinnskott.

Eventuelle eigarposisjonar skal gå fram av institusjonens verksemdsrekneskap.

3.5 Ivaretaking av statens eigarskap

Ein institusjon som i fellesskap med andre statsinstitusjonar opprettar eit selskap, eller kjøper aksjar i selskap der staten eig aksjar, skal sørge for at det er inngått ein avtale om kva statsinstitusjon som skal ivareta statens eigarskap. Institusjonen skal sende melding om dette til departementet seinast innan 14 dagar frå ervervet.

3.6 Sal av aksjar

Sal av aksjar skal skje etter forretningsmessige prinsipp. Sal av aksjar som inngår i Statens kapitalrekneskap, og som er finansiert med særskilt tilskott, må avklarast med departementet. Resultatet av aksjesal, der aksjar er finansiert over institusjonen sin verksemdskapital, vil inngå i institusjonen sin verksemdskapital.

3.7 Rapportering

Institusjonen sitt styre skal kvart år utarbeide ein oppdatert oversikt over aksjeselskap som vert eigd heilt eller delvis av staten, og der institusjonen har fått fullmakt til å forvalte aksjar på vegne av staten. Av oversikten skal det gå fram selskapet sin aksjekapital, staten sin eigardel i selskapet og ei kortfatta oversikt over selskapet sitt føremål og verksemd. Oversikten skal også danna grunnlag for departementet si vidare rapportering til Stortinget, statsrekneskapen og Riksrevisjonen. Slike opplysningar skal sendast departementet og selskapsdatabasen hjå Database for statistikk om høgare utdanning innan den frist og i tråd med dei retningslinjer departementet fastset. Departementet skal utan opphald orienterast om viktige aktiviteter i selskapa, og som har betydning for å sikra ein effektiv kontroll med at statens interesser forvaltast på ein forsvarleg måte. Departementet skal på eit så tidlig tidspunkt som mogeleg orienterast om tidspunkt for utøving av generalforsamling. Institusjonen skal utan opphald etter utøving av generalforsamling sende følgjande dokument frå det enkelte selskap til departementet:

- Årsrekneskap
- Årsrapport
- Protokoll frå generalforsamling
- Revisors rapport

For selskap der fleire statsinstitusjonar har aksjar, skal rapportering til vedkommande fagdepartement gjerast av den institusjon som er satt til å ivareta statens eigarskap, jf. punkt 3.5.

Stiftelsesdokument for BETTER PLAYER AS

Den 3. oktober 2016 ble stiftelsesmøte for Better Player AS avholdt i Sogndal.

1. Stiftere

Til stede som stiftere var:

Rocketfarm AS, org.nr. 993 352 632, Trolladalen 30, 6856 Sogndal ved Aslak Os

Sogndal Fotball AS, org.nr. 936 941 001, Sognahallen, 6856 Sogndal ved Yngve Hallén

Høgskulen i Sogn og Fjordane, org.nr. 974 246 724, Røyrgata 6, 6856 Sogndal ved Rasmus Stokke

Mikkel Frodahl, f.nr. 090789 34732, Røvhauveggen 17, 6856 Sogndal

2. Selskapets vedtekter

§ 1 Selskapets navn er Better Player AS

§ 2 Selskapet skal ha sitt forretningskontor i Sogndal kommune.

§ 3 Selskapets formål er å utvikle og selge programvare for analyse av idrettsutøveres ytelse, samt selge tilhørende varer og tjenester og delta i andre selskaper med beslektet virksomhet.

§ 4 Selskapets aksjekapital er NOK 30.000 fordelt på 30.000 aksjer hver pålydende NOK 1.

§ 5 Selskapets styre skal bestå av 2 til 5 medlemmer. Styreleder og ett styremedlem har i fellesskap selskapets signatur.

§ 6 For øvrig henvises til den til enhver tid gjeldende aksjelovgivning.

3. Aksjetegning

Selskapets aksjekapital er NOK 30.000 fordelt på 30.000 aksjer.

Aksjenes pålydende er NOK 1 og tegnes til kurs NOK 1 for hver aksje, til sammen NOK 30.000.

Av kapitalinnskuddet benyttes NOK 5.570 til å dekke stipulerte stiftelsesomkostninger.

Aksjetegningen skjer ved stifternes undertegning av stiftelsesdokumentet.

Stifterne tegnet seg således for følgende aksjer i anledning stiftelsen:

Sogndal Fotball AS, org. nr. 936 941 001, Sognahallen, 6856 Sogndal:

4.750 aksjer à NOK 1, til sammen NOK 4.750

Rocketfarm AS, org. nr. 993 352 632, Trolladalen 30, 6856 Sogndal:

4.750 aksjer à NOK 1, til sammen NOK 4.750

Høgskulen i Sogn og Fjordane, org.nr. 974 246 724, Røyrgata 6, 6856 Sogndal:

4.500 aksjer à NOK 1, til sammen NOK 4.500


Mikkel Frodahl, f. nr. 09078934732, Røvhauveggen 17, 6856 Sogndal:

16.000 aksjer à NOK 1, til sammen NOK 16.000

Aksjeinnskuddene skal gjøres opp innen 20 dager fra signering av stiftelsesdokumentet ved betaling til selskapets bankkonto. Kapitalinnskuddet kan benyttes før stiftelsen av selskapet er registrert i Foretaksregistret.

4. Kostnader ved stiftelsen

Omkostningene ved selskapets stiftelse dekkes av kapitalinnskuddet med til sammen inntil NOK 5.570 hvorav inntil NOK 5.570 utgjør registreringsgebyr til Foretaksregisteret, 8910 Brønnøysund.



5. Selskapets forhold før registrering

Selskapet kan etter stiftelsen, men før registrering i Foretaksregisteret, påta seg forpliktelser, erverve rettigheter og inngå avtaler, herunder dekke egne stiftelseskostnader jfr. asl. § 2-5 og § 2-20.

6. Styret og daglig leder

Selskapets styre skal være:

- Egil Mundal - Styreleder
- Aslak Os - Styremedlem
- Vegard Fushce Moe

Daglig leder skal være Mikkel Frodahl.

7. Revisor

Selskapets revisor skal være

Deloitte AS, Fossetunet 3, 6856 Sogndal org nr 980211282

7. Regnskapsfører


Selskapets regnskapsfører skal være Ellingsen & Alpen AS, Kanalveien 66, 5068 Bergen, org. nr. 995306174.

8. Signaturrett


Selskapets signatur tildeles selskapets styreleder og ett styremedlem i fellesskap.

Selskapet ble stiftet og aksjene tegnet ved stifternes underskrifter på dette dokument.

Sogndal, 3. oktober 2016




Sogndal Fotball AS
ved Yngve Hallén



Rocketfarm AS
ved Aslak Os



Mikkel Frodahl




Høgskulen i Sogn og Fjordane
ved Rasmus Stokke

**VEDTEKTER
FOR
BETTER PLAYER AS**

(Vedtatt ved stiftelsen den 3. oktober 2016)

- § 1 Selskapets navn er Better Player AS
- § 2 Selskapet skal ha sitt forretningskontor i Sogndal kommune.
- § 3 Selskapets formål er å utvikle og selge programvare for analyse av idrettsutøveres ytelse, samt selge tilhørende varer og tjenester og delta i andre selskaper med beslektet virksomhet.
- § 4 Selskapets aksjekapital er NOK 30.000 fordelt på 30.000 aksjer hver pålydende NOK 1.
- § 5 Selskapets styre skal bestå av 2 til 5 medlemmer. Styreleder og ett styremedlem har i fellesskap selskapets signatur.
- § 6 For øvrig henvises til den til enhver tid gjeldende aksjelovgivning.



AKSJEIEERBOK FOR BETTER PLAYER AS

SELSKAPETS AKSJEKAPITAL

Selskapets aksjekapital er NOK 30 000,00 fordelt på 30 000 aksjer pålydende NOK 1,00.

AKSJEFORDELING


Aksjefordelingen i Better Player AS er:

Aksjeeier	Personnr./org.nr	Adresse	Aksjenr.	Antall aksjer	Ervervstidspunkt
Sogndal Fotball AS	936 941 001	Sognahallen, 6856 Sogndal	1 - 4 750	4 750	3. oktober 2016
Rocketfarm AS	993 352 632	Trolladalen 30, 6856 Sogndal	4 751 - 9 500	4 750	3. oktober 2016
Høgskulen i Sogn og Fjordane	974 246 724	Røyigata 6, 6856 Sogndal	9 001 – 14.000	4 500	3. oktober 2016
Mikkel Frodahl	090789 34732	Røvhaugetvegen 17, 6856 Sogndal	14 001-30 000	16 000	3. oktober 2016
Sum aksjer:			30 000	30 000	

PANTSETTELSE OG ANDRE REGISTRERTE HEFTELSER: Det er ikke registrert opplysninger om aksjer som er pantsatt.

ANNET: Det er ikke registrert andre opplysninger om aksjene.

Sogndal, 3. oktober 2016


Egil Mundal, styreleder

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Vestlandet, 1.11.16

Budsjett 2018 – innspel til Kunnskapsdepartementet

Viser til tildelingsbrevet for 2016 med frist for innsending av forslag til tildelinga utover ordinær budsjetttramme i 2018. Dei tre institusjonane som skal fusjonere til Høgskulen på Vestlandet 1.1.17 sender eit felles innspel som byggjer på handsaming i interimstyret 24.oktober 2016.

Den kongelege resolusjonen legg til grunn at Høgskulen på Vestlandet vil ha ein klar ambisjon om å bli universitet med ein profesjons- og arbeidslivsretta profil. Fusjonsprogrammet slår fast at målet er å søkje om universitetsstatus innan 2023 og det blir no utarbeida ein plan for realisering av universitetsambisjonen i den nye høgskolen. Vi kan allereie no slå fast at saman med ein tydeleg fagleg profil og satsingar på dei rette PhD-utdanningane, er eit tilstrekkeleg antall rekrutteringsstillingar heilt avgjerande for at HVL skal kunne søkje universitetsstatus i 2023. Dette ser vi at HVL vil oppnå på to måtar:

- 1) Tildeling av øymerka midlar til rekrutteringsstillingar frå KD
- 2) Skape eit handlingsrom gjennom tildelingane frå KD og ekstern finansiering, samt god ressursutnytting

1 Tildeling av øymerka midlar til rekrutteringsstillingar frå KD

Dei viktigaste tiltaka mot universitetsambisjonen er auka tal på rekrutteringsstillingar både i form av stipendiatstillingar for å bygge og vidareutvikle PhD-programma og i form av postdoktorstillingar. Inntil styret har handsama strategi for HVL blir det antyda at vi treng om lag 120 stipendiatstillingar for å kunne bygge tilstrekkeleg kompetanse til å søke universitetsstatus (jamfør nivå på stipendiatstillingar ved større høgskolar og nye universitet).

På bakgrunn av dette målet søkjer HVL om 20 rekrutteringsstillingar i 2018 og framover.

Forslag i mill kr (viser auke frå føregåande år)

Tiltak	2018	2019	2020
20 rekrutteringsstillingar pr år	12	24	24

2 Skape eit handlingsrom gjennom tildelingane frå KD og ekstern finansiering, samt god ressursutnytting

Både tildelingane frå KD i åra som kjem, samt HVL si evne til å generere eksterne inntekter frå regionale, nasjonale og internasjonale finansieringskjelder, vil vera avgjerande for å skape det handlingsrommet vi treng for å bygge vidare på sterke fagmiljø og (vidare)utvikle PhD-program som gir grunnlag for å søkje universitetsstatus. På dette området vil HVLs strategi tydeleggjere institusjonens prioriteringar og tiltak for å auke resultatbaserte inntekter frå KD og ekstern finansiering. Av tiltak utanfor ramma vil vi trekkje fram følgjande område som sentrale for å gjera det mogleg å skape handlingsrom til dei naudsynte prioiteringane:

- Bygg
- Finansiering av utdanning gjennom tildeling av studieplassar og endra finansieringskategori på studie med mangelfull finansiering
- Fusjonskostnader og utvikling av organisasjonen

2.1 Bygg

Den nye Høgskulen på Vestlandet har dei siste åra hatt stor aktivitetsauke, og det er derfor stort arealbehov i form av både nybygg og også rehabilitering/renovering ved fleire av kampusane. Den beste måten KD som eigar kan bidra til at den nyfusjonerte høgskulen når sine ambisjonar er gjennom tildelingar i statsbudsjettet til nybygg/husleigeauke/utstyr og rehabilitering/renovering. Alternativet er at HVL må nytte handlingsrommet til investeringar i bygg, som kurantprosjekt. Ved kurantprosjekt må institusjonen sjølv dekke både auka husleigekostnader og utstyr. Når vi no har fleire prosjekt som kan koma innunder definisjonen for kurantprosjekt vil det i sum bli kostbart for HVL å finansiere alt som kurantprosjekt.

Som del av fusjonsprosessen får styret framlagt saker i 2016 og 2017 om samla eige areal, arealbehov og moglege løysingar.

Det er arealbehov og utbyggingsprosessar ved fleire kampusar. Desse er kome ulikt langt i plan- og beslutningsprosessar. Dei største prosjekta vil vi koma attende til med nødvendig dokumentasjon, men melder dei no.

Det største bygget er knytt til Bergen og Kronstad. Aktivitetsauken dei siste åra har vore så stor at hovudbygget var for lite då det stod ferdig. Ved å bygge eit tilleggsbygg vil ein kunne samle meir av aktiviteten rundt hovudbygget. I Haugesund har aktivitetsauken frå bygget der stod klart på slutten av 90-talet også vore så stor at det er behov for nye areal. Ein utgreiar her Maritimt senter i samarbeid med regionen. Kampus Førde har fortsatt behov for større undervisningslokale og fleire kontor. Ein er i gang med å vurdere alternativ for vidare utbygging sidan dispensasjonen for å nytte Lettbygget går ut 1. september 2017.

I Sogndal blir no Gymnasbygget renoverert og ombygd. Her søker vi om utstyrsmidlar. Me søker også om renoveringsmidlar til Fossbygget i Sogndal. Vi vil på nytt ta opp behovet for tilskot for å dekke ekstra kostnad knytt til rehabilitering av den verna Gymsalen på Stord.

Dette gir ei slik samla oversikt :

Tiltak	2018	2019	2020
Bergen, Kronstad – byggetrinn 2 (anslag 590-730 mill kr) - Utstyr - Netto husleigeauke			64 mill kr 20 mill kr*
Haugesund, Maritimt senter (anslag 350 mill kr) - Utstyr - Husleigeauke			16 mill kr 25 mill kr
Førde – nytt undervisnings- og kontorbygg - Utstyr - Husleigeauke		1 mill kr 3 mill kr	
Sogndal – Gymnasbygg - Utstyr	15 mill kr		
Sogndal – Fossbygg - renovering	20 mill kr		
Rehabilitering gymsal Stord	10 mill kr		
Sum	45 mill kr	4 mill kr	125 mill kr

*basert på ei byggekalkyle på 600 mill kr og trekt frå husleige i Mållendalsveien

2.2 Studieplassar

Med bakgrunn i regionen sitt behov for kompetanse, rolle i omstilling på Vestlandet og vidare utvikling av studietilboda søker HVL om nye studieplassar til følgjande tilbod (sjå vedlegg for ei nærare omtale av studia):

- 30 studieplasser masterutdanningar i helse- og sosialfag (dagens HiB). Generelt låg del helsefagutdanna med master og doktorgrad i Norge tilseier auka fokus på studieplassar til desse utdanningane. Studietilboda er etablert.
- 10 studieplassar årsstudie i 'Tolking i offentleg sektor' (dagens HiB). Det er underkapasitet på tolkar i heile Vestlandsregionen, det er kun HiOA som har utdanningstilbod i dag, det vil ikkje dekkje det nasjonale behovet.
- 10 studieplassar masterutdanning Climate Change Management (dagens HiSF). KD har tildelt 10 studieplassar til masterutdanninga. Studenttalet gir grunnlag for 20 studieplassar.
- 10 studieplassar bachelor sjukepleie (dagens HiSF). Sjukepleierutdanninga i Førde og praksisfeltet har kapasitet til ei auke på 10 studieplassar pr kull. Forslaget er basert på den sterke auken i søkjartala.
- 25 studieplassar bachelor ingeniør, bygg og anlegg (dagens HiSF). Studiet er etablert og finansiert av eksterne midlar. Vidareføring er avhengig av studieplassfinansiering.
- Strategiske studieplassar knytta til omstillingsbov i Vestlandsregionen, der innhald/innretning må drøftast med arbeids- og næringsliv og NAV.

Forslag i mill kr (viser auke frå føregåande år)

Tiltak	2018	2019	2020
30 studieplassar Masterutdanningar i helse- og sosialfag	1,3	2,6	1,3
10 studieplassar 'Talking i offentleg sektor'	0,43	0,9	0,43
10 studieplassar Masterutdanning Climate Change Management	0,43	0,9	0,43
10 studieplassar Bachelor sjukepleie Førde	0,35	0,7	0,7
25 studieplassar Bachelor ingeniør, bygg og anlegg	0,9	1,8	1,8
Strategiske studieplassar knytta til omstilling i regionen, f.eks 30 studieplassar	1,4	2,8	2,8
Sum	4,8	9,6	7,4

2.3 Finansieringskategori

HVL vil trekke fram to utdanningsområde som ein opplever at har manglande finansiering, med dagens finansieringskategori:

- Bachelor i nautikk er eit kostnadskrevjande studie som fram til 2020 er med i eit utviklingsprosjekt – Maritim kompetanse (Markom) – som er finansiert av KD. For å sikre at inntektene står i høve til kostnadene ved denne utdanninga, bør finansieringskategorien endrast frå E til B for dette studiet.
- Bachelor i sosialt arbeid/sosionomutdanning er per i dag i finansieringskategori F, medan bachelor i barnevern og bachelor i vernepleie er i finansieringskategori E. Alle desse sosialfaglege utdanningane har relativt lik kostnadsstruktur og det er derfor ikkje grunnlag for at sosionomutdanninga får lågare finansiering. Vi søker om endringa frå finansieringskategori F til E.

Forslag i mill kr (viser auke frå føregåande år)

Tiltak	2018	2019	2020
Finansieringskategori bachelor nautikk frå E til B for 40 studieplassar	2,1	4,2	4,2
Finansieringskategori sosialt arbeid/sosionom frå F til E for 334 studieplassar	2,0	4,0	4,0
Sum	4,1	8,2	8,2

2.4 Fusjonskostnader og utvikling av organisasjonen

Allereie no ser HVL at det er store kostnader knytta til fusjon, til konkret gjennomføring av fusjonen og til implementering og utvikling. Det er derfor heilt avgjerande å bli tildelt SAKS-midlar for å kunne gjennomføre ein vellukka fusjon reint teknisk/administrativt både i 2017 og 2018. Det er grunn til å peike på at den praksis KD har følgd i høve til tildeling av SAKS-midlar ikkje dekkjer dei samla kostnadene.

Den faktiske gjennomføringa er krevjande ressursmessig, både i form av kjøp av eksterne tenester og ekstra ressursbruk internt. Kravet frå KD om effektivisering/avbyråkratisering som ligg til grunn for statsbudsjettet blir derfor å sjå på som eit reint kutt i ramma, for HVL er dette om lag 10 mill kr i 2017. Dersom desse kutta også blir planlagt for 2018, ber HVL om at ein kan nytte desse midlane som bidrag til å bygge ei effektiv høgskule som oppnår synergieffektar på tross av geografiske avstandar.

Tiltak knytta til digitalisering vil vera heilt avgjerande for å hente ut både administrative og faglege synergieffektar, og til å effektivisere prosessar. Utvikling, infrastruktur, vedlikehald og støttefunksjonar er kostnadskrevjande. HVL ber Kunnskapsdepartementet også vurdere denne delen av våre fusjonskostnader når det blir gjort vurderingar om ekstra tilskot.

Høgskulen på Vestlandet ber Kunnskapsdepartementet vurdere desse innspela samla, og spesielt sett i lys av at vi er ein nyfusjonert institusjon med krevjande og spanande utfordringar framover.

Venleg helsing

Arvid Hallén

Styreleiar interimsstyret
Høgskulen på Vestlandet

Brevet er underskreve elektronisk

VEDLEGG

Bakgrunn for søknad om nye studieplassar

10 studieplassar til masterprogram i Climate Change Management

Institutt for naturfag ved dagens HiSF utdannar årleg 50-60 kandidatar med bachelorgrad i fornybar energi, geologi og geofare, og landskapsplanlegging med landskapsarkitektur. Det har i fleire år vorte arbeidd med sikte på å få til eit tverrfagleg mastergradstilbod for desse kandidatane, og det har vore ei målsetjing å tilby dette som eit engelskspråkleg program som også kan styrkja høgskulen sin internasjonale profil.

I 2014-15 vart planane for masterprogrammet Climate Change Management utforma. Institutt for naturfag ved HiSF utdannar årleg 50-60 kandidatar med bachelorgrad i fornybar energi, geologi og geofare, og landskapsplanlegging med landskapsarkitektur. Det nye masterprogrammet sameiner alle desse utdanningane og er meint å rekruttere ei tverrfagleg studentgruppe frå HiSF i tillegg til andre studentar frå relevante fagområde nasjonalt og internasjonalt.

Institutt for naturfag er HiSF sitt sterkaste fagmiljø både når det gjeld formell kompetanse og vitskapleg publisering. Instituttet har fire professorar i heil stilling, kring 80% av dei tilsette har minimum førstekompetanse og fagmiljøet er internasjonalt med tilsette frå 10 nasjonar. Instituttet har forskingskompetanse på klimaendringar, naturfare, økologi og fornybar energi med tverrfagleg og anvendt profil på både forskning og utdanning. I tillegg er miljøet godt regionalt forankra gjennom samarbeidspartnarar og ved å vere lokalisert i eit område der konsekvensar av klimaendringane alt gjer seg gjeldande.

Høgskulen søkte NOKUT om akkreditering for masterprogrammet i 2015 og fekk positivt svar våren 2016. Kunnskapsdepartementet gav etableringsløyve for programmet i juni 2016.

I revidert nasjonalbudsjett 2016 fekk høgskulen tildelt 10 nye studieplassar, som vart nytta til oppstart av masterprogrammet. 25 studentar byrja på det nye programmet i august i år. Me søker no om 10 nye studieplassar med sikte på fullfinansiering av masterprogrammet i Climate Change Management.

25 studieplassar til nytt bachelorprogram i ingeniørfag, bygg- og anlegg

Etter initiativ frå Råd for samarbeid med næringslivet, bygg- og anleggsbransjen og politiske interesser i fylket, starta Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) i august 2016 opp ny ingeniørutdanning i bygg- og anleggsgfag. 25 studentar byrja på den nye ingeniørutdanninga i august 2016.

Studiet er starta opp og blir gjennomført i samarbeid med Høgskolen i Bergen, og er i første omgang finansiert med eksterne midlar. Då styret for HiSF vedtok oppstart av studiet, var det ein føresetnad for vidareføring at høgskulen får tilført midlar slik at programmet får ordinær statleg finansiering.

På dette grunnlaget søker Høgskulen om 25 studieplassar til ingeniørutdanning, bygg og anlegg.

10 studieplassar til utvida opptakskapasitet sjukepleie

Dei nasjonale prognosane når det gjeld behovet for nye sjukepleiekandidatar viser stort udekket behov i åra som kjem. Den sterke auken i rekrutteringa til sjukepleieutdanninga, både for vår høgskule og på landsbasis, gir no eit godt grunnlag for å auka kapasiteten.

Vår høgskule har fått tilbakemelding frå praksisfeltet om at det er mogleg å ta imot fleire studentar i praksis. Kommunehelsetenesta er det feltet som har størst behov for utdanna sjukepleiarar og også der vi opplever at dei tek imot (nesten) alle studentar dei kan få. I spesialisthelsetenesta ser vi at Helse Førde strekkjer seg langt for å gje tilbod innan somatisk praksis (medisin og kirurgi). Innan psykisk helsevern er det vanskeleg å få nok praksisplassar, men også der er det no signal om at det kan vera mogeleg å ta imot fleire studentar på nokre institusjonar.

Dagens Høgskulen i Sogn og Fjordane skil seg ut med at ein har opptak til heiltidsutdanning to gonger i året (august og januar) i tillegg til opptak av samlingsbasert deltidskull annakvart år.

Med utgangspunkt i rekruttering, praksissituasjon og organisering av sjukepleieutdanninga i Førde, søker me om 10 nye studieplassar med sikte på å auka opptakskapasitet og dermed auke i kandidatmåtalet frå 110 til 120 ved dagens HiSF.

Nye studieplassar - masternivå helse- og sosialfag

Det blir søkt om 30 nye masterplassar til helse- og sosialfag. HVL har 8 godkjente mastergradar innan helse- og sosialfaga.

St.meld. nr.13 (2011-2012) om velferdsutdanningane understrekar viktigheten av at velferdsteknologi blir eit sentralt emne i helse- og sosialfaga og i ingeniørutdanninga. Vi ser at det er ei stor oppgave å møte kravet om kompetanse. I tillegg til å tilby emner innan omsorgsteknologi som skal inngå i bachelorutdanningane, må vi også tilby emner som skal inngå i masterutdanning.

Både Sverige og Danmark har ein større andel helsepersonell med mastergrad i aldersgruppa 30–34 år enn det Norge har. Produktivitetskommissjonen som kartlegg årsakene til den svakare produktivitetsveksten i Norge, har som oppgave å finne årsaken til kvifor veksten i produktivitet har vore svakere sidan midten av forrige tiår. Ein av problemstillingane dei peikar på er den låge andelen av helsepersonell med mastergrad og doktorgrad og som er ein av Norges store utfordringar.

Kunnskap og kompetansen i befolkninga er ein viktig kilde for produktivitet, og vil gi ein overgang frå ein ressursbasert til ein meir kunnskapsbasert økonomi. Tilgang på arbeidskraft med rette kvalifikasjonar og rett kompetanse vil bli avgjerande.

Helse- og sosialfaga har i tillegg starta samarbeid med utanlandske universitet om internasjonale emner på mastergrader. Dette vil kunne kreve masterstudieplassar når vi kjem til 2018. Dette er ein del av dagens HiB sin strategi for utvikling av det internasjonale samarbeidet.

Nytt studietilbud – Årsstudium «Tolking i offentlig sektor»

I NOU 2014:8, *Tolking i offentlig sektor – et spørsmål om rettsikkerhet og likeverd*, blir det dokumentert dei demokratiske, rettmessige og etiske problema knytta til Norges underkapasitet på kvalifiserte tolkar mellom norsk og andre språk. Økt utdanningskapasitet på tolkefeltet er eitt av fleire tiltak som blir foreslått som ein del av ein opptrappingsplan for 2015 – 2018 (s. 14). Utdanningstilbud for tolkar i offentlig sektor finns i dag berre ved Høgskolen i Oslo og Akershus, og tilbudet der blir utvida i år til ei bachelorutdanning. Men sjølv med eit utvida tilbud, vil ikkje HiOA kunne møte det nasjonale behovet, og behovet for utdanningstilbud er stort også i heile Vestlandsregionen. Dette har Tolketjenesten i Bergen gitt melding om ved fleire høve over lang tid. Av hensyn til Vestlandet sitt store behov for utdanna tolkar blir det foreslått at HVL utviklar slik utdanningskapasitet. Ved å begynne med eit årsstudium kan ein avhjelpe det akutte behovet for kvalifisering til Tolkeregisteret (<https://www.tolkeportalen.no>), mens utvikling av eit bachelorstudium på sikt vil vera eit bidrag til den generelle kompetansehevingen som blir etterspurt på nasjonalt hold (jf. NOU 2014:8).

Dette er godt forankra i HiB sin strategi for 2016-2020, og i HVL sin fusjonsavtale.
Ved HVL tilbys utdanningar knytta til fleire profesjonar innan helse- og sosialsektoren der det blir brukt tolkar. Ved å legge ein tolkeutdanning til HVL, vil ein samtundes kunne bidra til økt kunnskap om

Interimsstyret for Høgskulen på Vestlandet

Møtedato: 24.11.2016

Sakshandsamar: Tage Båtsvik

Arkiv:

025/16-6 Akademisk kalender 2017–2018

Utkast til akademisk kalender

- 14.08.17 Semesterstart, haust 2017
- 01.09.17 Frist for å betale semesteravgift, godkjenne utdanningsplan, melde seg til eksamen i haustsemesteret*
- 20.12.17 Semesterslutt, haust 2017
- 03.01.18 Semesterstart, vår 2018
- 01.02.18 Frist for å betale semesteravgift, godkjenne utdanningsplan, melde seg til eksamen i vårsemesteret*
- 15.06.18 Semesterslutt, vår 2018

* Under føresetnad om vedtak i interimsstyret.

Interimsstyret for Høgskulen på Vestlandet

Møtedato: 24.11.16

Sakshandsamar: Merete Sviggum

Arkiv:

027/16 Etablering av klagenemnd

1 Bakgrunn

I samband med forprosjektet «Administrative tenester og funksjonar – sikker drift», vart det sett ned ei arbeidsgruppe i mai 2016 som m.a. fekk i mandat å utarbeide eit grunnlag for ei klagenemnd ved Høgskulen på Vestlandet.

Vedlegg 1 gir ei oversikt over arbeidsgruppa sitt mandat og samansetnad.

Forslag til samansetjing og arbeidsform for klagenemnda vart sendt på høyring 03.10.16 med høyringsfrist 26.10.16. Vedlegg 3 viser høyringsinstansar i saka. Arbeidsgruppa har i alt motteke 9 høyringsinnspel (sjå vedlegg 4).

Dei tre klagenemndene ved høgskulane har samla sett handsama rundt 60 saker per år.

2 Klagenemnd frå 01.01.17

Den nye høgskulen vert etablert 01.01.17, og må frå etableringstidspunkt ha ei klagenemnd, eit lovpålagt organ, jf Lov om universiteter og høgskoler (uhl) § 5-1:

(1) Universiteter og høyskoler skal opprette en klagenemnd som skal behandle klager over enkeltvedtak og, etter styrets bestemmelse, andre klagesaker for kandidatene.

Klagenemnda er klageinstans for enkeltvedtak høgskulen gjer som gjeld studentar. I tillegg gjer klagenemnda vedtak som første instans i saker som gjeld forsøk på fusk, mistanke om fusk og medverknad til fusk ved eksamen (§ 4-7). Klagenemnda har også ansvar for å gjere vedtak i skikkvurderingssaker (uhl § 4-10), saker om merknad på politiattest (uhl § 4-9) og vedtak om inndraging av falskt vitnemål og vedtak om karantenetid (uhl. §§ 3-7(8) og 4-7(1) a)) og vedtak utestenging og bortvisning etter uhl. § 4-8.

Nemnda er også klageinstans ved klage på opptak til mastergrad og andre studium med lokalt opptak.

Klagenemnda er også klageinstans for opptak, vedtak om opphøyr av studierett, og klage på søknad om godkjenning av element i opplæringsdelen i ph.d.-program, jf. forslag til Forskrift for graden philosophiae doctor (ph.d) ved Høgskulen på Vestlandet § 23.1. Bestemmelsar om eksamen og fusk i Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet gjeld også for arbeid som inngår i opplæringsdelen av ph.d-programmet, og klagenemnda fattar vedtak i slike saker, jf. § 8-3 i forslag til Forskrift for graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Høgskulen på Vestlandet.

Vidare er nemnda klageinstans i samband med val til høgskulestyret (uhl § 9-4).

Felles klagenemnd under Samordna opptak er klageinstans i saker kor klagenemnda har fatta vedtak enkeltvedtak med heimel i uhl §§ 4-7 til 4-10. Dette er saker om annullering av eksamen m.m., bortvisning, og utestenging på grunn av fusk, skikkavurdering eller merknader på politiattest.

3 Formelle krav til samansetjing

§ 5-1 (2) i uhl gjev fylgjande føringar for samansetnad:

(2) Klagenemnda skal ha fem medlemmer med personlige varamedlemmer. Leder og varamedlem for leder skal fylle de lovbestemte krav for lagdommere. Leder og varamedlem for leder skal ikke være ansatt ved institusjonen. To av medlemmene skal være studenter.

(3) Representanter for institusjonens eier eller medlem av institusjonens styre kan ikke være medlem av klagenemnda.

4 Arbeidsgruppa sitt framlegg

For ei fullstendig oversikt over arbeidsgruppa sitt høyringsforslag og grunngjeving vert det vist til vedlegg 2 i saka. Arbeidsgruppa foreslår at ein tek i bruk namnet Klagenemnda ved Høgskulen på Vestlandet frå 01.01.17. Under fylgjer arbeidsgruppa sitt endelege framlegg etter høyringsrunden.

a. Samansetnad:

Når det gjeld samansetnad foreslår arbeidsgruppa å vidareføre ein modell i tråd med samansetnad i dagens klagenemnder ved det tre institusjonane – to representantar frå dei fagtilsette i tillegg til to studentrepresentantar, sistnemnde gruppe er lovpålagt, jf. uhl § 5-1.

Arbeidsgruppa foreslår fylgjande samansetnad fordelt på dei ulike nærregionane:

Fast medlem			Varamedlem			
Leiar: Frå Bergens-regionen (ekstern medlem)			Vara for leiar: Frå Bergens-regionen (ekstern medlem)			
Medlem 1: Fagtilsett frå nærregion Sogndal/Førde			Vara for medlem 1: Fagtilsett frå nærregion Bergen			
Medlem 2: Fagtilsett frå nærregion Stord/Haugesund			Vara for medlem 2: Fagtilsett frå nærregion Bergen			
Medlem 3: Student frå nærregion Bergen			Vara for medlem 3: Student frå nærregion Bergen			
Medlem 4: Student frå nærregion Sogndal/Førde			Vara for medlem 4: Student frå nærregion Stord/Haugesund			
	Medlem fagtilsett	Vara for fagtilsett	Medlem student	Vara student	Faste medlem totalt	Vara totalt
Nærregion Bergen		2	1	1	1	3
Nærregion Sogndal/Førde	1		1		2	
Nærregion Stord/Haugesund	1			1	1	1
Sum	2	2	2	2	4	4

Arbeidsgruppa finn det naudsynt å understreke at medlemmane i klagenemnda primært skal overprøve forvaltninga si bruk av regelverk og utøving av skjønn. Det avgjerande her vert medlemmane si evne til analytisk evne og akademisk tenking. Kva nærregion og fagmiljø medlemmane representerer, har arbeidsgruppa i mindre grad vektlagt. Med heimel i uhl § 5-1 (2) vil det ikkje vere rom for å finne ein samansetnad der alle nærregionane har den same representasjonen av fagtilestette og studentrepresentantar i nemnda.

Samansetnad av klagenemnda er ikkje eit permanent ordning. Av omsyn til nemnda sitt arbeid er det viktig at det er ein god balanse mellom kontinuitet og utskifting av medlemmer. Arbeidsgruppa foreslår at det vert utarbeida retningsliner for oppnemning av medlemmer som fylgjer prinsippa for institusjonane sine reglar for val til styret, dvs. at fagtilsette vert valde for 4 år om gongen, medan studentrepresentantane vert utpeika for eit år om gongen.

Studentparlamentet er valforsamling for studentrepresentantane og bør utpeikast for studieår, heller enn kalenderår. Arbeidsgruppa vil difor foreslå at det i for våren 2017 vert oppnemnt studentrepresentantar frå dei tre institusjonane sin studentparlament, og at Studentparlamentet ved HVL er valforsamling i frå studieåret 2017/18. Når det gjeld fagtilsette vil arbeidsgruppa foreslå at det vert sendt ut eit skriv til dei ulike utdanningsinstitusjonane, kor det vert bedne om å spele inn forslag til representantar frå fagtilsette frå og med 01.01.17.

Syklus for oppnemning bør fylgje studieår. Arbeidsgruppa tilrår difor at første funksjonsperiode strekk seg frå 01.01.17 til 31.08.20.

Det er interimstyret som skal oppnemne klagenemnd. Arbeidsgruppa tilrår at dette vert gjort i møte i desember 2016.

b. Leiar og vara for leiar:

Det vert foreslått at leiar og vara for leiar i første funksjonsperiode vert rekruttert frå Bergensområdet. Årsakene til dette er fleire: Her er rekrutteringsgrunnlaget større, ofte har desse personane tilsvarande leiarverv ved andre utdanningsinstitusjonar, og dermed svært god kompetanse på saker som skal handsamast av nemnda. Av omsyn til samarbeid og kompetanseoverføring mellom leiar og vara for leiar, samt mellom leiar/vara og sekretariat er det er også hensiktsmessig at både leiar og vara for leiar er lokalisert i same nærregion som sekretariatfunksjonen skal vere plassert (sjå punkt 3c under).

Leiar og vara for leiar vert også oppnemnt for 4 år i gongen.

Det må utarbeidast ein modell for løn til leiar og vara for leiar.

c. Sekretariat:

Arbeidsgruppa er kjent med at sekretariatsfunksjonen må sjåast i samanheng med den administrative organiseringa av den nye høgskulen. Arbeidsgruppa vil likevel tilrår at sekretariatet i den første funksjonsperioden vert leia frå nærregion Bergen. Sekretariatet vert sett saman av ein eller fleire sekretærar frå dei ulike nærregionane.

Rektor har ansvar for klagenemnda, og kan delegere vidare fullmakt til sekretariatet.

d. Møteform:

Arbeidsgruppa foreslår at møte i klagenemnda vert gjennomført nettbasert så langt det let seg gjere. Nærregion Bergen er til vanleg møtestad for saker som krev at klagenemnda sit samla.

Sekretariatet fastset møteplan med eit møte per månad for klagenemnda for minimum eitt semester av gongen.

e. Møterett for student:

Når det gjeld møterett for student og advokat, vert det som hovudregel foreslått at student ikkje har møterett. Saksutgreiing skal baserast på skriftleg materiale, og det er berre i dei

tilfelle kor det er behov for supplering av bevis at studenten får møterett. I slike tilfelle kan møte gjennomførast nettbasert etter avtale med studenten.

f. Instruks for klagenemnda:

Arbeidsgruppa foreslår at det vert utarbeida ein instruks for Klagenemnda ved Høgskulen på Vestlandet som fastset samansetnad, funksjonsperiode, mandat (type saker), møterett for studentar og regelverk for nemnda.

Denne instruksjonen bør følgje sak om oppnemning av representantar til Klagenemnda ved HVL som skal leggast fram for interimstyret i desember 2016.

g. Ordninga bør evaluerast i løpet av første funksjonsperiode

Arbeidsgruppa tilrår at den tilrådde modellen for klagenemnd vert evaluert i løpet av første funksjonsperiode.

5 Innspel i høyringsrunden og kommentarar frå arbeidsgruppa

Arbeidsgruppa har motteke 9 høyringssvar. Det vert vist til vedlegg for ei samla oversikt over høyringsinnspel. Følgjande kommentarar er gitt:

- **Kva med kjønnsfordeling i nemnda?**

Kommentar frå arbeidsgruppa:

Dette vert regulert av Likestillingsloven, jf. Uhl § 7-6 (3):

Universiteter og høyskoler skal regnes som offentlige organer etter lov 9. juni 1978 nr. 45 1 om likestilling mellom kjønnene (likestillingsloven) § 21.

Loven opphevet ved lov 21 juni 2013 nr. 59 (ikr. 1 jan 2014), se nå dens § 13.)

§ 13. Kjønnbalanse i offentlige utvalg

Når et offentlig organ oppnevner eller velger utvalg, styrer, råd, nemnder, delegasjoner mv., skal begge kjønn være representert på følgende måte:

b) Har utvalget fire eller fem medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst to.

Første ledd gjelder også ved valg av varamedlemmer.

- **Lengde på oppnemningsperiode**

Det vert stilt spørsmål om kor lenge medlemmane skal sitje i nemnda.

Kommentar frå arbeidsgruppa:

Det vises til grunngjeving under punkt 3 a

- **Kan ein oppnemne fleire enn 5 representantar i nemnda?**

Kommentar frå arbeidsgruppa:

Lova gir ikkje heimel for dette, Klagenemnda **skal** ha 5 medlemmer, jf. Uhl § 5-1(1).

- **Representasjon frå dei ulike nærregionene**

Fleire av høyringsinstansane foreslår andre, ulike fordelingar av medlemmene i nemnda.

Kommentar frå arbeidsgruppa:

Det vert vist til grunngeving under pkt 3 a, 3 b og 3 g.

- **Valforsamling for studentrepresentantar**

Det vert foreslått at Studentparlamentet skal vere valforsamling for studentrepresentantane.

Kommentar frå arbeidsgruppa:

Sjå punkt 3 a

- **Leiar og vara for leiar frå nærregion Bergen**

Leiar og vara for leiar skal fylle dei lovfaste krava for lagdommarar, og skal ikkje være tilsett ved institusjonen. Arbeidsgruppa foreslår at leiar og vara for leiar skal rekrutterast frå nærregion Bergen.

I høyringsrunden har det kome inn kommentar på at leiar og vara for leiar også kan rekrutterast frå dei to andre nærregionane.

Kommentar frå arbeidsgruppa:

Sjå punkt 3 b og 3 g.

- **Prolongering av eksisterande klagenemnd**

Det vert foreslått å vidareføre ei av klagenemndene som eksisterer i dag inntil ny organisering er på plass, på same måte som arbeidsgruppa har foreslått når det gjeld prolongering av skikkavurderingsnemnd.

Kommentar frå arbeidsgruppa:

Når det gjeld skikkavurderingsnemnd er samansetnad i denne forskriftregulert med tanke på fagleg leiarstruktur (Forskrift om skikkethet i høgere utdanning § 7). Fagleg organisering er enno ikkje vedteke, og dette er grunngevinga for prolongering. Situasjonen er ein anna for etablering av klagenemnd, som ikkje føreset at den faglege leiarstrukturen må vere kjent.

- **Sekretariatsfunksjon**

Det vert understreka i eit av høyringsinnspela at dette må vere ei midlertidig ordning inntil den administrative organiseringa av HVL er vedteken.

Kommentar frå arbeidsgruppa:

Sjå punkt 3c.

6 Vurderingar

Klagenemnda ved Høgskulen på Vestlandet er eit lovpålagt organ og må tre i kraft frå 01.01.17. Arbeidsgruppa tilrår at nemnda vert oppretta med ein funksjonsperiode på 4 år, fagtilsette vert utpeika for 4 år, medan studentrepresentantane vert valde for eit år om gongen. Syklus for oppnemning bør fylgje studieår. Ein støttar difor arbeidsgruppa sitt forslag om at første funksjonsperiode strekk seg frå 01.01.17 til 31.08.20.

Klagenemnda har, gjennom sin ekspertise, ein sentral funksjon i å ivareta studentar sin rettstryggleik og sikre lik handsaming av studentane ved høgskulen på Vestlandet. Det er viktig at det ligg føre ei instruks med mandat for klagenemnda sitt arbeid.

Det er også avgjerande at det relevant kompetanse og tilstrekkeleg ressursar i sekretariatet knytt til nemnda. Dette må sjåast i samanheng med den administrative organiseringa av den nye høgskulen.

Interimstyret vil få presentert sak om oppnemning av representantar samt instruks for klagenemnda i møte i desember 2016.

7 Framlegg til vedtak

1. Styret gjer vedtak om å opprette klagenemnd for Høgskulen på Vestlandet med slik samansetnad:

Leiar: Frå Bergens-regionen (ekstern medlem)

Vara for leiar: Frå Bergens-regionen (ekstern medlem)

Medlem 1: Fagtilsett frå nærregion Sogndal/Førde

Vara for medlem 1: Fagtilsett frå nærregion Bergen

Medlem 2: Fagtilsett frå nærregion Stord/Haugesund

Vara for medlem 2: Fagtilsett frå nærregion Bergen

Medlem 3: Student frå nærregion Bergen

Vara for medlem 3: Student frå nærregion Bergen

Medlem 4: Student frå nærregion Sogndal/Førde

Vara for medlem 4: Student frå nærregion Stord/Haugesund

2. Klagenemnda for Høgskulen på Vestlandet skal oppnemnast frå 01.01.2017 med funksjonsperiode fram til 31.08.2020

3. Styret ber om å få ei ny sak i desember som grunnlag for å oppnemne medlemmar til klagenemnda. Vidare ber styret om å få lagt fram ein instruks for nemnda sitt arbeid i dette møtet.

Fusjonsprosjekt HiB, HSH, HiSF

Oppnemning og mandat for arbeidsgruppe Sikker drift Studieforskrift

Mandat:

1. Arbeidsgruppen utarbeider forslag til ny studie- og eksamensforskrift for den nye høgskolen. Forslaget bør bygge på studie- og eksamensforskriftene til dagens høgskoler
2. Forslaget må foreligge slik at det kan nå en kort høring i organisasjonene før vedtak i interimsstyret i desember 2016.
3. Arbeidsgruppen har sitt første møte 3 mai 2016 og utarbeider selv en framdriftsplan for arbeidet med frist 01.07.16.
4. Arbeidsgruppen utarbeider også grunnlaget for en klagenemd og en skikkethetsnemd for den nye høgskolen, foreslår sammensetning mv. Dette må også foreligge slik at det når en høringsrunde og vedtak i interimsstyret i desember 2016.
5. Arbeidsgruppen må også vurdere om det er andre råd og utvalg som må på plass til 01.01.17. Dersom gruppen kommer fram til det, må det nedsettes arbeidsgrupper som kan arbeide videre med dette.

Arbeidsgruppen settes sammen med en representant (1) fra hver høgskole med vararepresentant (2). Gruppen bestemmer selv om vararepresentanten er med å alle møter, vararepresentanten må hele tiden være oppdatert.

Merete Sviggum koordinerer arbeidet i gruppa.

Representanter:

- HiB: 1. Seniorrådgiver Merete Sviggum
2. Marianne Seim
- HSH: 1. Eksamensansvarleg Lene Hettervik
2. Rune Hjelmeseier
- HiSF: 1. Avdelingsleiar Kari Thorsen
2. Bente Sønsthagen

28. april 2016

Koordinerende arbeidsgruppe for studieadministrasjon

Arbeidsgruppe Sikker drift – Studieforskrift

Høyringsnotat 12.09.16

Framlegg til samansetjing og arbeidsform for Klagenemnda

Bakgrunn

Arbeidsgruppa Sikker drift – Studieforskrift har som ein del av mandatet fått ansvar for å foreslå samansetjing og arbeidsform for klagenemnda for Høgskulen på Vestlandet (HVL). Den nye høgskulen vert etablert 01.01.17, og må frå etableringa ha ei klagenemnd som sikrar lik handsaming av alle som er studentar ved institusjonen jf Lov om universiteter og høgskoler § 5-1.

Klagenemnda er klageinstans for enkeltvedtak høgskulen gjer som gjeld studentar. I tillegg gjer klagenemnda vedtak som første instans i saker som gjeld forsøk på fusk, mistanke om fusk og medverknad til fusk ved eksamen. Klagenemnda har også ansvar for å gjere vedtak i skikkasaker og saker om merknad på politiattest.

Formelle krav til samansetjing

Universitets- og høgskoleloven § 5-1. (2)

Klagenemnda skal ha fem medlemmer med personlige varamedlemmer. Leder og varamedlem for leder skal fylle de lovbestemte krav for lagdommere. Leder og varamedlem for leder skal ikke være ansatt ved institusjonen. To av medlemmene skal være studenter.

(3) Representanter for institusjonens eier eller medlem av institusjonens styre kan ikke være medlem av klagenemnda.

Arbeidsgruppa sine framlegg:

Namn:

Klagenemnda ved Høgskulen på Vestlandet

Samansetjing:

Leiar: HiB foreslår leiar frå det juridiske miljøet i Bergen

Vara for leiar: HiB foreslår vara for leiar frå det juridiske miljøet i Bergen

Medlem 1: Fagtilsett frå HiSF

Vara for medlem 1: Fagtilsett frå HiB

Medlem 2: Fagtilsett frå HSH

Vara for medlem 2: Fagtilsett frå HiB

Medlem 3: Student frå HiB

Vara for medlem 3: Student frå HiB

Medlem 4: student frå HiSF

Vara for medlem 4: Student frå HSH

Tabell - fordeling av representasjon

	Leiar	Vara for leiar	Medlem fagtilsett	Vara for fagtilsett	Medlem student	Vara for student
HiB	1	1		2	1	1
HiSF			1		1	
HSH			1			1
Sum	1		2		2	

Grunngjeving

Det vert foreslått at leiar og vara for leiar vert peika ut av HiB frå juristmiljøet i Bergen. Der er det god tilgang på kandidatar til eit slikt verv. Det vert foreslått at det vert oppnemnt ein medlem (fagtilsett) frå HiSF og ein frå HSH, og at begge dei personlege vararepresentantane vert oppnemnde frå HiB. Dette gir alle tre fagmiljø innsyn i saksarbeidet. Klagenemnda for den nye institusjonen vil ha behov for mange møte, og i praksis vil det ofte vere bruk for minst ein vararepresentant.

HiB som den største institusjonen vil ha ein studentmedlem med vara frå HiB, slik at studentane frå HiB alltid er representert. Studentmedlem 2 vert oppnemnd frå HiSF som er den nest største institusjonen. Vara for denne studenten skal vere frå HSH.

Møteavvikling

Møte i klagenemnda vert gjennomført nettbasert så langt det let seg gjere. HiB er til vanleg møtestad for saker som krev at klagenemnda sit samla.

I saker der studenten har rett til å la seg bistå av advokat, kan student og advokat få møterett for å legge fram saka si etter vurdering av sekretariatet. Møtet kan gjennomførast nettbasert etter avtale med studenten.

Sekretariat

Sekretariatet vert leia frå HiB. Det er naturleg at sekretariatet vert knytt opp mot leiar av klagenemnda som vil ha tilhald i Bergen. Sekretariatet vert sett saman av ein eller fleire sekretærar frå kvar av dei tre institusjonane. Sekretariatet bør ha minst ein medlem med juridisk kompetanse.

Sakshandsaming skal føregå i Public etter ein felles mal for kvar sakstype.

Saksførebuing skal fordelast mellom medlemmane i sekretariatet. Til vanleg vil saksførebuinga bli gjort av sekretær på den campus/nærregion studenten er knytt til, eller har søkt opptak til. Det kan vere aktuelt på sikt at sekretærane fordeler nokre fagfelt mellom seg.

Leiar av sekretariatet lagar innkalling og protokoll for møte i klagenemnda og koordinerer arbeidet med å førebu saker. Kvar sekretær har ansvar for å følgje opp dei sakene vedkomande har førebudd.

Møteplan

Sekretariatet fastset møteplan med eit møte per måned for klagenemnda for minimum eitt semester av gongen.

Høyringsinstansar: Etablering av klagenemnd

Høgskulen i Sogn og Fjordane	Høgskolen i Bergen	Høgskulen Stord/Haugesund
Dekantar	Prodekan for utdanning	Rektor
Rektor	Programleiarar	Direktør
Viserektor for utdanning	Kontorsjef	Studiesjef
Personaldirektør	Utdanningsdirektør	Kommunikasjonssjef
Økonomidirektør	Høgskoledirektør	Økonomisjef
Studentparlament	Rektorat	Dekaner
Tillitsvalde	Studentparlament	Studentparlament
	Tillitsvalde	Tillitsvalde

Høyrings svar – Klagenemnd frå 01.01.17

Klagenemnd

1. Utdanningsutvalg ved HiSF:

Bør presisere at leing frå Bergen skal gjelde i ein oppstartsfase, og at dette bør evaluerast etter nokre år. Kan vere god kompetanse andre stader også, så det blir feil å vedta at dette skal gjelde for all framtid.

- Viktig å sikre ein god kompetansesamansetning ved at medlemmene kjem frå ulike avdelingar.

- Viktig å sikre god kjønnsfordeling

2. Studentparlamentet HiB:

Studentparlamentet ved Høgskolen i Bergen har ingenting å kommentera vedrørande utkastet til arbeidsform og samansetjing i klagenemnda

3. Studentparlamentet HiSF:

Det står ingenting om kjønnsfordeling. - Vi synes det er positivt at de med kompetanse prioriteres når det skal opprettes en felles klagenemnd - Vi ser det som hensiktsmessig at de to studentrepresentantene i gruppe (fra HiB og HSH) har vara fra HiSF. Det faller naturlig at de som pr. dags dato er valgt til klagenemnda HiSF blir brukt.

4. Studentparlamentet ved HSH:

Studentparlamentet Stord Haugesund finner fordelingsnøkkelen uhensiktsmessig og for lite variert. Da klagenemnda er en egenstående instans, som skal vurdere klagesaker objektivt uten lojalitet til institusjonen eller region, ser vi det som fordelaktig å la studentstemmen være representert uavhengig av region. Vi ønsker at det øverste studentorganet ved Høyskolen på Vestlandet, Studentparlamentet ved Høyskolen på Vestlandet, være valgforsamling for studentrepresentanter i klagenemnda.

5. Utdanningsdirektør HiB, drøftet med prorektor:

Arbeidsgruppen foreslår å oppnevne en ny klagenemnd for HVL. Det går ikkje fram av forslaget om det er en midlertidig nemnd eller om det forslås en permanent ordning for klagenemnd.

Det er å anbefale at det blir en midlertidig klagenemnd til organisasjonen er på plass, og at en oppretter en permanent klagenemnd senest innen 01.08.18.

En kunne brukt ordningen fra forslaget til skikkethetsnemnd og videreført en av de nåværende høgskolenes klagenemnd. For eksempel HiBs nåværende klagenemnden, supplert med studenter fra Sogn og fjordane og Stord/Haugesund og Bergens studenter som vara.

I notatet brukes begrepet sekretariat og hvor det skal ligge. Det må understrekes at det er en midlertidig ordning. Dette blir en del av den administrative organiseringen av HVL.

Siden nemnden skal gjelde fra 01.01.17 anbefales det at en bruker nærregionsnavn og ikke navn på høyskoler som ikke lenger eksisterer.

6. Leiargruppa ved Avdeling for helsefag, HSH

Angående sammensetning: I følge UH loven skal leder og vara for leder ikke være ansatt ved institusjonen. Da er det kanskje urimelig å kalle dem for å være representanter fra HiB? Når det gjelder tabell – fordeling av representasjon bør en skille ut leder og vara for leder – de skal jo ikke komme fra institusjonen, så da stemmer det vel ikke at det står HiB foran dem? Hos oss er det kommet flere innspill på at det ikke er ønskelig at begge vararepresentantene for fagtilsatte skal komme fra HiB – det er spilt inn ønsker om at vara bør være fra den institusjonen som fagansatt medlem er fra. I alle fall hadde det vært fint om minst et av varamedlemmene kom fra en av de små institusjonene, slik at det ikke blir møter der det nesten bare er representasjon fra HiB miljøet. Er det ikke mulig å utvide klagenemda med to medlemmer, selv om det står 5 i UH loven? Er ikke det å oppfatte som et minimum? Da kunne både studentene fra HSH og HiB fått et fast medlem inn i gruppa, og en kunne hatt vara fra samme nærregion som fast medlem er fra? I tabellen mangler det en vara for en student.

Angående arbeidsform:

Skissert arbeidsform ser OK ut, men det er viktig at alle institusjoner har tilgang til juridisk rådgivning i prosessen der sak utredes og skrives, det har vist seg nødvendig ved flere anledninger. Så lenge man fra alle campus kan få ta kontakt med det juridiske medlemmet i sekretariatet er det OK. Det blir viktig å arbeide med samkjøring av sekretærene for de ulike nærregionene, slik at vi får så lik praksis som mulig. Vi ser at det kan bli en utfordring og et krevende punkt. Det foregår en del «sparring» med sekretær for klagenemda før det sendes en sak. Det er viktig med samkjøring slik at liknende type saker sendes fra alle campus til klagenemd. Alternativet er å ha felles sekretær, men vi ser at det kan bli nokså stor saksmengde for en.

Det er veldig bra at det blir en fastsatt møteplan for minst ett semester om gangen. Det har vi savnet sterkt hos oss de siste årene.

7. Leiargruppa ved Avdeling for lærarutdanning og kulturfag, HSH (studieleiarar og dekan)

Leiargruppa (dekan og studieleiarar) på ALK har sett på framlegget til samansetjing og arbeidsform for klagenemnda. Her er våre innspel:

Det vi først av alt har merka oss, er samansetjinga av nemnda. I forhold til val av leiar og vara for denne, så er kravet i UH-lova at desse skal fylle lovbestemte krav for lagdommer og ikkje vere tilsett ved institusjonen. Så langt alt greitt, lovkravet er fylte 30 år og Laud.

Vi reagerer imidlertid på at arbeidsgruppa sikker drift skriv at HiB skal peike ut desse to frå «det juridiske miljøet» i Bergen. Kva og kven består det «juridiske miljøet i Bergen» av? Dette var ein svært diffus definisjon av kor leiarane for klagenemnda skal hentast frå. Kvifor denne begrensinga? Kvifor kan ikkje desse hentast frå eit tilsvarande miljø i Haugesund, Sunnhordland eller Sogn og Fjordane. Er desse juridiske miljøa ekskluderte?

HiB bør ikkje aleine ver den som vel ut leiar og nestleiar. HSH og HiSF må vere involvert og kunna påverke kven som skal peikast ut.

Elles er det styre/interrimstyre som oppnemner, -sidan klagenemnda er eit organ for styret ved heile institusjonen, ikkje berre for HiB.

Vi ynskjer at HSH skal ha fast studentrepresentant i nemnda, på linje med dei to andre institusjonane. Alternativt at det kjem ei rullering mellom campus om kven som skal ha studentrepresentane. Det er også eit ynskje at personleg vara for medlem 2 (fagtilsett frå HSH), skal vere frå HSH.

8. Opptakskontoret HiB:

Viser til høringsforslaget til Framlegg til samansetjing og arbeidsform for Klagenemnda .

I avsnittet 'Bakgrunn for saka' er klagenemndas ansvarsområder listet opp.

I tillegg til de ansvarsområdene som er nevnt, må det komme frem i innledningen at klagenemnda også

har ansvar for behandling av saker om opptak, jf opptaksforskriften, kapittel 8 [https://lovdata.](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2007-01-31-173)

[no/dokument/SF /forskrift/2007-01 -31-173](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2007-01-31-173)

§ 8-1.Nasjonale klagenemnd for opptak gjennom Samordna opptak

(1) Reglene for nasjonal klagenemnd gjelder klager over enkeltvedtak i den nasjonale

opptaksmodellen (NOM)for grunnutdanninger ved universiteter og høyskoler som organiseres av Samordna opptak (SO).

(2) Reglene for nasjonal klagenemnd gjelder ikke vedtak om opptak på grunnlag av realkompetanse og vedtak om opptak etter at det er innvilget dispensasjon fra enkelte av kravene om generell

studiekompetanse, jf. § 3-6 i lov om universiteter og høyskoler. Reglene gjelder heller ikke forklager på vurdering av spesielle opptakskrav som omfatterferdigheter eller opptaksprøver etter nærmere regler fastsatt av institusjonen. Klager på slike vedtak behandles i samsvar med den klageordning som er etablert ved det enkelte lærested.

Klagenemnda har også ansvar for å fatte endelig vedtak i saker som omhandler lokale opptak .

Opptakskontorene på de tre høgskolene har samarbeidet om utarbeidelse av ny opptaksforskrift for

HVL. Forskriften er sendt på høring med svarfrist 17. november. Klage er omtalt i § 8-6 i den nye forskriften og lyder som følger :

§ 8-6. Klage

(1) Enkeltvedtak fatta med heimel i denne forskrifta kan klagast på, jf. forvaltningsloven § 28-32. Klagefristen er 3 veker frå den dagen resultat av opptak er offentleggjort, eventuelt 3 veker frå mottatt grunngeving.

(2) Klage på enkeltvedtak i samband med opptak organisert gjennom Samordna opptak blir

handsama av Nasjonal klagenemnd, jf. universitets- og høyskoleloven § 5-1 (7) og forskrift om opptak til høyere utdanning § 8-1.

(3) Klager som gjeld opptak etter universitets- og høyskoleloven § 3-6 (2) og (3) blir handsama av Klagenemnda ved Høgskulen på Vestlandet, jf. forskrift om opptak til høyere utdanning § 8-1 (2).

(4) Klage på enkeltvedtak i samband med opptak til studium som ikkje inngår i samordna

opptak blir handsama av klagenemnda ved Høgskulen på Vestlandet jf. lov om universiteter og høyskoler, § 5-1.

9. Forskerforbundet, HiB:

Eg luere på om dette er en et avgrenset verv? I tilfelle over hvor mag tid? Bør det evalueres?

Interimsstyret for Høgskulen på Vestlandet

Møtedato: 24.11.16

Sakshandsamar: Kari Thorsen

Arkiv:

028/16 Etablering av skikkavurderingsnemnd

Framlegg til samansetjing og arbeidsform for skikkavurderingsnemnd ved Høgskulen på Vestlandet

1 Bakgrunn

Arbeidsgruppa Sikker drift – Studieforskrift har som ein del av mandatet fått ansvar for å foreslå samansetjing og arbeidsform for skikkavurderingsnemnd for Høgskulen på Vestlandet (HVL). Den nye høgskulen vert etablert 01.01.17, og må frå etableringa ha ei skikkavurderingsnemnd som sikrar lik handsaming av alle som er studentar på utdanningar som er underlagt skikkavurdering, jf lov om universiteter og høgskoler § 4-10 sjette ledd og forskrift om skikkethetsvurdering i høyere utdanning, sist endra 01.06.2016.

2 Prosess

Arbeidsgruppa utarbeidde framlegg til samansetjing og arbeidsform for skikkanemnd som vart sendt på høyring i dei tre høgskulane 30.09.2016 med svarfrist 26.10.2016. Arbeidsgruppa foreslo at nemnda skulle heite Skikkanemnda ved HVL, og å oppnemne skikkanemnda ved HiSF for ein periode fram til ny organisering var på plass. Det vart foreslått å oppnemne to nye studentar, ein frå HiB og ein frå HSH. Vidare var det foreslått at det kunne oppnemnast fleire institusjonsansvarlege, og at sekretariatet for skikkanemnda vart lagt til HiSF.

3 Høyringsinnspel

Institusjonsansvarleg HiB: Støttar framlegg om at Skikkanemnda ved HiSF vert oppnemnt for ein overgangsperiode. Meiner det kan vere behov for fleire institusjonsansvarlege ved kvar nærregion. Viktig å få til god rolleavklaring mellom desse og sekretariatet.

Utdanningsutvalet ved HiSF: Understrekar at leiing frå Sogn og Fjordane berre skal gjelde i ein oppstartsfasen og at det bør vere ei rullering på dette. Viktig å sikre god kjønnsfordeling og god kompetanse ved at medlemene kjem frå ulike avdelingar.

Studentparlamentet HiSF: Saknar informasjon om kjønnsfordeling.

Studentparlamentet ved HiB: Stiller seg spørjande til framlegg til namn og meiner «Skikkethet» frå bokmål er utvetydig. I mangel på eit betre ord på nynorsk meiner dei at ein bør vera pragmatisk nok til å nytta dette fram til norsk språkråd kjem fram til eit ord som passar tinginga. Sluttar seg til framlegg til samansetjing av nemnda.

Studentparlamentet ved HSH: Studentparlamentet ved HSH stiller seg positive til at sekretariatet blir lagt til Sogn og Fjordane, da det der er god erfaring og kompetanse på området.

Utdanningsdirektør HiB, drøfta med prorektor: Positiv til å vidareføre skikkanemnd frå ein av dei tre institusjonane til den faglege organiseringa av HVL er på plass. Positiv til at ein vel studentar frå dei to andre nærregionane. Presiserer at dette er ei mellombels ordning, og at

ny skikkanemnd skal oppnemnst så snart organisering og fakultetsleiing er på plass, og seinast innan 01.08.18. Framtidig ordning av sekretariat vert ein del av den administrative organiseringa av HVL.

Forskerforbundet, HiB: Arbeidet med saksførebuing bør evaluerast etter 2-3 år.

Leiargruppa ved HSH: Ber om vurdering av namnet skikkanemnd i høve skikkethetsnemnd. Sluttar seg til framlegget om ei mellombels oppnemning av HiSF si skikkanemnd, og at sekretariatet vert lagt til nærregion Sogn og Fjordane. Positiv til at skikkanemnda kan møte i den nærregionen der saka høyrer heime, og at studenten får høve til å legge fram saka si for skikkanemnda. Det bør oppnemnst ein institusjonsansvarleg for kvar nærregion.

Leiargruppa ved Avdeling for helsefag, HiSF: Gruppa er positive til framlegget til oppnemning og organisering av arbeidet.

Leiargruppa ved Avdeling for samfunnsfag, HiSF: Gruppa ber om at institusjonsansvarlege og sekretariatet saman får ansvar for saksførebuing og gjennomføring av møte i skikkanemnda og å førebu skikkasaker til klagenemnda ved Høgskulen på Vestlandet, og at institusjonsansvarlege og sekretariatet skal ha tilgang til juridisk kompetanse. Det vert foreslått at institusjonsansvarleg skal ha møte- og talerett i klagenemnda. Leiargruppa er positiv til framlegg om ordning for skikkanemnd i HVL, og ber om at det vert sett i gang eit arbeid våren 2017 med retningslinjer for arbeid med skikkavurdering og berekning av ressursar til arbeidet.

4 Oversikt over utdanningar med krav til skikkavurdering

§1 Forskrift om skikkethetsvurdering i høyere utdanning

Barnehage- og førskolelærerutdanning, pedagogiske utdanningar som tilfredsstiller kravene til å bli tilsatt i undervisningsstilling i grunn- eller videregående skole, jf. kapittel 14 i forskrift 23. juni 2006 nr. 724 til opplæringslova, audiograf (audiolog), barnevernspedagog, bioingeniør, ergoterapeut, farmasøyt (inkludert reseptar), fysioterapeut, jordmor, klinisk ernæringsfysiolog, lege, optiker, ortopediingeniør, psykolog, radiograf, sosionom, sykepleier, tannlege, tannpleier, tanntekniker, vernepleier, paramedicutdanning, profesjonsutdanningen i teologi, trafikkklærerutdanning, logopedutdanning, utdanningar i spesialpedagogikk og tolkeutdanningene i tegnspråk.

Formelle krav til samansetjing

§7 Forskrift om skikkethetsvurdering i høyere utdanning

Styret selv skal oppnevne skikkethetsnemnd. Skikkethetsnemnda skal bestå av:

- *en faglig leder for avdeling eller fakultet for lærerutdanningen eller helse- eller sosialfagutdanningene, eller tilsvarende funksjon*
- *en faglig studieleder for lærerutdanningen eller helse- eller sosialfagutdanningene, eller tilsvarende funksjon*
- *to representanter fra praksisfeltet*
- *to faglærere*
- *to studentrepresentanter*
- *en ekstern representant med juridisk embetseksamen*

Medlemmer oppnevnes for tre år av gangen. Studentrepresentantene oppnevnes for ett år. Faglig leder for avdeling eller fakultet eller tilsvarende funksjon, er nemndas leder.

Minst to tredjedeler av nemndas medlemmer skal være til stede ved saksbehandlingen.

§ 8 Institusjonsansvarlig

Styret oppnevner en eller flere ansatte ved institusjonen som institusjonsansvarlige for skikkethets-vurderingen. Det kan oppnevnes stedfortreder for institusjonsansvarlige. Institusjonsansvarlige kan være medlem av skikkethetsnemnda.

6 Skikkavurdering – arbeidsprosess

Arbeid med skikkavurdering er regulert i forskrift om skikkethetsvurdering. Skikkavurdering startar som oftast med at det vert reist tvilsmelding om ein student er skikka for yrket vedkomande utdannar seg til frå medstudentar, fagtilsette eller praksisfeltet. Arbeidet omfattar samtalar, vurdering og oppfølging med eventuell utvida rettleiing av studenten. Det er strenge krav til dokumentasjon av arbeidet, og ei skikkasak kan ofte strekkje seg over meir enn eitt semester før saka anten vert avslutta ved at det går bra med studenten, eller vedkomande vel å avslutte studiet. I nokre tilfelle vert det reist skikkasak for nemnd, som kan få som resultat at nemnda finn vedkomande ikkje skikka, og tilrår at studenten vert utestengt frå studiet ved HVL og alle andre liknande studium for inntil fem år. Det er klagenemnda ved høgskulen som gjer endeleg vedtak i saker om skikkavurdering.

7 Framlegg til ordningar for skikkavurdering frå 01.01.2017

Etter gjennomgang og vurdering av høyringssvara og annan informasjon vert det i denne saka foreslått mellombelse ordningar for arbeid med skikkavurdering i Høgskulen på Vestlandet frå 01.01.2017.

Namn

Skikkavurderingsnemnda ved Høgskulen på Vestlandet

Samansetjing av skikkavurderingsnemnda

Leiar og medlemmar i skikkanemnda ved Høgskulen i Sogn og Fjordane vert oppnemnt som skikkavurderingsnemnd ved Høgskulen på Vestlandet frå 01.01.2017 og fram til ny organisering er fastsett, og seinast innan 01.08.18. Det vert oppnemnt to nye studentrepresentantar; ein frå nærregion Bergen og ein frå nærregion Stord/Haugesund.

Institusjonsansvarleg

Høgskulen på Vestlandet oppnemner ein eller fleire institusjonsansvarleg ved kvar nærregion. Kvar av dei noverande institusjonane må avklare om det er ønskje om å oppnemne meir enn ein institusjonsansvarleg frå deira nærregion.

Møteavvikling

Møta i skikkanemnda vil til vanleg gjennomførast som fysiske møte. Studenten har høve til å legge fram saka si for skikkavurderingsnemnda dersom vedkomande ønskjer det. Møte i skikkavurderingsnemnda vert lagt til den studiestaden der aktuell sak høyrer heime.

Sekretariat

Det vert foreslått eit sekretariat som får funksjonsansvar fram til administrativ organisering for HVL er vedtatt. Administrativ støtte til institusjonsansvarleg sitt arbeid med skikkasaker vert vidareført i nærregionane i samsvar med gjeldande praksis.

Eit felles sekretariat for skikkasaker vert i første omgang lagt til nærregion Sogn og Fjordane. Institusjonsansvarleg har ansvar for å utarbeide saksdokument til skikkavurderingsnemnda.

Sekretariatet får i etterkant av møtet i skikkavurderingsnemnda ansvar for å følge opp nemnda sitt vedtak. Sekretariatet skal ha tilgang til juridisk kompetanse i arbeidet.

Det vert foreslått at det vert starta opp arbeid med sikte på å lage felles malar og retningslinjer for arbeid med skikkasaker i skikkavurderingsnemnda ved Høgskulen på Vestlandet.

8 Vurdering og grunngjeving

Omgrepa *skikkethet* og *skikkethetsnemnd* er vanskeleg å omsetje til nynorsk. Det er ikkje laga noko nynorsk utgåve av *Forskrift om skikkethetsvurdering i høgere utdanning*. Arbeidsgruppa under Sikker drift foreslo namnet Skikkanemnd, som er HiSF sitt namn på nemnda. Parallelt med høyringa i organisasjonen har gruppa vore i kontakt med Språkrådet som har diskutert «skikkethetsnemnd» på nynorsk og kome fram til at dei vil tilrå å bruke «skikkavurderingsnemnd». Dette er ei nemnd som føretek «ei skikkavurdering», og «skikkavurderingsnemnd» er då etter Språkrådet si oppfatning eit betre alternativ enn «skikkanemnd». I interimsstyresak om hovudmålform for Høgskulen på Vestlandet kom det tydelege signal frå styret om at Språkrådet sine vurderingar skulle tillegkast vekt i slike spørsmål.

Oppnemning av skikkavurderingsnemnd for den nye høgskulen må vente til det er tilsett personar i dei nye leiarrollene som kan fylle funksjonskrava slik dei går fram av forskrifta § 7. Det vert difor foreslått at medlemmar frå eksisterande skikkavurderingsnemnd frå ein av dei tre institusjonane vert oppnemnt som mellombels skikkavurderingsnemnd og at det vert oppnemnt ny skikkavurderingsnemnd så snart ny organisering er fastsett. Det vert foreslått å nemne opp nye studentrepresentantar.

Skikkanemnda ved Høgskulen i Sogn og Fjordane dekkjer dei formelle krava til medlemmar når det gjeld fagtilsette, representantar frå praksisfeltet og ekstern representant med juridisk embetseksamen. Alle har brei erfaring frå undervisnings- og/eller praksisfelt innanfor utdanningar som er underlagt skikkavurdering. Nemnda har arbeidd med fleire skikkasaker dei seinare åra. Nemnda vert leia av dekan Anne-Grethe Naustdal ved Avdeling for samfunnsfag i Sogndal. Ho har gjennom mange år har engasjert seg i arbeid med skikkavurdering. Naustdal var med i arbeidsgruppa som utarbeidde Rapport om skikkethetsarbeid i UH-institusjonene i regi av UHR i 2011. Rapporten låg til grunn for revisjon av forskrift om skikkethetsvurdering i høgere utdanning som vart endra med verknad frå 01.07.2016. Naustdal er mykje nytta som foredragshaldar om skikkavurdering, og ho har publisert om temaet, mellom anna i UNI Ped i 2015.

Studentane vert oppnemnde for eitt år. Det vert foreslått at kvar av dei to studentparlamentar frå HiB og HSH får kome med framlegg til kvar sin kandidat. Slik vil nemnda få eit studentperspektiv som sikrar forankring i fleire institusjonar enn HiSF.

Etter endring av forskrift om skikkethetsvurdering er det høve for ein institusjon å ha fleire institusjonsansvarlege. Fleire høyringssvar peikar på behov for at det vert oppnemnt minst ein institusjonsansvarleg ved kvar nærregion. Det har vore ein betydeleg auke i tal tvilsmeldingar dei seinare åra, og det vil vere ekstra viktig å setje inn tilstrekkeleg ressursar til å kunne få på plass felles retningslinjer og arbeidsmåtar for dei institusjonsansvarlege. Det ligg og eit informasjons- og opplæringsansvar til studentar og tilsette i rolla som institusjonsansvarleg.

Fram til ny fagleg og administrativ organisering er på plass, er det gjennom dette framlegget lagt opp til ordningar som skal ivareta institusjonen sitt ansvar for skikkavurdering i samsvar med gjeldande forskrift. Det er og foreslått korleis HVL kan løyse behov for administrativ støtte til arbeidet fram til ny organisering er på plass.

Framlegg til vedtak

1. Styret vedtar mellombels skikkavurderingsnemnd for Høgskulen på Vestlandet slik det går fram av saka. Funksjonsperiode er frå 01.01.2017 og fram til ny fagleg leiing på fakultetsnivå er på plass, ikkje lenger enn til 01.08.18.
2. Styret gir rektor fullmakt til å nemne opp studentmedlemmar til nemnda. Styret vert orientert om dette på eigna måte.
3. Styret gir rektor fullmakt til å utpeike institusjonsansvarlege med bakgrunn i saka. Styret vert orientert om dette på eigna måte.

Saksvedlegg

Uprenta vedlegg:

Forskrift om skikkethetsvurdering i høyere utdanning 01.07.16

Interimsstyret for Høgskulen på Vestlandet

Møtedato: 24.11.2016

Sakshandsamar: Wenche Fjørtoft

Arkiv:

029/16 Etablering av arbeidsmiljøutvalg (AMU)

1 Bakgrunn

Som del av etablering av Høgskulen på Vestlandet må det etableres et arbeidsmiljøutvalg (AMU) for hele høgskolen. Virksomheter som sysselsetter minst 50 arbeidstakere skal ha AMU, der arbeidsgiveren, arbeidstakerne og bedriftshelsetjenesten er representert. jf. Arbeidsmiljølova (AML) kap. 7.

I og med at den endelige organiseringen av HVL ikke er på plass, må det etableres en midlertidig ordning. Forslag til organisering av AMU for HVL fra 01.01.2017 er derfor en midlertidig løsning, inntil vi har fått på plass endelig organisering av HVL. I løpet av 2017 må det gjøres en ny vurdering eller evaluering av foreslått organisering av AMU i lys av den nye organisasjonen.

I Forskrift om organisering, ledelse og medvirkning, § 3-14 Flere arbeidsmiljøutvalg i samme virksomhet, heter det at i virksomheter med flere adskilte driftsenheter kan AMU vedta at det skal velges lokale AMU for hver driftsenhet. Arbeidsmiljøutvalget for hele virksomheten fastsetter arbeidsoppgaver og beslutningsmyndighet for det lokale AMU, og utover det gjelder forskriftens regler om AMU.

2 Sammensetning av AMU

Arbeidsgiver og arbeidstaker skal være representert med like mange representanter. Utvalget skal ha minimum fire medlemmer, men bør ikke bestå av flere enn åtte personer. Hvis det er uenighet mellom partene, er det arbeidsgiver som bestemmer antallet.

Bedriftshelsetjenesten skal være representert i utvalget, og skal være et rådgivende og uavhengig organ, og representere både arbeidsgiver og arbeidstakersiden. Bedriftshelsetjenesten har ikke stemmerett i AMU.

Medlemmene velges for to år av gangen. Utvalgets leder velges for ett år og velges blant medlemmer i AMU, annen hver gang fra arbeidsgiver- og arbeidstakersiden.

3 Oppgaver for AMU

Oppgavene som AMU skal utføre er lovpålagt og nedfelt i Arbeidsmiljøloven § 7-2, og er følgende;

- Behandle spørsmål som angår bedriftshelsetjenesten og vernetjeneste.
- Behandle spørsmål om opplæring og instruksjon på områder som kan ha betydning for arbeidsmiljøet.
- Behandle planer om nye lokaler, prosesser eller ombygginger som krever samtykke fra Arbeidstilsynet.
- Behandle andre planer som kan få vesentlig betydning for arbeidsmiljøet, som nye maskiner, rasjonaliseringstiltak, endringer i arbeidsprosesser og forebyggende vernetiltak.

- Delta aktivt i virksomhetens helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid. Delta i kartlegginger, utarbeidelser av handlingsplaner og gi råd i forhold til prioriteringer og tiltak.
- Vurdere helse- og velferdsaspekter ved arbeidstidsordninger.
- Gjennomgå alle rapporter om ulykker, nestenulykker og sykdom som kan skyldes arbeidsmiljøet. Ha fokus på årsaken til hendelsen og se til at arbeidsgiveren gjør det som er nødvendig for å hindre at det skjer igjen.
- Gjennomgå alle rapporter om yrkeshygieneundersøkelser og måleresultater.
- Behandle spørsmål om tilrettelegging for arbeidstakere med redusert funksjonsevne.
- Utarbeide en årsrapport om arbeidet.

4 Dagens organisering av AMU ved de tre høgskolene

Alle fusjonspartnerne har AMU med 3 – 4 representanter fra ledelsen og ansatte, en representant fra bedriftshelsetjeneste, og sekretær. I AMU ved HiB møter også en studentrepresentant fra Læringsmiljøutvalget (LMU).

Arbeidsmiljøutvalgene ved de ulike høgskolene har i dag slik sammensetting:

AMU v/Høgskolen i Bergen (HiB)

- 3 representanter fra arbeidsgiversiden, utpekes av ledelsen ved HiB
- 3 representanter fra arbeidstakersiden, utpekes av arbeidstakerorganisasjonene
- 1 studentrepresentant oppnevnt av studentparlamentet skal være LMU sin observatør i AMU
- Bedriftshelsetjenesten har møte- og forslagsrett, ikke stemmerett.
- Sekretærrollen er lagt til Seksjon for personal- og organisasjonsutvikling
- Det er 5 møter i studieåret. Møtedatoene blir satt opp på siste møte om våren.

AMU v/Høgskolen i Sogn og Fjordane (HiSF)

- 3 representanter fra arbeidsgiversiden, oppnevnes av HiSF-styret
- 3 representanter fra arbeidstakersiden, oppnevnes av arbeidstakerorganisasjonene
- Bedriftshelsetjenesten har møte- og forslagsrett, ikke stemmerett.
- Sekretærrollen er lagt til Seksjon for personal
- Det er 4 møter i året. Møtedatoene blir satt opp på felles møteplan for HiSF.

AMU v/Høgskolen Stord/ Haugesund (HSH)

- 4 representanter fra arbeidsgiversiden, høgskoledirektør peker på medlemmer til AMU
- 4 representanter fra arbeidstakersiden, pekes på av arbeidstakerorganisasjonene
- Bedriftshelsetjeneste har møte- og forslagsrett, ikke stemmerett.
- Sekretærrollen er lagt til personalavdelingen
- Det er møter minst 2 ganger i året.

Høgskolene har følgende underutvalg til AMU:

- HiB: IA-utvalg, AKAN-utvalg
- HiSF: IA-utvalg og AKAN-utvalg
- HSH: IA-utvalg og AKAN-utvalg

5 Forslag til midlertidig organisering av arbeidsmiljøutvalg ved Høgskulen på Vestlandet (HVL) fra 01.01.17

Ifølge forskrift om organisering, ledelse og medvirkning, § 3-14 Flere arbeidsmiljøutvalg i samme virksomhet, kan arbeidsmiljøutvalget vedta at det skal velges lokale arbeidsmiljøutvalg for hver driftsenhet. Arbeidsmiljøutvalget for hele virksomheten fastsetter arbeidsoppgaver og beslutningsmyndighet for det lokale arbeidsmiljøutvalg.

Instillingsrådet foreslår at det opprettes ett nytt AMU for HVL som benevnes som hoved-AMU (HAMU) og at AMUene ved de tre høgskolene fortsetter ut 2017. Disse AMUene blir omtalt som lokale AMU (LAMU Sogn og Fjordane, LAMU Stord/Haugesund og LAMU Bergen)

5.1. Hoved-AMU (HAMU)

Det foreslås at antall representanter fra arbeidsgiver- og arbeidstakersiden settes til fire. Til sammen vil HAMU bestå av 9 medlemmer (inkludert bedriftshelsetjeneste).

Møter i HAMU bør veksles mellom de ulike nærregionene.

Arbeidsgiversiden

Rektor er fast representant fra arbeidsgiversiden i HAMU. Rektor oppnevner en representant fra ledelsen i de tre nærregionene som skal tiltre HAMU fra 01.01.17.

Arbeidstakersiden

Hovedverneombudet skal være en av arbeidstakernes representant i AMU (jf. Forskrift om organisering, ledelse og medbestemmelse §3-7). Videre foreslås det at de tre hovedverneombudene ved nærregionene utgjør de resterende arbeidstakerrepresentantene i HAMU i 2017. Dette vil sikre god kopling mellom lokalt og sentralt arbeid i AMU.

Studentrepresentant

HSH og HiSF har ikke studentdeltaker i AMU, mens HIB har hatt studentdeltaking i sitt AMU med møte og talerett. Det har vært drøftet om Studentombudet for HVL, som opprettes fra 01.01.2017 skal ha observatørrolle i HAMU. Vi foreslår en nærmere utredning av behovet for at studentombudet får observatørstatus med møte og talerett i HAMU når den permanente organiseringen er på plass.

Bedriftshelsetjeneste

De tre nærregionene vil forlenge sine medlemskaper i de respektive bedriftshelsetjenestene ut 2017. Fra 01.01.18 bør HVL ha felles bedriftshelsetjeneste. HAMU tar selv stilling til om en av de tre bedriftshelsetjenestene skal tiltre HAMU frem til 01.01.18, eller om representasjon av bedriftshelsetjenesten skal gå på omgang.

Vi foreslår at bedriftshelsetjenesten fra den nærregionen som har ledelsen av HAMU tiltre HAMU fra 01.01.17.

Bedriftshelsetjenesten har møte og talerett i AMU.

Sekretærrollen i HAMU

Vi foreslår at sekretærrollen for HAMU legges til de tre personaldirektørene som rådgiver til rektor i den midlertidige organiseringen. Dette vil gi kontinuitet og nærhet mellom arbeidsgiver, HAMU og de lokale arbeidsmiljøutvalgene.

Møter pr. år

Vi foreslår 4 møter i året i en innkjøringsfase i HAMU.

5.2. Lokale AMU (LAMU)

Vi foreslår at nåværende AMU ved de tre høgskolene med dets medlemmer og underutvalg prolongeres til ny organisering er på plass, og kalles LAMU i Sogn og Fjordane, LAMU ved Stord/Haugesund og LAMU Bergen.

HAMU må gjøre vedtak om dagens arbeidsmiljøutvalg skal forlenges som underutvalg for nærregionene, og fastsette arbeidsoppgaver og beslutningsmyndighet for de lokale arbeidsmiljøutvalgene, jf. forskrift om organisering, ledelse og medvirkning. Dette bør gjøres når HAMU trer sammen på første møte i 2017.

6. Tilrådning

Forslag til vedtak:

1. Det blir opprettet en midlertidig organisering av arbeidsmiljøtjenesten fra 01.01.17, i tråd med skisserte forslag.
2. Det blir etablert et Hovedarbeidsmiljøutvalg for Høgskulen på Vestlandet fra 01.01.17 med følgende sammensetning:
 - a. 4 representanter med vararepresentanter fra arbeidsgiversiden med rektor som fast representant. Rektor oppnevner tre representanter fra ledelsen ved nærregionene.
 - b. 4 representanter med vararepresentanter fra arbeidstakersiden, sammensatt av sentralt hovedverneombud og nærregionene sine hovedverneombud.
 - c. 1 representant fra bedriftshelsetjenesten med møte og talerett
 - d. Rektor er sekretær for utvalget.

Interimsstyret for Høgskulen på Vestlandet

Møtedato: 24.11.2016

Sakshandsamar: Tage Båtsvik

Arkiv:


030/16 Mellombels organisering: Høgskulen på Vestlandet 2017

Bakgrunn

Høgskolen i Bergen, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Høgskolen Stord/Haugesund blir frå 1.januar 2017 organisert som ein høgskule under namnet Høgskulen på Vestlandet. Høgskulen går då inn i det som vart definert som fase 4 i fusjonsprogrammet. I interimfasen har ein etablert interimsstyret og ein felles struktur for avgjerder, prosessar og medverknad. Interimsstyret vedtok i møte 16.09.16 mandat og organisering av det overordna fusjonsprogrammet med ein programorganisasjon på tvers av dei tre institusjonane.

Frå 01.01.17 trer Høgskulen på Vestlandet i kraft som ei juridisk eining. I løpet av 2017 vil ein implementere og utvikle den nye organisasjonen, før endeleg fagleg og administrativ organisering trer i kraft 01.01.18.

I 2017 vil det dermed vera naudsynt med ei midlertidig organisering og eit midlertidig delegasjonsreglement, som skal sikre at Høgskulen på Vestlandet oppfyller krav stilt i lover og forskrifter og har grunnlag for å implementere og utvikle den nye organisasjonen. I sak 021/16 vedtok interimsstyret hovudprinsipp for budsjettfordeling for budsjettåret 2017, og tildelte foreløpige budsjetttrammer til fire budsjettområder –tre driftseiningar/nærregionar (dagens tre institusjonar) og HVL-nivået. Den mellombels organiseringa og det mellombelse delegasjonsreglementet må ivareta behovet for forsvarleg styring og drift av dei fire budsjettområda.



Alternativ til mellombels organisering

HVL treng mellombels organisering i perioden 1.1 2017 -1.8. 2017 i påvente av fagleg og administrativ organisering. Ein planlegg for at prorektorar, dekanar og eventuelle direktørar vert tilsette ultimo mars og kan starte i stillingane 1.8.2017.

Relevante moment for mellombels organisering:

- Forsvarleg drift av HVL og dei tre driftsområda/nærregionane frå første dag
- Rapporteringslinjer på både fagleg og administrativ side må sikrast
- Fusjonsprogrammet må som organisasjonsutviklingsprosjekt sikrast god forankring i toppleiinga
- I påvente av tilsetjingsprosessar må viktig leiarkompetanse i HVL taksast godt vare på.

Frå 1.1.2017 vil HVL ha einskapleg leiing med tilsett rektor. Ein sentral problemstilling ved utgreiing av ulike modellar, er om ein også i mellombels organisering skal etablere eins leiing i heile organisasjonen.

Det er særskilt tre hovudmodellar som er vurdert:

1. Tilsett rektor utgjer institusjonsnivået fram til prorektorane for nærregionane er tilsett. Prorektorane tiltrer så snart som mogeleg. Rektor fremmer sak for styret i januar 2017 for etablering av mellombelse funksjonar dersom rektor ser behov for det. Driftseiningane vert drivne av dekanar og direktørar/viserektor.
2. Tilsett rektor og dei gamle rektorane utgjer rektoratet i den midlertidige løysinga. Driftseiningane vert drivne av dekanar og direktør/viserektor som i alternativ 1.
3. Prinsippet om delt leiing vert vidareført for driftseiningane (bortsett frå HiSF). Tilsett rektor og konstituerte prorektorar med mellombels nærregionansvar utgjer rektoratet i den midlertidige fasen. Direktør og viserektor har ansvar som i dag. Det vert oppretta to leiargrupper:
 - a. Lita leiargruppe (rektor, prorektorar, direktørar/viserektor)
 - b. Utvida leiargruppe (dekanar deler i tillegg til lita leiargruppa)

Det er fordeler og ulemper med dei ulike modellane, men eit hovudomsyn må vere å ivareta både kontinuitet og kompetanse. Tilrådinga i saka er å velje modell 3 for mellombels organisering av HVL. Eit alternativ til at styret vedtek ein modell for institusjonsnivået i den mellombelse organiseringa no, er å kome attende med ei sak til Interimsstyret i desembermøtet for å få denne avklaringa. Då vil den tilsette rektoren kunne vere med på diskusjonen om kva modell for mellombels organisering som skal vere på institusjonsnivået i 2017, før styret tek ei avgjerd.

Når modell 3 vert tilrådd som modell er særskilt omsynet til at HVL også i den mellombelse fasen ivaretar semja i fusjonsavtala om regional forankring i strategisk leiing, og omsynet til ei forsvarleg styring og drift av dei tre driftseiningane i 2017 tillagt hovudvekt.

Nærare om prosess i 2017


Tidslinja under viser at den midlertidige organiseringa vil gjelde heile 2017, med unntak av samansetning av leiargruppa. Dette er grunna i at ein i tråd med fusjonsavtala har valt å fordele budsjett 2017 til HiB, HiSF og HSH som eigne driftseiningar, samt at leiing på nivå 3 fyrst tiltrer 01.01.2018. Heilt konkret inneber dette at brorparten av dei tilsette i HVL ikkje vil få ny leiar eller bli tilsett i nye organisasjonseiningar før 01.01.2018.

Interimsstyret for Høgskulen på Vestlandet


Møtedato: 24.11.2016

Sakshandsamar: Tage Båtsvik

Arkiv:



Midlertidig organisasjonskart



Nærare om dei ulike delane av organisasjonskartet

I det vidare er dei ulike delane av organisasjonskartet skjematisk omtala.

Høgskulestyret

Jf. Fusjonsavtalen og kongeleg resolusjon skal Høgskulen på Vestlandet ha normalmodellen for leining etter universitets- og høgskulelova. Det inneber tilsett rektor og ekstern styreleiar. Interimsstyret går over til eit fellesstyre frå fusjonstidspunktet og har ein funksjonsperiode fram til 31.07.2019.

Årshjul for styret i 2017, med faste saker for styret og saker knytt til organisasjonsutviklingsprogrammet, blir lagt fram for styret 22.12.16.

I første styremøte våren 2017 får styret lagt seg føre alle avgjersler som er tekne av interimsstyret hausten 2016 som er gjeldande for HVL.

Rektorat

Rektor for HVL blir tilsett i styremøte 24.11.2016.

Rektor skal ha hovudarbeidsplass i Bergen jf. fusjonsavtala.

HiSF arbeider for å kunne ha god og effektiv infrastruktur med samla aktivitet på Fosshaugane Campus i Sogndal og på Vie i Førde. I samband med samlokalisering i Sogndal vart det sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Sogndal kommune, Sogndal Fotball og HiSF i samarbeid med Statsbygg som skal utarbeide ein samla plan for utvikling av området. Utviklingsplanen for Fosshaugane Campus 2.0 vart signert av partane i sommar. Sogndal Fotball er no i gang med å bygge det nye Innovasjonsbygget.

Avtalen med Sogn og Fjordane fylkeskommune om kjøp av Gymnasbygget vart underteikna i oktober 2014. Det betyr at HiSF har kome langt med tredje byggjesteget i Sogndal. Statsbygg overtek etter planen eigedommen i august 2017. Det er venta at innflytting kan skje i august 2018.

Gymnasbygget skal nyttast til undervisningsrom og kontor. Dermed fullfører HiSF planane om å samle alle aktivitetane til høgskulen på Fosshaugane Campus. Gymnasbygget ligg plassert midt i campus-området.

Inkludert ombygging er dette prosjektet kostnadsrekna til ein stad mellom 106 og 141 mill. kroner. Ombygginga er kalkulert med ei uvisse på 25 %. KD har gitt ei løyving på 3 mill. over statsbudsjettet til dette formålet. Samstundes med overtaking av nye lokale vil gammal byggmasse bli fråflytta (Guridalsbygget og Svingen), og husleigemidlar frigjorde. Statsbygg er ansvarleg for rehabilitering og ombygging, men høgskulen må investere i inventar, utstyr og ikt i bygget. Det er avsett 17 mill til føremålet.

I samarbeid med Statsbygg har HiSF komme fram til ein god og arealeffektiv løysning på Gymnasbygget som vil eigne seg godt for verksemda til HiSF. Statsbygg har motteke tilbod som omfattar rehabilitering og ombygging. Kurantprosjektet vil bli førelagt departementet i november i år.

I samband med innflytting i Gymnasbygget, vert det frigjort areal i Fossbygget. For å få ei effektiv arealutnytting må delar av Fossbygget byggast om. Der trengst både kontor og undervisningsrom. Dette må finansierast som eit kurantprosjekt.

Campus Førde har fortsatt behov for større undervisningslokale og fleire kontor. Det føreligg ei behovs- og arealanalyse frå Statsbygg. Her er det førebels sett av midlar (3,7 mill) til ombygging for betre utnytting av areala. Ein er og i gang med å vurdere alternativ for vidare utbygging sidan dispensasjonen for å nytte Lettbygget går ut 1. september 2017. Bygget tilfredstiller ikkje dagens krav til kontorarbeidsplassar med omsyn til lydisolasjon, universell utforming og inneklima.

Høgskulen har søkt midlar utanfor ramma for budsjettet i 2018 for å dekke auka husleige som følgje av ei utbygging.

Samla årleg leige utgjer 13,3 % av totalbudsjettet. HiSF har hatt låg studentvekst dei siste fem åra, med vel 4%.

Høgskolen i Bergen (HiB)

Nøkkeltal 2016:

Bruttoareal i m ²	70.480
Samla årlege leigeutgifter, i mill. NOK	200.122
Tal studentar (DBH 2015)	9023
%- studentvekst 2010-15	25
Tal tilsette	834
Saldert grunnløyving frå KD i 2016, i mill NOK	997.514
Årleg husleige i % av samla grunnløyving	20,1

Høgskolen i Bergen har 9023 registrerte studentar og 834 tilsette og disponerer om lag 70 tusen kvadratmeter for den samla verksemda, til ein årleg leigekostnad på vel 200 millionar. Verksemda er fordelt på to hovudcampi, høvesvis Møllendalsveien og Kronstad. I tillegg kjem mindre campi fordelt som desentrale studietilbod på Vestlandet og med dykkarutdanninga i Skålevik som den største eininga utanfor hovudcampi. Om lag 18 tusen kvadratmeter eller vel 25% er leigd av private. Dei fleste kontraktar og bygg er av nyare dato. Større leigebygg er rehabiliterte i nyare tid og samla er bygga etter måten godt tilpassa dagens verksemd.

Gjennom Statsbygg disponerer HiB om lag 25 dekar tomteareal på Kronstad. For HiB har det vore eit klårt mål å få samla det meste av verksemda på Kronstad gjennom utbygging av ledig tomteareal. Etter tidlegare vedtak i høgskolestyret og, tilslutning frå KD i brev av 20. mai 2015, og i samarbeid med Statsbygg vart planprosessen for Kronstad nord sett i gang hausten 2015. Det er så langt utarbeidd plan om eit kurantbygg på 14400 m² brutto.

Kurantbygget skal etter planen erstatte campus Møllendalsveien når kontrakten der går ut i 2020. Statsbygg har utlyst tilbodskonkurranse for kurantbygget, denne har frist den 15. desember i år. Etter Statsbygg sine førebels kalkylar vil samla byggekostnad ligge mellom 590-730 millionar kroner.

Ingen formelle vedtak er så langt gjorde i høgskolestyret med omsyn til byggstart. Når beste tilbud er valt, må saka attende til styret for endeleg vedtak. Planen er at frigjord leige frå Møllendalsveien skal finansiere kurantbygget, medan inventar i bygget og utrustning elles vil vere eit ansvar for høgskolen sjølv. Førebels kalkyle for utrustning/inventar ligg på om lag 64 mill. Så langt er det ikkje gjort vedtak om endeleg ramme for dette ettersom eventuell byggstart/ferdigstilling ligg eit stykke fram i tid.

HiB har hatt ein etter måten sterk studentvekst dei siste fem åra på 25 % og ved flytting til Kronstad sommaren/hausten 2014 var nybygget alt då for lite. Flyttinga medførde ein reduksjon av samla areal frå vel 70 tusen kvadratmeter til 60 tusen. I dei to åra som er gått etter dette har ein måtta leige inn nytt areal slik at høgskolen er attende på 70 tusen kvadratmeter, men samstundes har verksemda vakse sterkt både med omsyn til studenttal, master- og doktorgradskandidatar og tilsette. I tillegg kjem sterk vekst i prosjektportefølje.

Det er såleis framleis eit sterkt press i retning av å leige inn ytterlegare areal. Som døme er det ikkje usannsynleg at talet på masterplassar i den nye lærarutdanninga åleine vil auke med 300 berre i Bergen, ettersom kulla for opptak til lærarutdanninga per i dag er over 300.

Samla husleige utgjer i dag over 20% av grunnløyvinga frå KD.

Av andre særlege tilhøve kan nemnast at HiB har inngått intensjonsavtale med UiB og Helse Bergen om deltaking i klyngesamarbeid innan helse, teknologi og media. Det er førebels ikkje fastsett endeleg areal som HiB vil forplikte seg til å leige i dei ulike klyngene.

Høgskulen på Vestlandet (HVL)

Nøkkeltal 2017:

Bruttoareal i m ²	129.356
Samla årlege leigeutgifter, i mill. NOK	299.393
Tal studentar (DBH 2015)	16.016
%- studentvekst 2010-15, (Sum tal frå tre høgskolar)	15,6
Tal tilsette	1490
Samla grunnløyving 2016, i mill NOK	1.780.000
Årleg husleige i % av samla grunnløyving	16,8

Høgskulen på Vestlandet vil ha eit samla studenttal i 2017 på minst 16000 registrerte studentar og om lag 1500 tilsette. Den samla verksemda vil ha eit bruttoareal på samla knapt 130 tusen kvadratmeter til ein samla årleg kostnad på knappe 300 millionar kroner. I tillegg kjem om lag 25 millionar i såkalla felleskostnader.

Dei tre høgskolane som inngår i Høgskulen på Vestlandet er relativt like på fleire parameter. To av dei, høvesvis HiSF og HiB er truleg dei mest arealeffektive i sektoren med i snitt 7,8 m² per student og om lag 13 m² til disposisjon for kvar tilsett. HSH ligg noko høgare, men truleg trekkjer Stord her opp snittet.

I tillegg til ulik storleik er største skilnaden den årlege leigeprisen per brutto m². Her ligg HiB desidert på topp med ein snittpris på 2839 kroner per kvadratmeter, medan begge dei to andre ligg på godt under 2000 kroner, varierende mellom 1500-1700. Innan den nye høgskulen vil det bli stor variasjonsbreidde for årleg leigepris per kvadratmeter, varierende frå 250 til 3500 kroner. Dei lågaste leigeprisane vil, i samsvar med føreliggande planar, etter kvart bli fasa ut.

Den nye høgskulen vil ha ei samla grunnløyving frå KD på 1.789 millionar kroner der samla husleige utgjer knapt 17 % av budsjettet. Med venta tilleggsløyvingar og samla ekstern prosjektportefølje vil totalbudsjettet nærme seg 2 mrd. Og samla husleige vil då utgjere ned mot 15 % av totalbudsjettet.

Førebels vurderingar

Vi meiner at rapporten så langt gjev ei rimeleg god oversikt over arealstatus og dei framtidige pliktene til Høgskulen på Vestlandet som gjeld areal og bygg. Ser vi på tida for inngådde kontraktar vil høgskolestyret ha avgrensa handlingsrom i det korte perspektivet med omsyn til å seie opp eksisterande kontraktar for å inngå nye meir tidhøvelege og betre tilpassa areal.

Alle høgskolane driv effektivt målt i areal tilgjengeleg per student eller per tilsett. Ser vi på brutto/nettofaktoren innan kvart bygg der vi har tal, vitnar det om at det er lite å hente på effektivisering/fortetting innan det enkelt bygg.

Kvar og ein av høgskolane, og det vil seie HVL, har sine særlege utfordringar med bygg og areal, og kanskje campus Stord er mest avvikande, i så måte, i storleik på det samla arealet og talet på bygg. Samstundes er det knappheit på areal ved alle dei tre institusjonane som fusjonerer. Dette kjem ikkje minst av den aktivitetsauken i prosjektportefølje og studentvekst som har vore dei siste åra.

Høgskulen på Vestlandet har universitetsambisjonar og eit klart mål om betre kvalitet i den faglege verksemda og utvikling av sterkare fagmiljø. Det er difor venta at veksten vil halde fram, dels som resultat av tidlegare tildelte studieplassar, framleis under oppbygging, dels kjem verknader av etablering av nye doktorgradsprogram og styrking av eksisterande.

Oppbygginga av masterstudiet i den fem-årige lærarutdanning startar i 2017. Den kan i løpet av eit par år gje opp mot 450 nye studieplassar. I tillegg kjem eventuelle nye studieplassar frå 2018 (jf. Særskilte midlar – Budsjett 2018).

Ei enkel framskriving viser at HVL truleg vil ha rundt tusen nye studieplassar fram mot 2020, basert på kjende løyvingar og konkrete planar. I tillegg kjem venta auke i eksternfinansiert prosjektportefølje som og krev meir areal.

Høgskulen på Vestlandet har dei siste fem åra hatt ei samla auke på 15,6% i studenttalet, med over to tusen nye studentar. Snittet er i dag om lag 15 studentar for kvar fagleg tilsett. Tusen nye studentar genererer derfor mellom 60-70 nye fagstillingar og 12-15 administrativt tilsette som treng arbeidsplassar. Legg vi dagens snitt-tal til grunn når det gjeld areal per student og per tilsett, vil 1000 nye studieplassar generere eit arealbehov på 9-10000 kvadratmeter.

To døme på kva slik vekst kan generere av konsekvensar. For det første, veks klassane og det medfører større belastning på undervisningsrom. Særleg ved studiestart vert det sette inn mange lause stolar i undervisningsromma/auditoria og ein står i fare for å bryte brannvernføreskriftene. Dette skjer nokre stader alt i dag. For det andre melder ansvarlege for doktorgradsprogramma om at dei fryktar at dei ikkje maktar å halde fagmiljø samla og at tilrettelegginga for integrasjon av doktorgradskandidatane i fagmiljøa vert skadelidande. God tilrettelegging for doktorgradskandidatar og integrasjon i fagmiljøa er eitt av fleire kriterium i NOKUT sitt akkrediterings- og tilsynssystem.

Interimstyret ved VHL har sendt søknad om løyvingar i 2018 på grunnlag av arealbehov og utbyggingsprosessar ved fleire campus. Alle ekstraløyvingar vil hjelpe på. Men framtidige løyvingar er allereide for seint. Det er registrert såpass stor pågang på areal for å ta unna pågåande aktivitetsvekst at det bør avsetjast midlar til å inngå nye leigeavtalar allereide i inneverande år og i 2017.

HiB saman med HiSF ligg på om lag 25% av leigearealet i den private marknaden, HSH noko mindre, men trenden til meir innleige vil mogleg halde fram. Samstundes er det eit dilemma at kvar krone brukt til å auke tilgjengeleg areal, blir ei krone mindre til anna verksemd i HVL.

Førebels oversikt viser at dei tre høgskolane har komme ulikt langt i planlegging og vidareutvikling av dei areala dei har til disposisjon og i planlegging av nye areal. HiSF har arbeidd godt med campusutvikling både i Sogndal og Førde og dei vil ha gode og veltilpassa camp i løpet av kort tid, men planane vil samstundes ha nokre budsjettkonsekvensar. Samstundes har denne høgskulen hatt minst studentvekst. I Bergen har ein tilgjengeleg areal for vidareutvikling av campus Kronstad for å dekke all aktivitetsauke i overskodelig framtid, men kommunale reguleringsplaner og utvikling av bybana i Bergen har seinka arbeidet, samstundes har HiB hatt sterkast student-/aktivitetsvekst og har måtta løyse arealutfordringane meir på ad hoc basis. HSH har sine utfordringar med campus Stord og har planar om utvikling av campus Haugesund.

All aktivitetsvekst har klare areal- og budsjett-implikasjonar og tilgang på høveleg areal er truleg den viktigaste føresetnaden for fagleg vekst, utvikling og vidareutvikling. Samtidig er det viktig at eksisterande areal vert tilpassa best mogleg både i kvalitet og i eit effektivitetsperspektiv.

I den nye høgskulen bør det leggjast meir vekt på planlegging av arealbruk og det må avsetjast meir midlar og lagast system slik at høgskulen kan løyse arealoppgåvene sine meir effektivt og planlagt. Arbeidet med bygg og infrastruktur må difor vektleggast meir og verte meir synleg og få større tyngd i den nye høgskulen.

Kartlegginga så langt viser at det er eit udekket behov for areal og dermed budsjettimplikasjonar som følgje av dette, allereie i overgangen 2016-2017, dersom ein ser HVL samla. Interimsstyret har sett av etter måten lite midlar til fellesføremål og førebels er lite disponert. I det meir kortsiktige perspektivet (2017) kan høgskolestyret setje av midlar til areal-leige på eige budsjett eller føresetje i ein overgangsfase at den ein skilde nærregion må løyse arealutfordringane sjølv innafor si tildelte ramme. Det er søkt om ekstramidlar til areal over budsjett 2018, utanom ramma. Dersom desse uteblir må det finnast ein plan B. I alle høve kan ikkje desse utfordringane falle mellom to stolar og det bør vurderast ei eiga avsetning til slikt føremål.

Analyse av trendar, potensiale for aktivitetsvekst, campus- og arealutvikling i eit lengre perspektiv og innspel til budsjetteringsmodell vil vi måtte komme attende til i neste delrapport.

Strategisk arealplan for HVL

Ved HiB har ei arbeidsgruppe fått i mandat å kome med framlegg til strategisk arealutviklingsplan for HiB. Følgjande mandat vart gjeve:

Høgskoledirektøren oppnemner med dette følgjande personar til arbeidsgruppe som skal arbeide med utvikling av ein strategisk arealutviklingsplan for Høgskolen i Bergen (HiB).

- *Spesialrådgjevar Audun Rivedal (leiar)*
- *Direktør for Arealforvaltning, Drift- og Brukerservice: Endre Laastad*
- *Prosjektleder Knut Kismul*
- *Rådgjevar Karl Henrik Svensson*

Arbeidsgruppa skal i hovudsak sjå på areal og utviklingsbehov for HiB og den verksemda som i dag stort sett skjer i Bergensområdet. Dette vil frå 1. januar 2017 bli studiestad Bergen i den nye Høgskulen på Vestlandet (HVL), og det er difor naturleg også å kartlegge status og behov til dei to andre høgskulane (HSH og HiSF) for å kunne sjå dette i samanheng. Arbeidsgruppa skal trekkje veksar på ressurspersonar ved Statsbygg og dei andre høgskolane etter behov.

Arbeidsgruppa skal ha følgjande mandat:

- *Utarbeide prognosar for vekst ved HiB ved å framskrive trendar i studentrekrutteringa og samfunnsbehov for kompetanse og kompetanseutvikling*
- *Kartlegge dagens arealressursar og eksisterande planar for arealutvikling ved HiB, og så langt mogleg ved dei tre høgskolane, og eventuelle andre samarbeidsrelasjonar (UiB og evt. andre)*
- *Foreslå arealressursdisponering og eventuelle konkrete tiltak for studiestad Bergen fram til og med 2020*
- *Utvikle ein plan for tiltak og prioriteringar i perioden 2020-2030 for studiestad Bergen*

Arbeidet er todelt, med første leveranse for status og forslag for HiB innan inneverande semester. Arbeidsgruppa skal ha ferdigstilt arbeidet med strategisk arealutviklingsplan for studiestad Bergen innan utgangen av vårsemesteret 2017.

Det har kome eit ønske om å gjere dette til eit felles prosjekt for heile HVL, noko Innstillingsrådet støtter. HiSF og HSH vil etablere eigne lokale arbeidsgrupper etter same mal som HiB. For å drive det felles prosjektet for heile HVL, vert det etablert ei koordinerande arbeidsgruppe bestående av leiarane av dei lokale arbeidsgruppene. HiSF har peika ut Karianne Bergheim som leiar og HSH har peika ut Hans Erik Lundeberg som leiar. Saman med Audun Rivedal som leiar HiBs arbeidsgruppe utgjer desse ei koordinerande arbeidsgruppe som har ansvar for samordning mellom dei lokale arbeidsgruppene. Audun Rivedal koordinerer arbeidet i det felles prosjektet.

Det er semje om å gje følgjande overordna mandat for arbeidet med strategisk arealplan for HVL

Mandat for arbeid med strategisk arealplan for HVL

- *Utarbeide prognosar for vekst ved HVLs studiestadar ved å framskrive trendar i studentrekrutteringa og samfunnsbehov for kompetanse og kompetanseutvikling*
- *Kartlegge dagens arealressursar og eksisterande og inngåtte planar for arealutvikling ved dei tre institusjonane og eventuelle andre samarbeidsrelasjonar*
- *Foreslå arealressursdisponering og eventuelle konkrete tiltak for studiestadane fram til og med 2020*

- Utvikle ein plan for tiltak og prioriteringar i perioden 2020-2030 for HVL

Arbeidet er organisert i delleveransar:

Leveranse 1:

- Kartlegging av status for dagens arealressursar og inngåtte avtalar som bind HVL økonomisk i 2017 og åra framover (Interimsstyret treng desse opplysningane i samband med fordeling av budsjett 2017 på tre ulike driftseiningar. Denne delleveransen er også eit viktig grunnlags for arealdelen i ny framtidig budsjettmodell for HVL, som skal arbeidast med våren 2017)
- Frist: 1. november

Leveranse 2:

- Utarbeide prognoser for arealbehov for HVL på mellomlang og lang sikt
- Frist: Januar 2017

Leveranse 3:

- Utkast til strategisk arealplan for HVL
- Frist førsteutkast: April 2017
- Frist andreutkast: Juni 2017

Innafor desse rammene og delleveransane definerer den koordinerande arbeidsgruppa sjølv framdrift og arbeidsmåtar.

Status - Eksisterende bygningsmasse - HVL

Arealanalyse pr. 27.10.2016

Arealoversikt - økonomi

Lokasjon	Brutto-A	Netto-A	B/N-fakt.	Privat - A	Offentlig	Felleskost	Leie	Leie/Br.-A
Stord/Haugesund	29 400	20 452	1,44			6 027 671	46 382 932	1 578
Bergen	70 480	47 022	1,50	17 910	52 570	11 086 529	200 122 095	2 839
Sogndal/Førde	29 476	17 202	1,71	8 328	21 148	7 475 000	52 888 000	1 794
Sum	129 356	84 676	1,53	26 238	73 718	24 589 200	299 393 027	2 314

Bruttoareal: Totalt areal eksklusiv ev. innendørs parkeringsareal

Nettoareal: Innvendig bruksareal. Korridorer, tekniske rom o.l er ikke med.

Privat-A: Bruttoareal leiet av private aktører

Offentlig-A: Bruttoareal leiet av offentlige aktører, Statsbygg

Ikke fordelt-A: Areal som p.t. ikke er fordelt til noen bruker

Uegnet-A: Areal som ikke er egnet til bruk

Felleskost: Felleskostnader i bygg som betales til huseier

Leie: Husleie som betales til huseier

Arealoversikt - funksjon

Lokasjon	Brutto-A	Nettoareal								Sum netto
		Undervisn.	Spesial	Studie	Felles	Kontor	Landskap	Møterom	Driftsareal	
Stord/Haugesund	29 400	12 750				6 463				*
Bergen	70 480	7 188	8 115	5 192	7 805	7 578	2 222	1 357	7 566	47 022
Sogndal/Førde	29 476	3 576	3 421	2 196	1 536	3 499	233	340	2 401	17 202
Sum	129 356	23 514	11 536	7 388	9 341	17 540	2 455	1 697	9 967	64 224

Undervisning: Auditorier, seminarrom klasserom

Spesialrom: Laboratorier, læringsarealer med spesielle funksjoner

Studiearealer: Lesesal, grupperom, åpne studiearealer

Fellesareal: Kantine, bokhandel, sosialsoner o.l.

Kontorareal: Cellekontorer

Landskap: Areal på arbeidsplasser i landskap

Driftsareal: Lagerrom, toaletter, varelevering o.l.

* Detaljert oversikt over nettoarealer har ikke vært mulig å frembringe innenfor tidsrammen.

Arealoversikt - personbelastning

Lokasjon	Bruttoareal	Ant stud	Brutto-A/stud	Ansatte	Areal pr ans.	Sum stud/ans
Stord/Haugesund	29 400	3 210	9,2	314	20,6	3 524
Bergen	70 480	9 023	7,8	834	13,4	9 857
Sogndal/Førde	29 476	3 783	7,8	342	11,9	4 125
Sum	129 356	16 016	8,1	1 490		17 506

Ant stud: Antall studenter etter DBH

Ant ansatte: Antall ansatte (50% stilling eller mer) etter DBH

Areal pr. ansatt: Kontor-/Landskap og møteromsareal delt på antall ansatte

Status - Eksisterende bygningsmasse - Sogndal/Førde
 Arealanalyse pr. 27.10.2016

Arealoversikt - økonomi

Lokasjon	Byggeår	Brutto-A	Netto-A	B/N-fakt.	Privat - A	Offentlig	Felleskost	Leie	Leie/Br.-A	Kontrakt
Høgskulebygget	2012	7 605	3 966	1,92		7 605	2 300 000	31 550 000	2 042	01.07.2012
Fossbygget	1995	4 660	3 093	1,51		4 660	0	0	0	15.10.1995
Guridalsbygget	70-tallet	2 040	1 527	1,34		2 040	0	0	0	70-tallet
Guristova	1992	1 148	852	1,35		1 148	0	0	0	
Hovudbygg, Vie, Førde	2005	5 355	3 507	1,53		5 355	1 600 000	9 744 000	1 820	31.07.2005
Lettbygget, Vie, Førde	1995	340	254	1,34		340	0	60 000	176	
Stadionbygg	2007	4 768	2 620	1,82	4 768		3 200 000	7 685 000	1 612	01.08.2006
Sognahallen	1998	2 300	459	5,01	2 300		375 000	2 189 000	952	31.07.1998
Svingen	1993	1 260	924	1,36	1 260			1 580 000	1 254	15.02.1992
Svømmehall SFFK						X		80 000		
Sum		29 476	17 202	1,71	8 328	21 148	7 475 000	52 888 000	1 794	

(Gymnaset, august 2018)		4000	2431			X				
-------------------------	--	------	------	--	--	---	--	--	--	--

Bruttoareal: Totalt areal eksklusive ev. innendørs parkeringsareal

Nettoareal: Innvendig bruksareal. Korridorer, tekniske rom o.l er ikke med.

Privat-A: Bruttoareal leiet av private aktører

Offentlig-A: Bruttoareal leiet av offentlige aktører, Statsbygg

Ikke fordelt-A: Areal som p.t. ikke er fordelt til noen bruker

Uegnet-A: Areal som ikke er egnet til bruk

Felleskost: Felleskostnader i bygg som betales til huseier

Leie: Husleie som betales til huseier

Arealoversikt - funksjon

Lokasjon	Brutto-A	Nettoareal								Sum netto
		Undervisn.	Spesial	Studie	Felles	Kontor	Landskap	Møterom	Driftsareal	
Høgskulebygget	7 605	628	338	675	700	820	199	120	486	3 966
Fossbygget	4 660	541	669	443		918	0	58	464	3 093
Guridalsbygget	2 040	352	302	92	106	265	0	10	400	1 527
Guristova	1 148	458	149	22	0	69	0	0	154	852
Hovudbygg, Vie, Førde	5 355	765	859	462	543	496	34	57	291	3 507
Lettbygget, Vie, Førde	340	0	0	0	7	242	0	0	5	254
Stadionbygg	4 768	442	1 034	382	50	468	0	62	182	2 620
Sognahallen	2 300		70		40	101		33	215	459
Svingen	1 260	390	0	120	90	120	0	0	204	924
Svømmehall SFFK										
Sum	29 476	3 576	3 421	2 196	1 536	3 499	233	340	2 401	17 202

<i>(Gymnaset, august 2018)</i>	4000	1007	176	216	523	333	188	79	235	2757
--------------------------------	------	------	-----	-----	-----	-----	-----	----	-----	------

Undervisning: Auditorier, seminarrom, klasserom

Spesialrom: Laboratorier, læringsarealer med spesielle funksjoner

Studiearealer: Lesesal, grupperom, åpne studiearealer

Fellesareal: Kantine, bokhandel, sosialsoner o.l.

Kontorareal: Cellekontorer

Landskap: Areal på arbeidsplasser i landskap

Driftsareal: Lagerrom, toaletter, varelevering o.l.

Arealoversikt - personbelastning

	Brutto-A	Ant stud	Brutto-A/stud	Ansatte	Areal pr ans.	Sum stud/ans
Sum	29 476	3783	7,8	342	11,9	4125

Ant stud: Antall studenter etter DBH

Ant ansatte: Antall ansatte (50% stilling eller mer)

Areal pr. ansatt: Kontor-/Landskap og møteromsareal delt på antall ansatte

Status - Eksisterende bygningsmasse - HiB
 Arealanalyse pr. 27.10.2016

Arealoversikt - økonomi

Lokasjon	Byggeår	Brutto-A	Netto-A	B/N-fakt.	Privat - A	Offentlig	Felleskost	Leie	Leie/Br.-A	Kontrakt
Inndalsveien 28	2014	48 000	30 766	1,56		48 000	6 035 156	165 564 808	3 449	01.05.2014
Møllendalsveien 6-8	1976//1990/201	13 092	9 088	1,44	13 092		3 634 098	22 221 740	1 697	01.04.2012
Skålevik	1970/1991	2 455	1 910	1,29		2 455	380 000	2 931 592	1 194	01.03.2003
Inndalsveien 22B	1970/2015	1429	1 010	1,41	1 429		91 536	2 382 904	1 668	01.01.2015
Kronstad lager	1970	1 233	1 180	1,04		1 233		385 224	312	02.05.2014
Fabrikkgaten 5	1989/2016	1 170	860	1,36	1 170		308 440	1 885 500	1 612	01.08.2016
Bjørnsonsgt 29	1968/2014	1 126	623	1,81	1 126		337 800	1 323 052	1 175	15.02.2016
Smålonane 2	2011	618	461	1,34	618		228 249	1 025 275	1 659	01.08.2012
Florø	2017	475	448	1,06	475		71 250	855 000	1 800	01.01.2017
Haukelandsbakken BUS	2017	442	325	1,36		442		1 547 000	3 500	01.01.2017
Brakke Kronstad	2010	440	352	1,25		440				
Sum		70 480	47 022	1,50	17 910	52 570	11 086 529	200 122 095	2 839	

Bruttoareal: Totalt areal eksklusive ev. innendørs parkeringsareal

Nettoareal: Innvendig bruksareal. Korridorer, tekniske rom o.l er ikke med.

Privat-A: Bruttoareal leiet av private aktører

Offentlig-A: Bruttoareal leiet av offentlige aktører, Statsbygg

Ikke fordelt-A: Areal som p.t. ikke er fordelt til noen bruker

Uegnet-A: Areal som ikke er egnet til bruk

Felleskost: Felleskostnader i bygg som betales til huseier

Leie: Husleie som betales til huseier

Arealoversikt - funksjon

Lokasjon	Brutto-A	Nettoareal								Sum netto
		Undervisn	Spesial	Studie	Felles	Kontor	Landskap	Møterom	Driftsareal	
Inndalsveien 28	48 000	4 815	7 342	3 103	5 644	3 736	1 135	675	4 316	30 766
Møllendalsveien 6-8	13 092	1 769	211	1 361	1 023	2 557	657	570	940	9 088
Skålevik	2 455	174	562	0	224	270	0	0	679	1 910
Inndalsveien 22B	1 429	0	0	0	403	458	0	26	123	1 010
Kronstad lager	1 233								1 180	1 180
Fabrikkgaten 5	1 170	0	0	587	30	46	119	50	28	860
Bjørnsonsgt 29	1 126	0	0	0	132	246	159	35	51	623
Smålonane 2	618	189	0	77	155	40	0	0	0	461
Florø	475	164	0	44	154	38	0	0	49	448
Haukelandsbakken BUS	442	77	0	21	41	98	39	0	49	325
Brakke Kronstad	440	0	0	0	0	88	113	0	151	352
Sum	70 480	7 188	8 115	5 192	7 805	7 578	2 222	1 357	7 566	47 022

Undervisning: Auditorier, seminarrom klasserom

Spesialrom: Laboratorier, læringsarealer med spesielle funksjoner

Studiearealer: Lesesal, grupperom, åpne studiearealer

Fellesareal: Kantine, bokhandel, sosialsoner o.l.

Kontorareal: Cellekontorer

Landskap: Areal på arbeidsplasser i landskap

Driftsareal: Lagerrom, toaletter, varelevering o.l.

Arealoversikt - personbelastning

	Brutto-A	Ant stud	Brutto-A/stud	Ansatte	Areal pr ans.	Sum stud/ans
Sum	70 480	9023	7,8	834	13,4	9857

Ant stud: Antall studenter etter DBH

Ant ansatte: Antall ansatte (50% stilling eller mer)

Areal pr. ansatt: Kontor-/Landskap og møteromsareal delt på antall ansatte

Status - Eksisterende bygningsmasse Stord/Haugesund
 Arealanalyse pr. 27.10.2016

Arealoversikt - økonomi

Lokasjon	Byggeår	Bruttoareal	Nettoareal	B/N-faktor	Felleskost	Leie	Leie/Br.-Areal	Kontrakt
Hovedbygget Stord	1995/1886	2 311	1 980	1,17		sum stord		
Spes bygget	1965,00	1 731	1 189	1,46		sum stord		
Undervisningsbygg	1965,00	1 510	1 308	1,15		sum stord		
Kantine	1965,00	810	629	1,29		sum stord		
Sjukepleie	2004,00	2 600	2 480	1,05		sum stord		
Forming/musikk	1966,00	2 449	2 000	1,22		sum stord		
Gymsal	1920/2016	622	450	1,38		sum stord		
Anneks/undervisning	1880,00	423	385	1,10		sum stord		
Granheim	1920,00	238				sum stord		
Osahaugen	1920,00	526				sum stord		
Borg	1920,00	423	385	1,10		sum stord		
Thu (Barnehage)	1880,00	200				sum stord		
Børtveit (antikvitert)	1905,00	80				sum stord		
Aula	1966,00	1 075	701	1,53		sum stord		
Diverse småbygg						580 000		
Sum Stord					3 560 844	20 654 944		2025
Hovedbygg Haugesund HSH	1997,00	12 700	7 620	1,67	2 390 827	21 895 988		2017
Bjørnsonsgate 39	1930?	250	225	1,11		Inkl. i HSH		2017
Simsea simulatorsenter	2011,00	1 000	700	1,43		550 000		2021
Sørhauggata 100	2015,00		400	0,00		965 000		2025
Haraldsgaten 75	1920/2005	452			76 000	584 000		2021
Studenthybler 19 stk						798 000		2019
Sørhauggata 100 hybel	2015,00					53 000		
Studenthus Haugesund						302 000		
SUM		29 400	20 452	1,44	6 027 671	46 382 932	1 578	

Arealoversikt - funksjon

Lokasjon	Bruttoareal	Nettoareal				Sum netto
		Undervisning		Kontorareal		
Hovedbygget Stord	2 311			1 063		1 063
Spes bygget	1 731	i sum		i sum		
Undervisningsbygg	1 510	i sum		i sum		
Kantine	810	i sum		i sum		
Sjuepleie	2 600	i sum		i sum		
Forming/musikk	2 449	sum2541		sum 808		3 349
Gymsal	622	350		0		350
Anneks/undervisning	423	203		30		233
Granheim	238	42		45		87
Osahaugen	526	43		132		175
Borg	423			135		135
Thu (Barnehage)	200			21		21
Børtveit (antikvitet)	80					
Aula	1 075	701		0		701
Diverse småbygg						
Sum Stord	14 998	3 880		2 234		6 114
Hovedbygg Haugesund hsh	12 700	4 080		1 770		5 850
Bjørnsonsgate 39	250			225		225
Simsea simulatorsenter	1 000	700				700
Sørhauggata 100		210				210
Haraldsgaten 75	452					
Studenthybler 19 stk						
Sørhauggata 100 hybel				1 063		1 063
Studenthus Haugesund				808		808
Sum bruttoareal HSH	29 400	12 750		6 463		21 084

Arealoversikt - personbelastning

	Brutto-A	Ant stud	Brutto-A/stud	Ansatte	Areal pr ans.	Sum stud/ans
Sum	29 400	3210	9,2	314	20,6	

Ant stud: Antall studenter etter DBH

Ant ansatte: Antall ansatte (50% stilling eller mer)

Areal pr. ansatt: Kontor-/Landskap og møteromsareal delt på antall ansatte

Registrerte studentar 2010 – 2015 (inkluderer studentar på etter- og vidareutdanning)

	2010	2012	2014	2015	Vekst i % 2010/15
HiB	7215	7395	8382	9023	25
HSH	3005	3064	3239	3210	6,9
HSF	3630	3831	3887	3783	4,2

Ut frå denne prosentvise veksten vil dei ulike nærregionane til Høgskolen på Vestlandet i 2020 kunne ha følgjande studenttall, gitt framskriving av vekst dei siste fem år:

HiB: 11 278

HSH: 3431

HSF: 3941

Totalt tilsette og tilsette etter stillingskategori

	2010			2012			2015		
	<i>Totalt</i>	<i>Fag. 1)</i>	<i>Adm.</i>	<i>Totalt</i>	<i>Fag. 1)</i>	<i>Adm.</i>	<i>Totalt</i>	<i>Fag 1)</i>	<i>Adm.</i>
HiB	667	481	186	703	514	189	834	584	250
HSH	276	193	83	279	192	87	314	210	104
HSF	274	198	76	289	207	82	342	238	104

1) Inkluderer årsverk i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar (inkludert stipendiater)

Forholdstal studentar per fagleg stilling og tal faglege stillingar per administrativ tilsett

	2010		2012		2015	
	Student / Fagleg	Fagleg / adm.	Fagleg / Student	Fagleg / adm.	Fagleg / Student	Fagleg / adm.
HIB	15	2,6	14,4	2,7	15,5	2,3
HSH	15,6	2,3	16	2,2	15,2	2,0
HSF	18,3	2,6	18,5	2,5	15,9	2,2

Alle tal er henta frå offisielle DBH tal 2010 – 2015.

From: Wist Erling Weitemeyer <Erling-Weitemeyer.Wist@kd.dep.no>
Sent: 29. september 2015 09:08
To: post
Subject: Planer for utvikling og effektiv bruk av campus og bygg

Ifølge liste

Deres ref	Vår ref	Dato
	15/4469-	29.09.2015

Planer for utvikling og effektiv bruk av campus og bygg i universitets- og høyskolesektoren

Kunnskapsdepartementet viser til stortingsmeldingen om struktur i universitets- og høyskolesektoren og Stortingets innstilling til denne, jf. Meld. St. 18 (2014-2015) *Konsentrasjon for kvalitet – Strukturreform i universitets- og høyskolesektoren*. Stortinget sluttet seg til regjeringens mål for strukturreformen: utdanning og forskning av høy kvalitet, robuste fagmiljøer, god tilgang til utdanning og kompetanse over hele landet, regional utvikling, verdensledende fagmiljøer og effektiv ressursbruk.

En av forutsetningene for å nå disse målene er moderne og hensiktsmessige bygg og god infrastruktur. Dette ble også understreket i Meld. St. 7 (2014-2015) *Langtidsplan for forskning og høyere utdanning 2015-2024* og Innst. 137 S (2014-2015). Som en oppfølging av Langtidsplanen og rullering av denne, vil Kunnskapsdepartementet vurdere en plan for investeringer i større bygge- og vedlikeholdsprosjekter i universitets- og høyskolesektoren.

Bærekraftig campusutvikling og effektiv arealbruk

De fleste institusjonene er i prosesser med å utvikle og oppgradere bygg og infrastruktur og utvikle sine campus. I strukturmeldingen ble det påpekt at denne utviklingen skal støtte opp under institusjonenes faglige prioriteringer og målet om arbeidsdeling og faglig konsentrasjon. Det ble også fremhevet at Kunnskapsdepartementet vil ha økt oppmerksomhet om effektiv arealbruk og nytenkning i bruk av infrastruktur. Formålet er å sikre at campusutviklingen nasjonalt og ved den enkelte institusjon legger til grunn et bærekraftig og langsiktig perspektiv.

Campusutviklingsplaner

Et av tiltakene som ble vedtatt gjennom strukturmeldingen var at regjeringen vil be alle institusjoner som blir berørt av ny struktur, utarbeide planer for god og effektiv bruk av campus, bygg og utstyr i samsvar med institusjonens faglige prioriteringer. Kunnskapsdepartementet legger til grunn at alle institusjonene direkte eller indirekte berøres av de strukturelle endringene i sektoren. Departementet ber derfor om at alle statlige universiteter og høyskoler utarbeider overordnede planer for utvikling av bygningsmassen og effektiv bruk av eksisterende og nye campuser.

En overordnet plan må ligge til grunn for eventuelle større oppgraderings- og byggeprosjekter på den enkelte campus. Byggebehov som meldes inn til Kunnskapsdepartementet, skal relateres til institusjonens overordnede plan. Statsbygg vil kunne bistå institusjonene i et slikt planarbeid.

Arealeffektivitet

Effektiv bruk av arealer er et sentralt virkemiddel både i et klimaperspektiv og et samfunnsøkonomisk perspektiv. Effektiv utnyttelse og endring i eksisterende lokaler bør alltid vurderes som alternativ til nybygg.

Generelle krav til utredninger i bygge- og leiesaker

Departementet forutsetter at institusjonene, før innmelding av byggebehov til Kunnskapsdepartementet, har gjennomført nødvendige analyser og saksforberedelser i henhold til gjeldende regelverk. Det må fremgå av saksfremlegget hvilke utredninger og vurderinger institusjonen har gjort i forhold til dette regelverket. Vi viser til Instruks om håndtering av bygge- og leiesaker i statlig sivil sektor av 20. januar 2012 nr. 39 fra

Kommunal- og moderniseringsdepartementet, med endringer vedtatt 29. mai 2015. Vi viser også til Utredningsinstruksen og til reviderte retningslinjer for behandling av statlige byggeprosjekter der husleien dekkes innenfor gjeldende budsjettammer (kurantprosjekter), gjeldende fra 1. desember 2014. Instruksene kan hentes fra følgende lenker:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/instruks-bygge-leie/id670873/>

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/endringer-i-instruks-for-handtering-av-bygge--og-leiesaker-i-statlig-sivil-sektor-av-20.-januar-2012-nr-39/id2425018/>

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/utredningsinstruksen/id107582/>

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Retningslinjer-kurantprosjekter/id2340398/>

Instruksene stiller konkrete krav til forhold som skal være tatt hensyn til og utredet. Kunnskapsdepartementet vil særlig legge vekt på at det foreligger en god behovs- og funksjonsanalyse ved lokalanskaffelser. Videre er det viktig at det fremgår hvilke alternativer til foreslått løsning som er vurdert.

Kunnskapsdepartementet legger til grunn at innmeldte behov er behandlet i styret, eller det samorganiserte styret for institusjoner som er i ferd med å fusjonere, før de meldes inn til departementet.

Kunnskapsdepartementet ser fram til et fortsatt godt samarbeid med institusjonene om utvikling av gode og effektive campuser og bygg for høyere utdanning og forskning.

Med hilsen

Hedda Huseby (e.f.)
avdelingsdirektør

Erling W. Wist
spesialrådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer.

Kopi til:
Statsbygg
Statsbygg
Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Adresseliste

Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo	Postboks 6768 St. Olavs plass	0130	OSLO
Høgskolen i Bergen	Postboks 7030	5020	BERGEN
Høgskolen i Buskerud og Vestfold	Postboks 235	3603	KONGSBERG
Høgskolen i Gjøvik	Postboks 191	2802	GJØVIK
Høgskolen i Harstad	Havnegt. 5	9480	HARSTAD
Høgskolen i Hedmark	Postboks 400	2418	ELVERUM
Høgskolen i Lillehammer	Postboks 952	2604	LILLEHAMMER
Høgskolen i Molde vitenskapelig høgskole i logistikk	Postboks 2110	6402	MOLDE
Høgskolen i Narvik	Postboks 385	8505	NARVIK
Høgskolen i Nesna		8700	NESNA
Høgskolen i Nord-Trøndelag	Postboks 2501	7729	STEINKJER
Høgskolen i Oslo og Akershus	Postboks 4, St. Olavs plass	0130	OSLO
Høgskolen i Sogn og Fjordane	Postboks 133	6851	SOGNDAL
Høgskolen i Sør-Trøndelag	Høgskoleadministrasjonen	7004	TRONDHEIM
Høgskolen i Telemark	Postboks 203	3901	PORSGRUNN
Høgskolen i Volda	Postboks 500	6101	VOLDA
Høgskolen i Østfold		1757	HALDEN
Høgskolen i Ålesund	Serviceboks 17	6025	ÅLESUND
Høgskolen Stord/Haugesund	Postboks 1064	5407	STORD
Kunst- og designhøgskolen i Bergen	Strømgaten 1	5015	BERGEN
Kunsthøgskolen i Oslo	Postboks 6853 St Olavsplass	0130	OSLO
Norges Handelshøyskole	Helleveien 30	5045	BERGEN
Norges idrettshøgskole	Postboks 4014 Ullevål Stadion	0806	OSLO
Norges miljø- og biovitenskapelige universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Norges musikkhøgskole	Postboks 5190 Majorstua	0302	OSLO
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet		7491	TRONDHEIM
Samisk høgskole	Hánnoluohkká 45	9520	KAUTOKEINO
Universitetet i Agder	Serviceboks 422	4604	KRISTIANSAND S
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN
Universitetet i Nordland	Postboks 1490	8049	BODØ
Universitetet i Oslo	Postboks 1072 Blindern	0316	OSLO
Universitetet i Stavanger		4036	STAVANGER
Universitetet i Tromsø – Norges arktiske universitet		9019	TROMSØ

Strategisk arealplan VLH – tentativ disposisjon. (ARi - per 01.11.2016 - utkast)

1. Samandrag

2. Bakgrunn, mål og mandat – organisering (sjå Delrapport 1, meir?)

3. Overordna føringar og føresetnader (sjå Delrapport 1, meir?)

- NOU/Stortingsmeldingar
- KD, brev av 29. sept. 2015ⁱ
- Strategiske planar

4. Trendar og behov

- studentutviklingstall (sjå Delrapport 1, meir?)
- studenttal per tilsett (sjå Delrapport 1, meir?)
- studietildriv
- overgang mellom nivå – frå eitt til tre
- master og phd- studiar
- økonomiske konjunkturar
- fagtilbod
- regional/nasjonal/internasjonale rekruttering
- omstilling
- folkeauke – sentraliseringstrendar
- digitalisering
- kommunikasjonar
- forskning – intern-/eksternfinansiert

5. Nye arbeidsformer – visjonar for VHL – større variasjon

- ny pedagogikk i høgare utdanning – meir samarbeid – meir deling?
- nye eksamensformer - digitalisering
- delingsbasert/dialogbasert kultur/tverrfaglegheit
- brukarorientering
- fleksibilitet -kapasitetsutnytting
- eit papirfattig samfunn?
- framtidig arbeidssituasjon for studentar og tilsette
- Gjeldande retningslinjer for deling av kontor og arbeidsplassar – vidareutvikling

6. Status eksisterande bygningsmasse på campi VHL (kan utvidast med eitt kapitel for kvar av høgskolane)

Tentative parameter - sjå: Delrapport 1 for førebels realisering

- Kartlegging av agens bygningsmasse
- brutto/nettofaktor leiet areal
- samla bygningsmasse – m2
- spesifisert på bygning – byggeår osv. kort tekst om kvart bygg/evt. særlege tilhøve
- arbeidsareal (kontorarbeidsplassar og opne arbeidsplassar)
- undervisningsareal
- student -lokaler/-arbeidsplassar
- fellesområde – sosiale soner - fristasjonareal
- parkering/sykkelareal
- nettoareal
- totalt areal/areal per tilsett
- totalt areal/areal per student
- framskriving av behov – ulike alternativ
- påbegynte prosjekt med budsjettverknad frå 2017
- planlagde prosjekt – førebels utan budsjettverknad
- drifts-/forvaltningsmodellar - eigarskap

7. Kartlegging av mogleg arealauke

- eigen campus
- campusnære areal
- samarbeidsløysingar (andre aktørar – off.-/private)
- planar om arealauke (sjå delrapport 1)
- vedtak om arealauke (sjå delrapport 1)
- særskilte tilhøve – vern o.a. (sjå delrapport 1)
- studentarbeidsplassar – utforming og behov
- undervisningsareal
- innovasjon/forsking/E&V
- arbeidsplassar for tilsette og emeriti/alumni – utforming og behov

8. Kortsiktige versus langsiktige løysingar

9. Økonomiske føresetnader (sjå delrapport 1 for førebelse vurderingar)

- refleksjonar kring budsjett, total husleige i høve budsjett - berekraft
- m2 leiet i privat sektor
- m2 gamle bygg (uegnete areal)
- m2 nye arealer (egnet til vårt formål)
- total leiepris pr campus + fk(BAD kostnader) Ansatte totalt pr lokasjon (vekst)
EVO - hvor mye utgjør disse pr lokasjon- kan verksemd flyttast ut?

10. Konklusjonar - Masterplan og framtidig driftsmodell

- iverksetjing
- framtidig oppdatering

Vedlegg

ⁱ Planer for utvikling og effektiv bruk av campus og bygg i universitets- og høgskolesektoren

Interimsstyret for Høgskulen på Vestlandet

Møtedato: 24.11.2016

Sakshandsamar: Audun Kjørstad

Arkiv:

035/16 Revidert møteplan for våren 2017

Bakgrunn

Det er behov for eit ekstra styremøt i løpet av vårsemesteret for tilsetting av leiarar. Sekretær for styret fremjar med dette forslag om å legge møtet til fredag 31. mars, 10.00 til 14.00. Møteplanen for vårsemesteret vert då som følger:

- | | | |
|---------------------|-------------------------------|------------------|
| - Styremøte 01/2017 | torsdag 19.01.17, 10.00–15.00 | Sogn og Fjordane |
| - Styremøte 02/2017 | torsdag 16.02.17, 10.00–15.00 | Stord/Haugesund |
| - Styremøte 03/2017 | torsdag 09.03.17, 10.00–15.00 | Bergen |
| - Styremøte 04/2017 | fredag 31.03.17, 10.00–14.00 | Sogn og Fjordane |
| - Styremøte 05/2017 | torsdag 20.04.17, 10.00–15.00 | Stord/Haugesund |
| - Styremøte 06/2017 | torsdag 11.05.17, 10.00–15.00 | Bergen |
| - Styremøte 07/2017 | torsdag 15.06.17, 10.00–15.00 | Sogn og Fjordane |

Forslag til vedtak

Styret godkjenner revidert møteplan for våren 2017.